

Årsrapport 2009

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Innhold

Kapittel 1 - Om embetet	Side 4
Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer	Side 8
Kapittel 3 - Resultatområder	Side 12
Kongehuset	Side 12
Miljøverndepartementet	Side 12
Landbruks- og matdepartementet	Side 20
Kunnskapsdepartementet	Side 30
Barne- og likestillingsdepartementet	Side 39
Justis- og politidepartementet	Side 41
Kommunal- og regionaldepartementet	Side 45
Arbeids- og inkluderingsdepartementet	Side 49
Helse- og omsorgsdepartementet	Side 52
Statens Helsetilsyn	Side 66
Samferdselsdepartementet	Side 68
Utenriksdepartementet	Side 68
Kultur- og kirkedepartementet	Side 69
Fornyings- og administrasjonsdepartementet	Side 69

Dette året vart det sett strek for Forvaltningsreforma. I sum har den medført få endringar for Fylkesmannen sitt ansvarsområde. Oppgåver tilsvarende mindre enn eitt årsverk er overført fylkeskommunen. Dei har derimot fått ein kraftig vekst innan samferdsle, og overteke nokre politikkområde.

Eg har vore leiar av embetet i 15 år. Da eg tok til, hadde nett Christensen-utvalet lagt fram si innstilling om korleis det nye kommunekartet skulle sjå ut. Stort sett ser det like eins ut i dag.

I desse åra har det vore ein kontinuerleg debatt og utgreiing kring organisering av fylkesnivået. På slutten av 90-talet fekk vi to rapportar frå KS, medan Oppgåvefordelingsutvalet la fram si innstilling i 2000. Det resulterte i stortingsmeldingar både i 2000-2001 og i 2001-2002. I innstillinga frå utvalet, vart det m.a. gjort framlegg om at fylkeslegen og utdanningskontoret skulle integrerast i fylkesmannsembetet. Og slik vart det. Regjeringa Stoltenberg konkluderte i 2001 med at deler av miljøvern og landbruk skulle overførast til fylkeskommunane. Bondevik i 2002 kom til at dei ikkje skulle gjere det. Samstundes kom framlegget om forsøk med einskapsfylke. Vi utgreidde og drøfta, men det enda med at berre Møre og Romsdal starta opp. Dei avslutta forsøket ved utgangen av 2009.

I 2005 vart det ny regjering og ny statsråd. Kommunalministaren vart avbilda med stabelen av utgreiingar som hadde vore dei seinare åra. Det var tid for handling. Stortingsmelding nr 12 i 2006-2007 hadde både tankar om overføring av meir oppgåver til regionalt folkevalt nivå og prosessar kring fylkesinndelinga. Og igjen skulle landbruk og miljøvern flyttast frå Fylkesmannen til fylkeskommunen.

I vårt fylke hadde fylkeskommunen og Fylkesmannen ein grundig gjennomgang av sine samarbeidsrelasjonar da vi drøfta einskapsfylket. Vi analyserte stoda i fellesskap og kom til at vi hadde svært mange samarbeidsområde. Vi valde ikkje å gå vidare med forsøket. I staden bygde vi opp samarbeidet. Og – vi var samde om at dei sentrale debattane om inndeling og oppgåvedeling skulle førast på det nivået. Vi kunne gjerne vere usamde, men kampane skulle førast på andre arenaer.

Alle strukturar treng at ein går jamleg i gjennom dei. Samstundes bidrar slike gjennomgangar også til uro på arbeidsplassar. Det går med mykje tid, skifte av fokus og endring av prioriteringar. Store endringsframlegg nasjonalt krev ei god forankring. Dersom dei ikkje har det, kan slike prosessar bidra til både uvisse og konfliktar på det lokale planet. Det gjeld ikkje minst inn i organisasjonar som berre les om endringar som vedkjem deira arbeidsplass. I tillegg blir dyktige medarbeidarar usikre på om dei er på rett stad.

Men også organisasjonar som arbeidar tett saman, kan få ei kjensle av at dei blir sett opp mot kvarandre.

Eg er glad for å kunne slå fast at forholdet mellom fylkeskommunen og Fylkesmannen knapt har vore betre. Det tenar både administrasjon og folkevalde til ære.

Leikanger, 15. februar 2010

Oddvar Flæte

Kapittel 1 - Om embetet

1.1 Tilstanden i embetet og fylket – generelt

Profilering, kunnskapsdeling og ny strategiplan

Embetsprosjekta våre er utvalde satsingsområde på tvers av avdelingane. I 2009 gjennomførte vi tre slike prosjekt:

Profilering og rekruttering: Vi har utarbeidd presentasjonsmateriell om embetet til bruk på heimesida og rekrutteringsmesser, der vi møter potensielle kandidatar til ledige stillingar. Vi har gjennomført kurs for leiarar og tillitsvalde i rekrutterings- og tilsetjingsprosessen, og har utvikla nye malar for intervju og referanseinnhenting. For tida har vi ein nyutdanna jurist som trainee, ei ordning vi har gode erfaringar med. Vi har eit godt samarbeid med www.framtidsfylket.no om profilering av fylket og ledige stillingar.

Fornying av styringssystemet: Styringssystemet på intranettet er gjennomgått og revidert. Vi har utvikla ei ny prosedyre for kvalitetsforbetring, som er teken i bruk i verksemndsplanen for 2010. Vi har laga eit styringshjul som visualiserer sentrale planleggingsprosessar og arbeid med rapportering og dokumentasjon.

Kunnskapsdeling og digitale verktøy: Målet med prosjektet har vore å sikre og betre utnyttinga av samla kunnskap om kommunar, verksemdområde og institusjonar og å prøve ut Sharepoint som verktøy for kunnskapslagring og -deling. Vi har hatt løpende drøftingar og kulturutvikling rundt kva type informasjon som skal lagrast i ePhorte, og kva felles, ikkje-arkivverdig kunnskap som bør lagrast i felles system. Fleire avdelingar har etablert kommunelogg, der kommunikasjon med kommunar som ikkje skal lagrast i ePhorte vert loggført. Staben og IKT-seksjonen har positive erfaringar med Sharepoint. Endeleg avgjerd om korvidt dette systemet skal takast i bruk, vert teke etter at Plattformprosjektet til IKT-seksjonen er fullført 1.8.2010.

Vi har revidert strategiplanen vår, og har peika ut mål og strategiar for perioden 2010-2013. I 2009 hadde vi og ein gjennomgang av organisasjonen vår. Vi har vurdert om ulike avdelingsovergripande funksjonar er organiserte på ein rett måte, gått gjennom avdelingsstrukturen, og sett på tiltak for å betre samhandlinga mellom administrasjonen og fagavdelinga. Som ein følgje av gjennomgangen, er beredskapseininga frå 1.1.2010 flytta frå administrasjonsavdelinga til staben. Vi har valt å halde fram med å organisere oppgåver knytt til klima som eit avdelingsovergripande prosjekt, med beredskap som koordinator og deltaking frå miljøvernnavdelinga og landbruksavdelinga.

Forvaltningsreforma

Vi har hatt ein god dialog med fylkeskommunen om overføring av oppgåver i samband med forvaltningsreforma. I tillegg til drøftingsmøte på fagnivå, har vi felles leiarmøte annakvar månad der embetsleiinga møter fylkesrådmannen og fylkesordføraren. Vi har etablert samarbeidsavtalar for oppgåver knytt til delar av landbruks- og miljøvernombordet, og har i tillegg utforma ein overordna avtale for samhandling og samarbeid med fylkeskommunen.

Verneplanen for Breheimen - Mørkridsdalen

Breheimen nasjonalpark vart, som den første nasjonalparken etter ny naturmangfaldlov, vedteken av Kongen i statsråd 7. august 2009. Opninga vart markert i Luster, Lom og Skjåk 14.-15. august. Breheimen nasjonalpark, med dei tilgrensande landskapsvernombråda Mørkridsdalen og Vigdalen på vår side av fylkesgrensa, er den 32. nasjonalparken på fastlandet i Noreg.

Krevjande omstilling i landbruket

Det tradisjonelle småskala landbruket i fylket har til dels store utfordringar. Skogbruket hadde som elles i landet merkbart mindre hogst fordi byggebransjen stoppa opp i krisearåret. I jordbruket er det nedgang i tal gardsbruk og areal, men den samla produksjonen held seg nokolunde på same nivå. Samtidig har det småskala reiselivet greidd seg relativt godt i året som gjekk.

Elevar i landstoppen

Resultata frå eksamen i grunnskulen våren 2009 viser at elevane i Sogn og Fjordane held seg i landstoppen når det gjeld resultat både i engelsk, matematikk og norsk. I norsk sidemål er dei heilt i toppen med eit snitt på 3,7 der det nasjonale snittet er 3,3. I norsk hovudmål deler dei førsteplassen med tre andre fylke, medan dei i matematikk deler førsteplassen med elevar i Oslo og Akershus. I engelsk er snittet 3,7 mot landssnittet på 3,8. Ser ein på snittet av alle avsluttande karakterar, får elevane ein delt andreplass med Oslo. I nasjonale prøvar låg våre 8.

klassingar mellom dei tre beste i landet på alle prøvane.

Leiande på entreprenørskap i grunnopplæringa

Ein [forskningsrapport frå september 2009](#) syner at entreprenørskapsarbeidet i fylket har positiv effekt på elevane sitt skulearbeid, deira ønske om å busetje seg på heimpllassen, deira ønske om å ta høgare utdanning, deira ønske om å etablere bedrift – og etablere bedrifta i Sogn og Fjordane. Rapporten som byggjer på svar frå 1226 respondentar syner også at fylket ligg i tet nasjonalt på dei fleste område når det gjeld entreprenørskap i grunnopplæringa.

Kvalifiseringsprogrammet

I løpet av 2009 etablerte dei siste kommunane NAV-kontor. Det har vore eit år med stor aktivitet i kvalifiseringsprogrammet både frå Fylkesmannen, NAV fylke og NAV-kontora i kommunane.

Kvalifiseringsprogrammet hadde 143 deltakarar ved årsslutt, det vil seie nær måltalet på 147 deltakarar.

Færre Robek-kommunar

I 2009 var fire av dei 26 kommunane i fylket i Robek-registeret. Dette er det lågaste talet sidan Robek-registreringa starta i 2001. Frå 2009 vart inntektssystemet lagt om, noko som førte til at kommunane her i fylket samla sett kom betre ut enn landssnittet. I statsbudsjettet for 2009 vart det lagt opp til ein realvekst i frie inntekter på 3,3 %, medan tilsvarande tal for landet var 1,7 %. For kommunane i fylket vart veksten i skatteinntekter noko større enn landet. Saman med auke i rammetilskotet, ligg det an til at kommunane samla får meir i frie inntekter enn det som er budsjettert. I tillegg vart kostnadsveksten lågare enn først rekna med. Eit lågt rentenivå og ein betre verdipapirmarknad har bidrige positivt. Etter to svake år, vart det difor ei betring i kommuneøkonomien i 2009 om ein ser Sogn og Fjordane under eitt.

Ein liten auke i folketalet

Dei siste tre åra har Sogn og Fjordane hatt ein liten auke i folketalet. Men vi ligg framleis mykje under landsveksten, noko som for dei fleste kommunane inneber ei svakare utvikling av frie inntekter. Folketalet per 1. januar 2010 var 107 080 personar.

Status handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp

Styringsgruppa er etablert og desse er med: Hege Karin Johnson frå NHO, Bjørnar Karlsen frå KS, Siri Ringheim Heggenes frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, Geir Svendsen frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Innkjøpstenesta i Sogn og Fjordane fylkeskommune er vald som knutepunkt. Innkjøpjef Siri Ringheim Heggenes er prosjektleiar for arbeidet. Det er laga ein prosjektplan for heile prosjektperioden og ein aktivitetsplan for 2010. All informasjon vert lagt ut på heimesidene til Fylkesmannen.

1.2 Rapportering på ressursbruk

1.2.1 Embetet som helhet

1.2 Rapportering på ressursbruk

Økonomiske forhold hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i 2009:

Embetet si tildeling i 2009 over kap. post 1510.01 var på kr 61.002.000,- inkl. kompensasjon for lønsoppgjeret og landsdekkande oppgåver som Trippelnett, Fri rettshjelp og elektronisk årsrapport. I tillegg fekk vi overført overskot i frå 2008 på kr 2.680.000,-.

Embetet fekk inn refusjon for sjuke- og foreldrepengar på totalt kr 1.040.925,- og inntekter frå teknisk divisjon og Trippelnett på kr 1.109.380,-

Sum tildeling og refusjon over kap. post 1510.01 var på kr 65.832.305,-. Av dette vart kr 66.416.399,- nytta til ordinær drift. Embetet hadde difor eit overforbruk på kr. 584.094,- i 2009. Overforbruket skuldast at embetet gjennomførte ein del investeringar i samband med bygningars, kontorutstyr og IKT-utstyr i 2009.

Embetet finansierer ein del av si ordinære drift gjennom inntekter frå andre etatar samt løns-, reise- og overheadrefusjon frå prosjektmidlar. Dette utgjer ca kr 20 millionar eller 26 % av den ordinære drifta.

Samla inntekter for den ordinære drifta inkl. landsdekkande oppgåver i embetet var i 2009 på kr 83.428.133,-.

Embetet inntektsførte i 2009 prosjektmidlar i frå FAD (EDU-prosjektet), DIFI (rekrutterings- og kompetansenettverket), andre statlege etatar (finansiering av IKT-utvikling), midlar på BLD (HP universell utforming) og midlar i frå DN (framande skadelege artar). Totalt hadde embetet eit mindreforbruk på kr 2.968.659,- i samband med desse midlane. Midlane vil bli nytta til nemnte tiltak i 2010.

Departement

	FMSF	Sum	
	1510 Fagdep. 1510 Fagdep.		
Kongehuset	11	11	0
Miljøverndepartementet	711	164	711
Landbruks- og matdepartementet	906		906
Kunnskapsdepartementet	217	100	217
Barne- og likestillingsdepartementet	85	0	85
Justis- og politidepartementet	214	0	214
Kommunal- og regionaldepartementet	265		265
Arbeids- og inkluderingsdepartementet	51	102	51
Helse- og omsorgsdepartementet	197	97	197
Statens Helsetilsyn	91	26	91
Samferdselsdepartementet	2		2
Utenriksdepartementet	1		1
Kultur- og kirkedepartementet	11		11
Fornyings- og administrasjonsdepartementet		45	0
Administrasjon	1143		1143
Embetsledelse	90		90
Sum:	3995	534	3995
			534

1.2.2 Det administrative området

Område

	FMSF	Sum	
	1510 Fagdep. 1510 Fagdep.		
Embetsledelse (FM og ass. FM)	90	90	0
Administrativ ledelse (adm sjef el. tilsvarende)	45	45	0
Arkiv	215		215
Regnskap og lønn	137		137
Personal	75		75
IKT	87		87
Informasjon	48		48
Ekspedisjon/forværelse	61		61
Statens hus (vaktmester, kantinge, sentralbord, renhold mm)	158		158
Landsdekkende oppgaver på administrativt område	317		317
Sum:	1233	0	1233
			0

1.3 Andre forhold

Innkjøp

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er medlem av innkjøpstenesta til Sogn og Fjordane fylkeskommune på område som IKT, møblar, reinhaldsartikar, kontorreksjona, teletjenster og leasingbilar.

I 2009 har vi hatt ute anbod på kantinetjenester, kjølemaskiner og ulike rådgjevingstjenester.

Status handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp Styringsgruppa er etablert og desse er med: Prosjektleiar Hege Karin Johnson frå NHO, juridisk rådgjevar Bjørnar Karlsen frå KS, innkjøpssjef Siri Ringheim Heggenes frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, IKT sjef Geir Svendsen frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Innkjøpstenesta i Sogn og Fjordane fylkeskommune er vald som knutepunkt. Innkjøpssjef Siri Ringheim

Heggene er prosjektleiar for arbeidet. Det er laga ein [prosjektplan](#) for heile prosjektperioden og ein [aktivitetsplan](#) for 2010. All informasjon vert lagt ut på heimesidene til Fylkesmannen, fylkeskommunen sine nettsider og NHO sine sider.

Miljøtiltak

I 2009 har vi arbeidd for å verte sertifisert i høve Miljøfyrtårn. Mellom anna har vi auka graden av kjeldesortering sidan vi har innført ny avfallsordning i Statens hus. Vi stettar no krava i høve Miljøfyrtårn. På Enøk-området har vi installert sensorar i fellesrom og på kontor for å redusere straumforbruket. Vi held fram med dobbelsidig utskrift.

Vi vart sertifisert som Miljøfyrtårnbedrift i februar 2010.

Vi har delteke i eit prosjekt der målet har vore å få på plass ein pendlarbuss mellom Luster, Sogndal og Leikanger. Det er mange pendlarar i begge retningar på desse strekningane.

To gongar i året registrerer vi korleis våre tilsette reiser til og frå jobb. Vi har og lagt tilrette for kompiskøyring.

Brukarundersøkingar

Vi har ikkje gjennomført brukarundersøkingar i 2009.

Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer

2.1 Generelle samordningsoppgåver. Fornyng av offentleg sektor

Fylkesmannen har i 2009 lagt vekt på å samordne fagområde og oppgåver der dette har vore naudsynt. Vi har spesielt hatt fokus på klima, samfunnstryggleik og beredskap, kommunal planlegging og rekrutteringstiltak.

Vi mål om å gjennomføre dialogmøte med alle dei 26 kommunane i fylket i løpet av ein valperiode. I 2009 gjennomførte vi fem slike kommunebesøk.

Fornyng og omstilling har vore eit prioritert område i 2009. Vi har informert om prosjekt som er tildelt skjønnsmidlar til fornyng via heimesida og i konferansar og møte med kommunane. Det vart løyvd midlar til 18 fornyingsprosjekt i 2009. Dei fleste prosjekta er samarbeid mellom fleire kommunar, og vi har fleire prosjekt der alle kommunane i fylket deltek; plan- og temadata for Sogn og Fjordane, digitalt skulesamarbeid og fylkesdekkande IT-tenester for helse i Sogn og Fjordane.

Vi har hatt eit godt samarbeid med fylkeskommunen om avtalar knytt til overføring av oppgåver i samband med forvaltningsreforma. Vi har felles leiarmøte med fylkesordførar og fylkesrådmann annakvar månad. Embetsleiringa hadde to drøftingsmøte med leiinga og sekretariatet i KS i 2009. KS har teke initiativ til eit samarbeid med Fylkesmannen om ein tilstandsanalyse for utvalde tenesteområde i kommunane. Dette samarbeidet vert vidareført i 2010.

Vi har hatt fleire møte på leiarnivå med NAV i 2009. Embetsleiringa deltek i NAV fylkesforum, og leiinga i helse-, sosial- og justisavdelinga har hatt møte med leiinga i NAV om planlegging av kompetansetiltak og leiarsamlingar for NAV-kontora.

Vi gjennomførte eitt møte med leiarane for dei regionale statsetatane i september, der tema ma. var den nye leiarplattforma i staten.

I samband med pandemihandteringen har det vore hyppig kontakt mellom etatane i fylkesberedskapsrådet, og samarbeidet har fungert godt.

Vi har ei intern tilsynsgruppe der alle avdelingane er representert. Føremålet med gruppa er å samordne Fylkesmannen sine tilsyn, kommunebesøk og forvaltningskontrollar mot kommunane og å samordne Fylkesmannen sine tilsyn med andre tilsynsetatar. Tilsynsgruppa har minimum eit møte per halvår. Vi legg ut tilsynskalender og oversikt over møte og konferansar spesielt retta mot kommunar på nettsida vår. Ein gong per halvår sender vi brev til alle kommunar med oversyn over tilsyn, forvaltningskontrollar, rettleiingsmøte og andre møte med kommunane, med kopi til Mattilsynet og Arbeidstilsynet.

2.2 Velferd, helse og personleg tenesteyting

Fylkesmannen har utført oppgåver på dette området i samsvar med embetsoppdraget. Korleis oppgåvene er utført er nærmere skildra under rapporteringa på dei ulike resultatområda.

Dei kompetansemessige, personellmessige og demografiske utfordringane som ligg i Omsorgsplan 2015 og Samhandlingsreforma er formidla på fleire måtar til aktuelle målgrupper. Fylkesmannen har fått gode tilbakemeldingar på bruk av dialogmøte som arbeidsform, der nokre kommunar samlast for drøfting og erfaringsdeling knytt til problemstillingane som Omsorgsplan 2015 reiser.

Samhandling er og teke opp på ulike måtar. Innanfor helsetenesta er det kommunane og helseføretaka som har ansvaret for samhandlinga. Helseføretaka får sine styringssignal i eigarlina frå Helse- og omsorgsdepartementet, og fylkesmannen si rolle er heilt marginal. Slik er det ikkje i høve kommunane. Når kommunane og helseføretaka etablerer formelle samhandlingsorgan, får Fylkesmannen fort ein vanskeleg rolleposisjon.

2.3 Oppvekst, barnehagar, utdanning og likestilling

Oppvekst

Fylkesmannen har gjennomført pålagte tilsyn og andre oppgåver i høve barnevernet. Fem kommunar er følgd særskilt opp på grunn av manglande tilsyn med fosterheimar, manglande tiltaksplanar og brot på tidsfrister.

Barnehagar og utdanning

Kommunane i fylket kan tilby barnehageplass til alle barn som oppfyller retten til plass og Fylkesmannen er i dialog med kommunane om kravet til å oppretthalde tilbodet om full barnehagedekning.

Fylkesmannen har ført tilsyn etter barnehagelova § 9 andre ledd med fire kommunar. Tema for tilsynet var kommunane sitt tilsyn med barnehagane, kommunen som godkjenningsmynde og kommunen si handtering av regelverket om styrar og pedagogisk bemanning, pedagognorm, dispensasjonar og organisering av styrarressursen. Fylkesmannen avdekte fire avvik og gav ein merknad. Meldefrist for retting er respektert.

Fylkesmannen si oppfølgjing av barnehagelova og rammeplanen for barnehagane blir ivaretaken gjennom ulike former for informasjon, møte, rettleiing og på Fylkemannen sine nettsider. Fylkesmannen i samarbeid med KS, høgskulen og utdanningsforbundet arrangerer årleg ein barnehagekonferanse for alle barnehagetilsette. Kommunane har i det vesentlege tilrettelagt sitt kompetanseutviklingsarbeid regionvis i fire regionar. Fylkesmannen følgjer nøye opp arbeidet.

På utdanningsområdet vart 31 % av tilgjengelege ressursar på resultatområde 31 og 32 nytta til tilsyn. Dette er ein auke på 5,7 % i høve 2008. Felles nasjonalt tilsyn vart gjennomført etter planen, og ein valde same tema/opplegg for dei tilsyna som vart gjennomførte hausten 2009, dvs. §§ 13-10 og 8-2. Avvika syner at manglar ved kommunen sitt delegasjonsreglement er gjennomgåande. Val av tilsynsobjekt vart gjort på grunnlag av risikovuidering.

Fylkesmannen saman med KS organiserer fire årlege møte i samarbeidsorganet "Forum for skule- og barnehageutvikling" og tre samlingar for kommuneansvarlige på skule- og barnehageområdet. Partnarskapet i Forum (KS, kommunane, fylkeskommunen, utdanningsforbundet, høgskulen og Fylkesmannen) arrangerer tre årlege konferansar for skuleigarar, skuleleiarar, barnehagestyrarar og for barnehagetilsette.

Fokus i alt dette arbeidet er korleis ein skal få ein kvalitativ god og effektiv innføring av Kunnskapsløftet, der ein får god koordinering både horisontalt og vertikalt i utdanningssystemet, barnehage inkludert. Det vert og lagt vekt på bruk av resultata frå nasjonale prøver og elevundersøkinga. Slike resultat er og presentert for ordførarane og rådmennene.

Sogn og Fjordane fylke har i 2009 hatt dispensasjon frå den statlege satsinga på vidareutdanning av lærarar. Skuleigarane er godt nøgd med denne dispensasjonsordninga.

Likestilling

Likestillingsperspektivet står sentralt i arbeidet med kompetanseutvikling og rekruttering. Fylkesmannen er i samarbeid med høgskulen om m.a. rekruttering av mannlege studentar til lærar- og forskulelærarutdanninga. I sensureringsarbeidet knytt til eksamen i grunnskulen strebar Fylkesmannen etter å ha kjønnsbalanse i sensorkorpset. Oppmannsgruppa er likt fordelt mellom kvinner og menn.

2.4 Arealdisponering og byggjesaker

Arealsaker:

Fylkesmannen formidlar aktivt nasjonal arealpolitikk og nyttar motsegner og klager mot dei mest alvorlege tilfella. Dei fleste konflikttema vert avklart gjennom synfaring og eventuelt mekling.

Fylkesmannen har i 2009 gjeve fråsegn til om lag 600 kommunale plan- og dispensasjonssaker. Det vart nytta motsegn til 22 planutkast. Det vart ikkje sendt saker vidare til avgjerd i Miljøverndepartementet i 2009. Vi har påklaa fire dispensasjonssaker, dei fleste av desse gjeld dispensasjonsvedtak frå byggje- og deleforbodet i 100-metersbeltet. Vi fekk medhald i alle sakene som vart ferdighandsama av setjefylkesmann i 2009.

Vi fokuserer også på å formidle gode planprinsipp på kommunesamlingar og i samband med kommunebesøk. Dei rikspolitiske retningslinene vert aktivt nytta ved formidling av nasjonal arealpolitikk, likeeins miljødata som i stor

grad er allment tilgjengelege over Internett (Miljøstatus, Fylkesatlas og fylkesmannen.no). Vidare brukar vi fylkesplanen sine signal og retningsliner aktivt når vi gjer innspel til plan- og dispensasjonssakene.

Omsynet til å sikre ei arealforvaltning som gir trygge og robuste lokalsamfunn, har vore ei prioritert oppgåve.

Mange kommunar er framleis for lite medvitne om at omsyn til risiko og sårbarheit må vere ein grunnleggjande premiss for alt arealplanarbeidet. På grunn av manglende synleggjering av risiko- og sårbarheitsvurderingar, har vi aktivt nytta motsegn mot både kommuneplanar og reguleringsplanar. Slike motsegner vert avklart ved at kommunen gjennomfører naudsynte risiko- og sårbarheitsvurderingar.

Fylkesmannen er aktiv deltakar i Planforum. Dette er ein nyttig møteplass for kommunar med planutkast, fylkeskommunen og regionale sektorstyresmakter. Fylkesmannen deltek også i Kystsonenettverket. Skjerpa fokus på strandsonevernet, ikkje minst gjennom ny plan- og bygningslov, har ført til at dette er tema i eit aukande tal byggjesaker vi har som setjefylkesmann for Fylkesmannen i Hordaland.

I samarbeid med fylkeskommunen arrangerte vi i 2009 kurs for kommunane om den nye plan- og bygningslova.

Ved årsskiftet 2009/2010 starta vi i lag med KS og fylkeskommunen opp eit prosjekt for å kartlegge plankompetansen i kommunane i fylket.

Byggjesaker:

Fylkesmannen registrerer eit relativt stort kompetansebehov i kommunane. Vi brukar vesentlege ressursar på rettleiing på plan- og bygningsretten sitt område, og har inntrykk av at den generelle kommunale kompetansen på området varierer mykje frå kommune til kommune. Enkelte kommunar slit med å rekruttere og halde på nok kompetente medarbeidarar til å handsame byggeskakene på god nok måte.

2.5 Landbruksbasert forvaltning og næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern

Landbruksbasert forvaltning og næringsutvikling:

Vi har ein eigen strategi for landbruksbasert næringsutvikling, basert på den nasjonale strategien "Ta landet i bruk". BU-strategien blir justert kvart år i samarbeid med faglaga i landbruket, fylkeskommunen, Innovasjon Norge og kommunane. Samarbeidet mellom desse er godt.

Vi har i samarbeid med to kommunar (Luster og Gloppen) hatt eigne prosjekt på utvikling av tilbod på omsorgstenester etter konseptet "Inn på tunet". I fylket er det pr i dag større tilbod på slike tenester enn det finst kjøpekraftig etterspurnad, så kommunane har ei nøkkelrolle i den vidare utviklinga.

Forvaltningskontrollen av kommunane sitt arbeid på landbruksområdet syner at dei stort sett gjer godt arbeid. Men der finst nokre område med krevjande regelverk eller mangelfull oppfølging, til dømes på tema driftsfellesskap og kravet til og bruken av miljøplanane. Dette vil vi følgje opp i kontrollplanen for komande år.

Skogbruket hadde eit vanskeleg år i 2009 på grunn av finanskrisen og periodevis stopp i byggjebransjen. Skogindustrien stoppa periodevis mottak av tømmer og hogsten vart om lag halvert til ca 30 000 m³. På slutten av året ser marknaden likevel lysare ut. Det er auka interesse for bioenergi, hovudsakleg små gardsanlegg, men også nokre større fjernvarmeanlegg. Prisane på energi og tilgang på flisvirke vil vere avgjerdande for den vidare utviklinga.

Vi reviderte regionalt miljøprogram hausten 2008/våren 2009 og følgde opp dei signala som vart gjeve om å spisse ordningane inn mot prioriterte område, og fekk programmet godkjent i Statens landbruksforvaltning. Generelle beiteordningar vart tona ned medan beitestøtte i spesielt verdifulle områda vart prioritert.

Sogn og Fjordane og Hordaland vart utpeikt som økologisk føregangsfylke i frukt og bær, og prosjektet vart organisert i desember. Vi ser dette i samanheng med satsinga på frukt, bær og reiseliv og det generelle utviklingsarbeidet innan hagebruket. Pr i dag er det berre 3 - 4 % økologisk hagebruksareal, men det finst om lag like mykje areal som er under omlegging til økologisk dyrking.

Naturressursforvaltning og miljøvern:

Sommaren 2009 vart det siste store verneområdet her i fylket oppretta, Breheimen nasjonalpark, med tilhøyrande Mørkridsdalen og Vigdalen landskapsvernombord. Under verneplanprosessen vart det lagt vekt på både bruk og vern i og ved desse eineståande naturområda, mellom anna gjennom eit godt samarbeid mellom landbruks- og miljøvernforvaltninga og lokalsamfunna. Dette vil vi følgje opp dei komande åra.

Det er gjort ekstra innsats i 2009 for å ivareta naturmangfaldet i fylket. Ved hjelp av ekstramidlar er det utarbeidd og vedteke 12 forvaltningsplanar for sjøfuglreservat. Det er starta opp arbeid med forvaltningsplanar for fleire sjøfuglreservat og marine våtmarksområde. Vidare er det starta opp arbeidet med forvaltningsplanar for Breheimenområdet og landskapsvernombord Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen.

I 2009 er det gjort ekstra innsats på tiltak mot framande artar. I første omgang er det fjerna platanlønn og gran i Flostranda naturreservat (edellauvskog) og fjerna gran og andre framande treslag i sjøfuglreservat på kysten.

Fylkesmannen har bidrige til to prosjekt innanfor "Naturarven som verdiskapar", der vi innan det eine prosjektet ("Kystarven") har ansvar for eit delprosjekt.

Alle kommunane har gjennomført første generasjons naturtypekartlegging, og resultata er tilgjengelege for Fylkesmannen og andre brukarar. Andre generasjons kartlegging er gjennomført i tre kommunar.

Fylkesmannen har delteke aktivt i arbeidet med fylkesdelplanar for vindkraft og for vasskraft (småkraft).

2.6 Samfunnstryggleik og beredskap

Fylkesmannen har vore tungt involvert i arbeidet med handteringen av det nye influensaviruset A(H1N1). To av dei viktigaste oppgåvene har vore å halde sentrale styresmakter oppdatert om situasjonen i fylket, og å bidra til å formidle informasjon til kommunane. På grunn av arbeidet med handteringen av pandemien valde vi å utsetje kommuneøvingane i 2009. Pandemien har uansett vore ei god øving i krisehandtering for både kommunane og Fylkesmannen.

Rettleiing og kontroll i arealplansaker er ei dominerande arbeidsoppgåve ved beredskapseininga. Det er framleis for mange arealplanar der det ikkje vert synleggjort godt nok korleis omsynet til risiko og sårbarheit er tenkt ivareteke. Vi har difor gått til motsegn mot mange planar i løpet av året.

Klimatilpassing er ei viktig del av arbeidet med samfunnstryggleik. Vi har delteke aktivt med leiar og sekretariatshjelp i utviklinga av ein NOU om klimatilpassing. Arbeidet med NOUen har vore ei tung oppgåve, og vi deltek i det 3-årige internasjonale prosjektet "Clim-ATIC". Vår oppgåve i prosjektet er å demonstrere korleis det kan etablerast eit moderne og kostnadseffektivt system for varsling av publikum, t.d. ved klimarelaterte hendingar.

Den auka vektlegginga av klimaspørsmål kjem òg til uttrykk i oppfølginga av kommunane si arealplanlegging. Det er etablert som fast rutine at vi i tilbakemeldinga til kommunane ved varsel om oppstart av ein planprosess, ber om at klimaendringar inngår som vurderingstema i ROS-analysane. I fleire av sakene der vi har nytta motsegn har manglande omsyn til klimaendringar vore ein del av grunnlaget for motsegna.

Vi gjennomførte i 2009 rettleiingsmøte med sju kommunar. I samband med desse vidareførte vi samarbeidet med DSB, Mattilsynet og politiet. Desse samarbeida har vore nyttige for både kommunane, tilsynsorgana og oss.

Kapittel 3 - Resultatområder

Kongehuset

00.1 Kongelige besøk

Sogn og Fjordane hadde to kongelege besøk i 2009.

- H. M. Dronning Sonja var til stades under premieren av operaen ”Carmen” i Operahuset Nordfjord, onsdag 7. oktober. Besøket strekte seg over to dagar. Den 8. oktober deltok dronninga på delar av Opera Norge-konferansen.
- H.M. Kong Harald stod for den offisielle opninga av rv. 5 Støylsnestunnelen i Jølster kommune 2. november.

Vi var også i gang med førebuingar til eit kongeleg besøk under Førdefestivalen, men besøket vart avlyst då H.M. Dronning Sonja måtte melde avbod grunna ein operasjon.

00.2 Tildeling av ordener og medaljer

Vi har vidareformidla 13 søknader om Kongens fortjenestmedalje i 2009 (alle sølv). Av desse sakene er 12 medaljar overlevert i 2009, dei andre vil bli overleverte i 2010.

Ressursrapportering

Resultatområde	FMSF	Sum	
1510 Fagdep. 1510 Fagdep.			
Resultatområde 00.1 og 00.2	11	11	0
Sum:	11	11	0

Miljøverndepartementet

Resultatområde 01 Naturen mangfold og friluftsliv

01.1 Bærekraftig bruk og beskyttelse av leveområder

Fylkesvise verneplaner:

Edellauvskogplanen: Gjennomført kunngjering og informasjon om vernevedtaket, oppfølging av grunneigarar, og bidrege til førebuing av erstatningssaker og skjøtselstiltak.

Barskogsområda Krakksfjellet og Engevik i Solund: Gjennomgang av innkomne uttalar etter lokal og sentral høyring er ikkje gjort. (måtte leggast til side på grunn av arbeidet med Breheimen og andre høgt prioriterte arbeidsoppgåver).

Utvila skogvern:

Drægnismorki i Luster er gjort klar for vedtak. Dei andre frivilligvern-områda ventar på Skogeigarlaget sine prosessar med partane. Ingen OFV-skog er aktuell for vern i Sogn og Fjordane. Truleg eitt område som peikar seg ut for Statskog-vern, men det er ikkje gjort noko for å førebu vernesak (av arronderingsgrunnar bør det truleg kombinerast med frivillig vern av privat grannegrund).

Nasjonalparkar og større verneområde:

Ålfotbreen landskapsvernombordet og Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet vart oppretta ved Kgl. res. av 9.1.2009 med påfølgjande lokale informasjonsmøte i Gloppen, Naustdal og Jølster. Vernevedtak, forskrifter og kart er utsende. Offisiell opning av begge områda 19.7 etter lokalt initiativ. Informasjonsskilt er laga for Ålfotbreen og Naustdal-Gjengedal. Arbeidet med forvaltningsplanar for områda blei sett i gang hausten 2009 (innleid konsulent) og referansegrupper oppretta.

Breheimen nasjonalpark med tilgrensande verneområda (i Sogn og Fjordane: Vigdalen landskapsvenrområde og Mørkridsdalen landskapsvernombordet) vart oppretta ved Kgl. res. 7. 8. 2009, og med offisiell opning 14.-15.8. Vernevedtak, forskrifter og kart er utsendt. Brosjyre og informasjonsplakat var ferdig til opninga. Melding om oppstart av arbeid med forvaltningsplan er sendt ut, basert på skisse til forvaltningsplan som følgde vernevedtaket. Møte i referansegruppe om forvaltningsplanen er gjennomført.

Med vernevedtak for Breheimen nasjonalpark (NP) med tilhøyrande landskapsvernombordet (LVO), og landskapsvernombordet Ålfotbreen og Naustdal-Gjengedal er Nasjonalparkplanen sluttført i Sogn og Fjordane.

Jotunheimen NP og Utladalen LVO: Arbeidet med revisjon av nye forskrifter har teke lengre tid enn planlagt. Fylkesmennene gav si siste tilråding til DN om verneforskriftene etter møte i referansegruppa i september 2009. Saka ligg ved årskiftet 2009-2010 i DN. Arbeidet med forvaltningsplanen er ajour, men må avvnte vedtak av dei nye verneforskriftene.

Nærøyfjorden (verdsarvområde og ulike verneområde): Her er vi ajour, og litt i framkant med at arbeidet med ein skjøtselsplan for høgdegarden Nedbergo er sett i gang.

Marint vern:

Sogn og Fjordane er ikkje blant dei fylka som har sett i gang arbeidet i 2009.

Forvalting og naturoppsyn i verna område:

Nasjonalparkar og andre større verneområde: Velfungerande bestillingsdialog med SNO, og gjennomføring av tiltak i samarbeid med SNO og andre involverte. Møte i rådgivande utval har vore gjennomført som planlagt: Jotunheimen og Utladalen, Nærøyfjorden, Jostedalsbreen, Stølsheimen. Årsmelding 2008 for Jostedalsbreen nasjonalpark er sendt ut, medan Årsmeldinga 2008 for Jotunheimen NP og Utladalen LVO er forseinka. Det har vore mange saker, og få saker har ført til konflikt/klage. Forvaltninga/sakshandsaminga er ajour.

Mindre verneområde: Velfungerande bestillingsdialog med SNO, der tiltak i verneområde i Luster (som har kommunal forvaltning) inngår på lik line. Vi har ikkje lukkast i å få rapporteringsskjema frå Luster kommune, og oppfølging av kommunen som forvaltingsstypesmakt har lidd noko under kapasitetsproblem (både i kommunen og hjå Fylkesmannen). Oversikt over verneområde som er truga er oppdatert, og oversikta ligg til grunn for prioritering av både forvaltningsplanar og tiltak. Det er vedteke forvaltningsplanar for nokre av dei mest truga reservata, og gjort miljøfaglege undersøkingar (som grunnlag for trugsmålverdieringar og forvaltningsplan) for andre. Mykje innsats gjort på fjerning av framande treslag der trugsmåla er størst (tiltaksmidlar). Fjerning av framande treslag og anna skog/kratt er gjennomført i nesten alle relevante sjøfuglreservat i samarbeid med SNO, men noko oppryddingsarbeid står igjen. Grensemerking ligg noko på etterskot, dels pga kapasitet, dels pga uklare/dårlege grenser i nokre eldre verneområde. Fylkesmannen har bidrige til to prosjekt innanfor "Naturarven som verdiskapar", der vi innan det eine prosjektet (Kystarven) har ansvar for eit delprosjekt m/prosjektkonto.

Forvaltningsplan for 12 naturreservat (sjøfuglreservat) vart sendt på høyring og vedtekne i 2009.

Kartlegging og overvaking av biologisk mangfold:

Alle kommunar har gjennomført første generasjons naturtypekartlegging, og resultata er digitaliserte og tilgjengelege for Fylkesmannen og andre brukarar. Men for to kommunar manglar kvalitetssikring og innsending til Naturbasen (Fjaler og Hyllestad), og andregenerasjonskartlegginga i Flora kommune (2007) er heller ikkje lagt inn.

Andregenerasjonskartlegging av prioriterte naturtypar er i 2009 gjennomført i Stryn og Luster, resultata blir

levert frå konsulent våren 2010. Stryn har også på eige initiativ gjennomført viltkartlegging, og vi har fått resultata til kvalitetssikring (desember 2009).

Kvalitetssikring av viltdata i Naturbasen er gjennomført.

Arbeidet med oppdatering av oversikt over inngrepsfrie naturområde (INON) er i rute.

Av kapasitetsgrunnar er ikkje tilstanden i prioriterte elvedelta gjennomgått og oppdatert.

Ivaretaking av viktige areal for biologisk mangfald:

Stadfesta informasjon om biologisk mangfald blir lagt til grunn i all behandling av kommuneplanar og andre planar og tiltak som vi får til gjennomsyn. Vi har rutinar for utsjekking av prioriterte naturtypar og raudlisteartar.

Fylkesmannen deltek i arbeidet med utarbeiding av fylkesdelplan for vindkraft og fylkesdelplan for småkraft, som begge nærmar seg ferdigstilling.

Vi har gitt uttale til konsesjonssøknad og KU for vindkraftverka Setenesfjellet, Okla og Lutelandet, og uttale til melding for vindkraftverka Ulvegreina og Ytre Sula, og gitt innspel til tematisk konfliktvurdering.

Sogn og Fjordane har ein høvesvis stor del av vasskraftutbyggingane i Noreg, og mykje ressursar går med til lopande sakshandsaming på dette feltet. Vi vurderte i overkant av 30 meldingar og søknader om vasskraftutbygging i 2009. Det er noko nedgang frå 2008, særleg på dei mindre kraftverka. Dette skuldast truleg at saker vert lagt på vent pga forventingar om "grønne sertifikat" og därleg nettkapasitet. Av dei sakene vi handsama i 2009 vart det rådd i frå utbygging av Åseelva (Gauld kommune) og Øvre- og Nedre Bergselvi (Luster kommune). Det vart også føresett planendringar for ein del saker.

Motorferdsel i utmark:

Det vart gjennomført kommuneundersøking med motorferdsel i utmark som tema i to kommunar i 2009. Vi har elles liten innsats på dette området.

Fastsetje øvingsområde for snøscooter ved forskrift:

I samarbeid med oss fastesette Fylkesmannen i Hordaland 23.11.2009 forskrift for eit øvingsområde for snøscooter i Holbygda i Voss kommune. Dette øvingsområdet er felles for Hordaland og Sogn og Fjordane.

Kulturlandskap:

Vi har bidrøye til skjøtselsplanlegging i to "utvalde kulturlandskap". Generelt er det ei utfordring å sikre naudsynt skjøtsel av A- og B-område, og det manglar rapporteringsrutinar som kunne gje informasjon om i kva grad tilskotsordningane treffer desse områda.

01.2 Bærekraftig bruk og beskyttelse av arter, bestander og genressurser

Generell viltforvalting og tilskotsforvalting - vilt:

Gjennomført i høve til embetsoppdraget. Som i fjar er det auka fokus på arealbruk relatert til villrein. Elektronisk søkeradssenter fungerer godt, utfordringa er å få søkerane til å ta systemet i bruk. For rovvilterstatninga 2009 var det berre vel 10 % som sendte inn elektronisk. Vi vil ha auka fokus på dette i 2010.

Forvalting av hjortevilt:

Vi rapporterte i 2009 om ny fellingsrekord for hjort i 2008, 11 280 dyr. Vi gjennomførte ei enkel høyring på utviding av hjortejakta, og ut frå denne blei jakta i 2009 utvida til 23.12 i 24 kommunar og til 30.11 i to kommunar. Resultatet er ikkje kjent pr i dag (og fagområdet er dessutan overført til fylkeskommunen). Dei to villreinnemndene i fylket, med felles sekretariat ved Aurland Naturverkstad, nyttar hjorteviltregisteret.

Rovviltforvalting:

2009 blei eit år med mykje jerveskade, spesielt i Leikanger kommune. SNO tok ut til saman 11 jerv i 2009 som reduserte skadeomfanget i Luster og Årdal. Vi ser at det også i 2010 er trong for å redusere jerveaktiviteten dersom vi skal følge opp målsettinga om å vere område prioritert for beitebruk. Også aktivitet og skade av gaupe blir registrert fleire stader i fylket. Vi har stor nytte av tildelinga frå rovviltnemnda til førebyggande og

konfliktdempande tiltak. Vi har eit godt samarbeid internt, med andre etater og med næringa. Det er stor aktivitet og interesse kring rovviltsforvaltninga i næringa, spesielt i indre Sogn. Vi har såleis valt å ha nær kontakt med organisasjonane og ressurspersonar i dette området.

Vi mottok 125 søknader om erstatning for rovviltskade og utbetalte 1.817.909,- i erstatning til 111 søkerar. Totalt erstatta vi 934 sau/lam.

Forvalting av truga artar:

Fylkesmannen har gjennom prosjekta for kartlegging av biologisk mangfold og via Artsdatabasen aukande oversyn over førekommst av raudlista artar i fylket, og har for enkelte artsgrupper god oversikt. Pågangen etter slike data er tidvis stor, særleg i samband med småkraftutbygging og andre arealinngrep.

Vi har ikkje vore involvert i utarbeiding av handlingsplanar for truga artar.

Forvalting av anadrom laksefisk og innlandsfisk

- Vi har bistått DN i planlegging og oppfølging av bestandsovervåking for anadrome laksefisk, spesielt lokalstyrte prosjekt knytt til programmet for overvaking av nasjonale laksevassdrag og laksefjordar. Overvaking med fisketeljar i Gularvassdraget held fram. Vi har formidla lokal søknad om fisketeljar i Osfossen i Gaula, og tiltaket har også i år fått tilskot frå DN.
- Vi har bistått og rettleia SNO og politiet med planlegging av eit mest mulig effektivt og målretta lakseoppsyn. I møte med SNO blei det sett nærmare på mogleg feil skilting/manglande skilting av munningsområda. Saka vil bli følgd opp med kvalitetssikring av oppsetting av skilt.
- Midtvegsrapportering og førebels rapport frå årets laksefiske er sendt til DN 25.8.
- Forslag til overvakingsprogram for ev. pålegg til regulant for Jølstra er sendt DN i juli 09. Vi har delteke på møte med regulantar der m.a. DN har vore representert for Aurlandsvassdraget, Nærøydalselvi, Vikja, Jostedøla og Høyangervassdraget.
- Vi har delteke på alle møta i fagrådet i Lærdal. Gyrobehandling i Lærdalsvassdraget i 2009; Vi har delteke både i styringsgruppe og plangruppa for behandling av Lærdalsvassdraget. Fylkesmannen deltok under heile behandlinga med minst ein person. Vi har som tidlegare år samla inn lakseungar frå overvakingsvassdraga i fylket på oppdrag frå ViO.
- Kategorisering av alle laks- og sjøaurevassdrag er gjennomført.
- Revidert forskrift om regulering av fiske etter laks og sjøaure i vassdrag i Sogn og Fjordane er sendt på høyring pr 04.12.09. I forkant av dette er møte med Samarbeidsutvalet for laks og sjøaure samt møte med lag og organisasjonar halde.
- Årleg oversikt over måloppnåing i alle lokale kalkingsprosjekt blir sendt vinter 2010.
- Vi har følgt opp vasskvalitetsmålingar i fullkalka vassdrag. Revidert kalkingsplan blir utarbeida for det fullkalka Flekke- Guddalsvassdraget. Det vert planlagt fullkalking av Høyangervassdraget, revidert kalkingsplan er under utarbeiding.
- Utvalte innsjøar er prøvefiska – sju innsjøar i 2009.
- Rapport frå årlege prøvefiske blir sendt kommunar, lag og organisasjonar. Overvakingsrapportar blir lagt ut på Miljøstatus.
- Lakselus/rømt oppdrettsfisk: Det blir samla inn skjel frå sportsfiske i alle vassdrag for å sjå på mengde rømt oppdrettsfisk. Analysene blir gjennomført av Rådgivande Biologar. Det er generelt eit urovekkande høgt tal rømt oppdrettsfisk, og i einskilde vassdrag eit svært høgt tal rømd oppdrettsfisk. Utfisking av rømt oppdrettsfisk kan vere eit aktuelt tiltak i dei verst stilte vassdrag. T.d. er det gjennom sportsfiske i Vikja påvist næra 60 % rømt oppdrettsfisk dei to siste åra.

01.3 Fremmede arter og GMOer

Tiltaksplan for fylket er under utarbeiding. Fjerning av framande artar, då i hovudsak platanlønn, gran, sitkagran, buskfuru og bergfuru er gjennomført, eller er under arbeid i eitt barskogsreservat, eitt edellauvskogsreservat, eitt våtmarksreservat og i åtte sjøfuglreservat. Dette arbeidet vert gjort i nært samarbeid med SNO.

Kanadagås og mink vert registrert ved dei årlege teljingane i sjøfuglreservata (Fylkesmannen og SNO).

Informasjon om framande artar og Svartelista er lagt ut på Miljøstatus. Det er informert om framande artar på nettsida vår og i media.

01.4 Friluftsliv

Ferdselshinder i strandsona: Vi fokuserte særleg på friluftslova på heimesida vår på bakgrunn av resultata frå kommuneundersøkinga i 2008. Vidare har vi informert om DN si ordning med juridisk hjelp.

Vi deltek i **kystsonenettverket for Vestlandet**. Strandsona er elles sentralt tema i rettleiing og plan- og sakshandsaming, jf. resutaltområde 06.

Fylkeskontakten for forum for friluftsliv i skulen, er knytt opp til ressursgruppa for fysisk aktivitet under folkehelsearbeidet i fylket.

Betre miljø i byar i tettstader/markaområde: Dette er berre aktuelt for eit par kommunar i fylket. Førde og Flora har plankart/temakart for markagrense/grønstruktur.

Kartlegging/verdivurdering av grøntstrukturen: Dette har ikkje vore prioritert utover innspel om å ivareta grønstruktur i plansaker.

Kartlegging/verdsetjing av friluftsområde: Dette har ikkje vore prioritert utover innspel om å ivareta grønstruktur i plansaker.

Forvaltningsplanar friluftsområde: Vi manglar friluftsråd i fylket, men det er utarbeidd enkle planar for einskilde område av enkeltkommunar. Vi vonar at fylkeskommunen i samarbeid med aktuelle kommunar kan ta tak i dette no når fylkeskommunen har fått auka ansvar innan friluftsliv.

Resultatområde 02 Bevaring av kulturminner

02.3 Kulturmiljø

Dette resultatområdet er uaktuelt for Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Resultatområde 03 Rent hav og vann og giftfritt samfunn

03.1 Helhetlig hav- og vannforvaltning

Vassforskrifta/forvaltningsplan og tiltaksplan: Fylkesmannen har bidrige til høyringsutkast for regional forvaltningsplan og tiltaksprogram og delteke på møte i VRU der planen vart handsama. Lokal høyringskonferanse med framlegging av forvaltningsplan og tiltaksprogram har blitt halde for vassområde Stryn juni 2009.

Vi har gitt innspill til inndeling av vassområde for Sogn og Fjordane til Fylkesmannen i Hordaland/VRM for Vestlandet med siste justering i 2009. Forslag til vassområdeinndeling blei sendt på høyring og førebels handsama på VRU-møte i desember 2009.

Vassforskrifta/overvaking: Tiltaksovervaking i Stryn held fram i 2009, overvaking av elvar (vasskjemi, begroing, botndyr) og sjø er /blir rapportert i 2009/2010. Fylkeskommunen, Statens vegvesen, Stryn kommune og Nordfjord hamn har bidrige med midlar til overvaking i 2008/2009. NVE og Stryn kommune har gitt bidrag til overvaking i vassområde Stryn som vil bli gjennomført i 2010. Statens vegvesen har satt søknaden om bidrag til overvaking på vent, medan Sogn og Fjordane fylkeskommune har gitt avslag på søknaden om bidrag til tiltaksovervaking i vassområde Stryn. Kontrakt om overvaking i vassområde Stryn i 2010 er inngått med Rådgivende Biologar as.

03.2 Overgjødsling og nedslamming

Kommuneundersøking avløp: Det er i 2009 gjennomført undersøking av to kommunar med omsyn på kommunal avløpsmyndighet. Rapportering vil skje i januar 2010.

Avløpsanlegg: Av fire kontrollerte kommunar i 2008 er tre særskilt følgt opp med omsyn på akkreditert prøvetaking. Desse tre kommunane har inngått avtale med driftsassistansen (DIVHA) om prøvetaking. Driftsassistansen har pr 31.12.2009 sendt søknad om akkreditering. Tre kommunar oppfylte ikkje reinsekrava innan fristen 31.12.2008. To av desse vil ha nye avløpsanlegg i drift i løpet av 2010. Ein kommune (Flora) har særlege utfordringar, og ei avgjerd med omsyn til foreslått endring av § 11-3 k) i forskrifta vil ha avgjerande innverknad på oppfølginga.

Akvakultur: Aukande mengde søknader på grunn av endring av ansvarstilhøve mellom Fiskeridirektoratet og fylkeskommunen etter forvaltingsreforma 1.1.2010. Har frå før noko etterslep på gamle saker.

Skipsverft: Eit verft har fått utsett frist til 31.12.2010 med gjennomføring av miljøkartlegginga. Vi har motteke rapportar frå dei tre andre verfta. To verft har fått tilbakemelding om at rapportane er i samsvar med pålegget. Eit verft har fått pålegg om supplerande undersøkingar. Statusrapport er sendt til Klif (SFT) 23.11.2009.

03.3 Oljeforurensning

Fylkesmannen har oversikt over viktige naturressursar som er sårbare for oljeforureining, og kan på kort varsel gje råd om prioritering og lokalisering av innsats til Kystdirektoratet og lokale IUA. Men arbeidet med ferdigstilling av MOB-sjø er ikkje gjennomført pga. kapasitetsproblem.

Det blei ikkje registrert større utslepp av olje eller andre akutte forureiningsepisodar til sjøs i 2009.

Arbeidet med kartlegging av risikoutsette miljøressursar på land (MOB-land) er ikkje påbegynt, på grunn av manglande kapasitet/ressursar til arbeidet.

03.4 Miljøgifter

Grunnureining: Sogn og Fjordane har ingen lokalitetar der det er konkludert med behov for fysiske tiltak etter grunnureiningsprosjektet.

To lokalitetar er under vurdering for arealbruksendring. Ein lokalitet vert avslutta med delvis opprydding (fjerning av avfall og redisponering av ureina masse), og ein lokalitet vert avslutta med sikringstiltak i toppen før endra arealbruk.

03.5 Avfall og gjenvinning

Avfall frå skip: Vi har innhenta avfallsplan frå Høyanger hamn.

Byggjeavfall: Spørjeskjema vart sendt til alle 26 kommunane i fylket. Resultat er rapportert i førebels årsrapport.

Deponi: Tre av fem deponi for kommunalt avfall har opphøyd i juli. To deponi har fått mellombels unntak frå deponiforbodet til 31.3.2010. Eit anlegg driv for inert avfall.

Kontrollaksjon deponi: Vi har delteke i kontrollaksjon avfall og kontrollert tre deponi.

Kontrollaksjon forbrenningsanlegg: Vi har delteke i kontrollaksjon og kontrollert eit forbrenningsanlegg for avfall.

Resultatområde 04 Et stabilt klima og ren luft

04.1 Klimaendringer

Fylkesmannen har eit godt samarbeid internt i embetet innan klimaområdet. Også i 2009 har vi hatt eit felles avdelingsprosjekt innan klimarelaterete oppgåver med fylkesmiljøvernssjef som prosjektansvarleg og beredskapseininga stilte med prosjektleiar. Vi har vidareført det etablerte samarbeidet mellom Fylkesmannen, KS og fylkeskommunen innan klimaområdet. Fylkesmannen har spesielt hatt ansvaret for å leggje til rette for kommunal kompetanseutvikling. Det vart planlagt ein eigen klimadag for kommunane. Av praktiske grunnar vart denne samlinga flytta til februar 2010.

I samarbeid med fylkeskommunen har vi kartlagt kunnskapsbehovet i kommunane.

Vi deltek elles i oppfølginga av den vedtekne fylkesdelplanen for klima.

Ressurspersonar på embetet blir brukt ein del i nasjonale prosjekt/foredrag og arbeidsgrupper.

04.4 Lokal luftkvalitet og støy

Støy: ingen spesiell aktivitet i 2009.

Resultatområde 05 Internasjonalt miljøsamarbeid og miljø i nord- og polarområdene

05.1 Miljøsamarbeid i internasjonale miljøfora, herunder EUs miljøsamarbeid og UNEP

Vi har delteke i kjerngruppa i IMPEL-prosjektet "Comparison program for landfill inspection and monitoring". Prosjektet er venta avslutta i 2010.

05.2 Geografisk rettet miljøsamarbeid, herunder miljøbistand

Ingen medarbeidrarar hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har vore nytta i miljøbistandssamarbeid i 2009.

05.3 Miljøsamarbeid i nord- og polarområdene

Dette er lite aktuelt for Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Resultatområde 06 Planlegging for en bærekraftig utvikling

06.1 Ansvar for at nasjonal politikk formidles og ivaretas

Fylkesmannen deltek i planforum og formidlar/ivaretokk elles nasjonal politikk gjennom løpende rettleiing og handsaming av plansaker. Totalt kom det inn 611 plan- og dispensasjonssaker i 2009 (inkludert restansar frå året før), mot 580 i 2008. Det har såleis vore ein auke i talet på saker.

Vi har i 2009 fremja motsegn mot 22 planar (når det gjeld arealdelen til kommuneplanen er det ofte fleire motsegner mot ein og same plan), og påklaga fire dispensasjonssaker. Bakgrunnen for motsegnene er i hovudsak arealbruk i konflikt med strandvern, vasdragsvern, naturmangfold og manglande/mangelfull ROS-analyse. Halvparten av klagane var knytt til frådeling i strandsona.

Ingen motsegnssaker er vidaresende til MD i 2009. Vi har fått medhald i dei klagesakene som til no er handsama av setjfylkesmann.

I samarbeid med fylkeskommunen arangerte vi i mai ei todagars plansamling om ny plandel i plan- og bygningslova, med svært god deltaking frå kommunane.

Vi deltek i arbeidet med fylkesdelplanar for vindkraft og småkraft.

Fylkesmannen kommenterer alle kommuneplanar og minner om at universell utforming skal ivaretakast. Sameleis skal helsekompetanse trekkjast tidleg inn i planlegginga, for få helsekonsekvensar inn som eit obligatorisk og sjølvstendig vurderingstema i alt overordna planarbeid.

06.2 Fylkesmannen som styringsmessig bindeledd og rettssikkerhetsgarantist

Fylkesmannen har aktivt bidratt med innspel til kommunale planar. Sjå elles under 06.1.

Fylkesmannen fekk inn 19 klagesaker på reguleringsplanar og handsama 16 saker i løpet av året. Alle planvedtaka vart stadfestat.

Det er gjennomført tre meklingar av motsegn til reguleringsplan eller arealdelen i kommuneplan. Motsegnene har retta seg mot landbruksomsyn, landskapsvern/strandsone/verdsarv og trafikktryggleiksforhold.

Vi har auka fokus på ulovleg bygging, spesielt i strandsona, men ser at oppfølging av slike saker krev mykje innsats. Det vart gjennomført lovlegkontroll av ei dispensasjonssak i strandsona.

Det har vore stor auke i talet på saker som setjefylkesmann for Fylkesmannen i Hordaland.

06.3 Samordning av statlige interesser

Fylkesmannen har eit nært samarbeid med andre regionale statsetatarar. Det er likevel noko utfordrande pga at mange av statsetatane har anna geografisk inndeling enn etter fylkesgrensene. Tilhøvet til fylkesplanlegginga er ofte tema når Fylkesmannen har møte med dei andre statsetatane.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ikkje vore regional vassregionstyresmakt.

06.4 Kart og geodata

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har i 2009 vore representert i FAD sitt fagutval for kart/GIS, og i temadataforumet i Norge digitalt.

Vi har starta utvikling av Lakseregisteret for DN som skal innehalde ulike modular. I 2009 vart det gjennomført forprosjekt og utvikla kategoriseringsmodul. Sjøfangstregisteret vert drifta av embetet for DN, og inneheld eiga kartloysing.

Fylkesmannen har delteke i Plan- og temadataprosjektet gjennom Norge digitalt for Sogn og Fjordane saman med Statens kartverk. Det er gjennomført åtte kommunebesøk i 2009 og eitt SOSI-kurs for kommunane med spesiell fokus på arealplan.

I tillegg har vi lagt ut tema på embetet sitt kartprogram, www.fylkesatlas.no som er eit samarbeid med fylkeskommunen.

Miljøvernnavdelinga og landbruksavdelinga har eigne GIS-ansvarlege, men arbeidskapasiteten er liten særleg på miljøvernnavdelinga, fordi GIS-arbeidet blir gjort av 2-3 saksbehandlarar som berre har dette som ein liten del av dei samla arbeidsoppgåvene. Det har ikkje vore mogleg å prioritere GIS-arbeidet på grunn av stor saksmengde og mange nye, høgt prioriterte oppgåver.

Vi er berre delvis i stand til å følgje opp krava i embetsoppdraget når det gjeld produksjon, kvalitetssikring, vedlikehald og ajourhald av geodata etter SOSI-standarden. Dette skuldast avgrensa kapasitet når det gjeld bruk av programvaren FYSAK (ein person, som i hovudsak er saksbehandlar for andre sakstypar) og generelt lite høve til å setje av nødvendig tid til teknisk og særleg naturfagleg kvalitetssikring av eigenskapsdata.

På andre felt, m.a. tilgjengeleggjering av miljøinformasjon til kommunar og andre, klarer vi stort sett å følgje opp dei førespurnadane som kjem inn relativt raskt.

Resultatområde 07 Tverrgående virkemidler og oppgaver

07.2 Kunnskapsoppbygging og miljøinformasjon

Forurensing: Vi har gjennomført oppdrag i samsvar med fristar. Eitt skytebaneløyve er ikkje lagt inn, pga at ansvarleg er ikkje registrert i Brønnøysund. Flora kommune er omfatta av kap 14 mht avløpsløyve, men ligg ikkje inne per no – pga at løyvesaka ikkje er ferdig.

Miljøstatus: Vi har vidareutvikla og oppdatert all informasjon i Miljøstatus, og fekk i mars tredjepllassen i kåringa av beste Miljøstatus-sider blant fylkesmennene. Vi har og arbeidd for å gjere Miljøstatus betre kjend hos viktige målgrupper gjennom marknadsføring av nettstaden. Lokalmedia og andre gir tilbakemeldingar om at Miljøstatus i Sogn og Fjordane er svært nyttig informasjonskjelde. Vi har innarbeidde rutiner for årlege oppdateringar i tillegg til at viktige endringar vert gjort fortløpande.

Fylkesmannen.no: På miljøvernombordet har vi hatt totalt 160 oppslag på heimesidene i 2009. Dette er monaleg meir enn andre fagområde på embetet. Oppslaga gjenspeglar aktiviteten som er på dei ulike fagområda på miljøvern. Lokalmedia har ofte artiklar med bakgrunn i miljøvernoppsslaga.

Skjønnsmidlar: Det er ikkje brukt miljøkriterium som grunnlag for fordelinga av skjønnsmidlar i 2009.

07.3 Virkemidler og prosesser

Tilsyn med verksemder - Vi har delteke på fire landsdekkande og ein regional aksjon – totalt 44 kontrollar. Eigeninitiert: gjennomført fire revisjonar og ni inspeksjonar, noko mindre enn planlagt grunna ressurssituasjonen i tilsynsgruppa. Vi har prioritert deltaking i aksjonar. I tillegg har vi gjennomført oppfølgjande brevkontroll av alle kommunane mht. utfasing av PCB, alle kommunar melder no at dei har skifta ut all PCB-armatur både ute og inne.

Kommuneundersøkinga vart gjennomført i desember i dei to kommunane Eid og Sogndal. Fylkesmiljøversjefen deltok på heile undersøkinga. Rapportane vert sendt kommunane (med kopi til Klif og DN) på nyåret.

Anmeldelser - Ingen anmeldelser i 2009.

Fastsetjing av løyve - vi har fastsett 27 nye og sju endra løyve i 2009. I tillegg fekk to akvakultursøknader avslag.

Status IPPC - ved utgangen av 2009 er fem bedrifter og to avfallsdeponi i fylket omfatta av IPPC-direktivet. Alle har oppdaterte utsleppsløyve i samsvar med direktivet. Det må gjerast ei ny vurdering av om lakseslakteria i fylket blir omfatta av IPPC-direktivet, då fleire har varsle planar om utvidingar.

Ressursrapportering

Resultatområde	FMSF	Sum	
1510 Fagdep. 1510 Fagdep.			
Resultatområde 01	209	135	209 135
Resultatområde 02	0	0	0 0
Resultatområde 03	80	80	80 0
Resultatområde 04	3	3	3 0
Resultatområde 05	2	2	2 2
Resultatområde 06	135	135	135 0
Resultatområde 07	282	27	282 27
Sum:	711	164	711 164

Landbruks- og matdepartementet

Resultatområde 21 Landbruksbasert næringsutvikling

Landbruk står ifølgje SSB for omlag 6 % av sysselsettinga her i fylket, og det skjer ei stadig strukturendring ved at det blir færre og større bruk. Det er viktig å ha eit brei tilnærming i arbeidet med nærings- og bygdeutvikling, der målsettinga er å erstatte dei arbeidsplassane som går ut av den tradisjonelle landbruksproduksjonen med nye og framtidsretta arbeidsplassar.

21.1 Jordbruk

Utfordringane i fylket

Vi har ein småskala bruksstruktur med mindre areal og dyr per bruk enn dei fleste andre fylke, og dette gjer oss sårbar. Dei siste års jordbruksoppgjer har prioritert gras- og husdyrproduksjon, noko som passar jordbruket på Vestlandet. Men i følgje granskingane frå Norsk institutt for landbruksøkonomisk forsking, ligg driftsøkonomien på Vestlandet likevel ca kr 20 000,- per årsverk lågare enn resten av landet. Dei peiker samtidig på at årsaka er mindre produksjonseiningar. Det synest altså vere eit landbrukspolitisk dilemma mellom å halde oppe tal sjølvstendige gardsbruk/foretak og å betre driftsøkonomien.

Kumjølk

Sogn og Fjordane har store utfordringar knytt til å halde oppe dagens produksjon av mjølk og storfekjøt. Vi har eit eige prosjekt som arbeider med økonomisk rådgjeving til bønder som vurderer nybygg og påbygg. NILF skal no gjere ei evaluering av konkrete utbyggingar som har skjedd dei siste åra. Kvoteteige og tak på BU-midlar gjer at fleire byggjer på eksisterande båsfjøs og får ein betydeleg produksjonsauke på eige bruk. Innovasjon Norge finansierte 32 prosjekt med mjølkekyr i 2009 mot 18 året før. Sjølv om tal mjølkekyr per bruk går opp, aukar framleis avstanden til resten av landet. Vi har no 14,4 kyr per bruk mot 20,5 i landet. Auken frå 2008 var 0,3 i Sogn og Fjordane mot 0,7 i landet. Tal mjølkebruk gjekk ned med 64 siste året. Det totale mjølkekolumet er på same nivå som i 2008. Sogn og Fjordane har minste gjennomsnittskvoten i landet - og den er på 76 956 kg (Kjelde SLF).

Den vidare utviklinga i mjølkeproduksjonen er viktig for både primærlandbruket og foredlingsindustrien her i fylket. Vi er kome godt i gang med fornying av driftsbygningane, men det er stor uvisse kring rekruttering av yngre bønder og spørsmålet om dei små bruka vil halde fram med mjølk etter generasjonsskifte. Skal vi klare å halde det totale mjølkekolumet på om lag same nivå er ordninga med fylkesvise grenser for omsetting og leige av mjølkekoter eit viktig verkemiddelfor å sikre mjølkeproduksjonen i fylket.

Sau

Vi har store utfordringar med å halde oppe sauetalet og med det halde kulturlandskapet i hevd. Vi har småskala drift innan denne produksjonen. Sauen har alltid vore eit "attåtdyr" og slik er det framleis. Den store nedgangen i sauetalet ser no ut til å vere stoppa, og tal sau og lam på beite var ca. 202 000 i 2009, ein auke på 6900 frå året før. For 10 år sidan var det over 230 000 sau og lam på beite. Sauen er eit svært viktig beitedyr for kulturlandskapet, spesielt i utmarka.

Betre rammevilkår, auka prisar og eit svært godt beiteår i 2008 er noko av forklaringa på auken. Vi har eit eige prosjekt som går på stimulering og mobilisering innan sauhaldet. Dette medverkar til at utviklinga med bygging av nye sauefjøs held fram. Innovasjon Norge finansierte 16 driftsbygningar i 2009 og 11 i 2008. Middels buskapsstorlek er no 55,8 vinterfora sau mot 71,5 i landet.

Hagebruk

Innafor hagebruket vert det satsa friskt på morellar og bringebær, spesielt til konsum, og i løpet av 2009 vart vi saman med Hordaland peikt ut som pilotfylke for økologisk frukt og bær. Hagebruket i Sogn og Fjordane omsette for 100 mill i 2009. Gjennom "Programstyret for frukt og bær" vert det arbeidd aktivt for å auke verdiskapinga og utvikle næringa. Dette arbeidet gjev no resultat med konsumproduksjon av morellar og bringebær både til innlandsmarknad og eksport. Av landsproduksjonen har vi no 80 % av bringebæra og 30 % av morellane. Saman med TINE er det etablert produksjon av bringebærjus og det vert arbeidd med utvikling av pærejus. Vi er kome godt i gang med satsinga på plomme og har frå 2010 fått status som føregangs fylke for økologisk frukt og bær. 2009 var til dels eit vanskeleg år på grunn av fuktig ettersommar og haust.

Endra klima gjev nye utfordringa

Både bønder og forskarar ser at klimaendringa alt er kome. Det er varmare og våtare. På vestlandet var det i 2009 nok ein rekordtidleg vår. Forsommartørke og ein våt haust gjev nye utfordringar for grasprodusentane. For frukt- og bærprodusentane gjev meir nedbør større utfordringar med sopp, og sommarstorm krev andre dekkesystem. Fylkesmannen arbeider saman med forskingsmiljøa for å finne måtar å tilpasse seg desse endringane.

Beitebruk og tapsstatistikk

Det er ein liten auke i tap av sau og lam på utmarksbeite i 2009 i høve til 2008. Tapstala er lågast i Indre Sogn; Aurland, Lærdal og Årdal. Tapstala er høgast i Leikanger som har hatt jerv i beiteområdet, men også Fjaler, Vågsøy, Selje og Eid hadde høge tap. Årdal som i 2008 hadde store tap pga rovdyr, er no av ein av kommunane ned lågast tap etter at det vart teke ut 11 jervar sist vinter.

Dei aller fleste sauehaldarane i fylket deltek i organisert beitebruk gjennom 126 beitelag, og dette dekker over 90 % av sau og lam. Gjennomsnittlege tapstal for sau og lam på beite var i 2009 på 5,8 %, i 2008 var tapet på 5,2 %. Lam er meir utsett og 7,6 % av lamma og 2,9 % av sauene gjekk tapt på beite. Dette er likevel godt under landsgjennomsnittet, men vi arbeider vidare med å betre beitebruken og redusere tapstala.

Vi har ikkje midlar til rovviltskompensasjon. Miljøvernavdelinga har midlar til førebyggande tiltak mot rovviltskap, og bruken av desse drøftar vi internt.

Erfaringane med nye veterinærordninga i kommunane

Vi har fordelt vakttilskot etter oppsett frå SLF. Vi fordele stimuleringstilskot etter søknad til åtte vaktdistrikt i 2009. Fylkesramma var på kr 600.000, og tilskota varierte frå kr 40.000 til kr 180.000, omsøkt beløp var på kr 1 755 000. Søknadene omfatta i alt 19 av dei 26 kommunane våre. Dei resterande 7 har avstandstilhøve og dyretettleik som gjer at dei er lite aktuelle for ordninga. Det meste av tiltaka i søkerne handla om drift. I enkelte tilfelle var tiltaka meir spesifiserte i form av reiseutjamning, rekruttering og husleigesubsidiering. Kommunane syntest å vera nøgde med tildelinga, og legg vekt på at eit stimuleringstilskot er viktig for å sikre nødvendig veterinærteneste. Vi mottok ingen merknader i etterkant.

Tapsstatistikk sau på utmarksbeite

Embeter	Antall sau sluppet (innen organisert beitebruk)		% tilslutning til org. beitebruk i fylket	Tapsprosent		Total tapsprosent	
	Sau	Lam		Sau	Lam	2008	2007
FMSF	70628	109938	93,3	2,91	7,6	5,77	5,16
Sum	70628	109938	0	0	0	0	

21.2 Skogbruk

Den største utfordringa for skogbruket i fylket er at vi er eit småbruksfylke med mange plantefelt som framleis er i yngste laget til å hauste. I Indre Sogn har vi relativt store skogareal med furu, men hogsten er låg. Dette har mellom anna med at det er få lokale kjøparar av virke, og det er difor viktig å arbeide for å få etablert fleire og lønsame verksemder for vidareforedling av tømmer. Erfaringar frå Møre viser at fleire mindre sagbruk med furu som råstoff driv med tildels svært god lønsemd. Finanskrisa gjorde at hogsten vart redusert til omlag 33 000 m³ mot 50 000 m³ i eit normalår, ein reduksjon på 34 %. Det har vore og er framleis ein vanskeleg situasjon for næringa. Entreprenørane har vorte prioriterte med oppdrag, likevel vel den største skogsentrepreneurane i fylket å trappe ned verksemda ved årsskiftet. Skogeigarlaget sin aktivitet er viktig både for å halde hjula i gang i det tradisjonelle skogbruket og for betre utnytting av andre utmarksressursar. Næringa har vore oppteken av betre utnytting av jaktressursen, hovudsakleg hjort, og mellom anna arbeidd for bedre organisering, tilrettelegging og marknadsføring gjennom eigne prosjekt med tema hjortemerking og utmarksbasert næringsutvikling. Gjennom Skogeigarlaget har næringa også jobba med å fremje reiseliv og opplevelingsturisme.

Fylkeskommunen har støtta skogbruket, mellom anna med ekstra pengar til skogsvegar i perioden 2006 - 2009, og engasjement for kystsogbruket. Våren 2009 vart det arrangert ein skogdag for fylkestinget med synfaring i eit plantefelt med tilhøyrande orientering om hogstmaskiner, taubanedrift og miljøspørsmål. Prosjektsamarbeid og nettverk innan kystsogbruket har gitt skogbruket generelt større merksemd, og fylkeskommunen har også vore med å støtte ei større utgreiing av kai- og terminalplassering for heile kystsogbruket.

Det vart løyvd 5,5 millionar kr i statstilskot til nye skogsvegprosjekt i fylket i 2009. Det er ferdigstilt 6,1 km bilveg og 13,6 km traktorvegar. Mot slutten av året vart det sett i gong arbeid med hovudplanar for skogsvegar i kommunane. Planane vil vere til stor hjelp ved prioritering av tilskot og i kva område skogstyresmaktene skal rette innsatsen i dei kommande åra.

Tilplanta areal hadde ei svak nedgang. Plantetalet i 2008 var omlag 230 000, medan same tal i 2009 var på 206 000. Framleis blir berre omlag halvparten av hogstarealet aktivt tilplanta med ny skog. Noko av arealet går ut grunna bruksending. Fylkesmannen har saman med kommunane tatt tak i utfordringane knytt til manglande forynging og vil jobbe vidare med det også komande år. Vi gir råd til kommunane om vegbygging, forvaltninga av miljø- og næringsmidlane til skogbruk går greitt, likeeins skogfondordninga. Det er gjennomført resultatkontroll for skogbruk og miljø.

21.3 Bygde- og næringsutvikling

Samarbeid på fylkesnivå

Vi samarbeider godt med fylkeskommunen, Innovasjon Norge, kommunane og faglaga i landbruket. Vi deltek i oppfølging av fylkesplanen i programstyre (*Entreprenørskap og Opplevingsnæringer*), vi har møte med regionalavdelinga i fylkeskommunen, og dei deltek i styringsgruppa i nokre av våre utviklingsprosjekt. Vi har god kontakt med Innovasjon Norge, både i utforminga av BU-strategien, i enkelte felles prosjekt og i handtering av enkeltsaker i grenseland mellom det som er tilrettelegging (FM sitt ansvar) og bedriftsretta (IN sitt ansvar). Kommunane er på alle område førstelinje i nærings- og bygdeutvikling, og det er fylkeskommunen som har hovudansvar for å følgje dei opp. Dette skjer ved kurs og direkte kontakt med enkeltkommunar, og vi deltek også i dette saman med Innovasjon Norge. Kommunane er også representert i styret av enkelte av våre utviklingsprosjekt på fylkesnivå.

Bruken av BU-midlane

Vår regionale BU-strategi har same satsingsområde som den nasjonale strategien *Ta landet i bruk*. I 2009 fekk vi tildelt 31,445 millionar kroner i tilskotmidlar. Av desse vart 6,21 millionar kroner brukt til generell tilrettelegging for nærings- og bygdeutvikling, forvalta av Fylkesmannen. Innovasjon Norge forvaltar midlar til bedriftsretta tiltak som ved hovudtildelinga var 25,235 millionar kroner i tilskot og 63 millionar kroner til lån med rentestøtte. Som tiltak mot finanskrisa fekk vi ei ekstraløyving i bedriftsretta midlar på 12 millionar kroner i tilskot og 25,2 millionar kroner til lån med rentestøtte.

Tilretteleggingsmidlane som Fylkesmannen forvaltar vart fordelt slik på satsingsområda:

Småsamfunnsutvikling: 1,055 millionar kroner

Matproduksjon: 1,677 millionar kroner

Økologisk matproduksjon og matforbruk: 0,06 millionar kroner

Trevirke, bioenergi og andre utmarksnæringer: 0,993 millionar kroner

Reiseliv og opplevingsproduksjon: 1,739 millionar kroner

Inn på tunet: 0,559 millionar kroner

Andre tiltak: 0,124 millionar kroner

Kommunen som førstelinje på nærings- og bygdeutvikling

Som nemnt er det fylkeskommunen som har teke ansvar for å følgje opp kommunane på arbeidet med næringsutvikling. Vårt generelle inntrykk er at kommunane i ulik grad maktar å prioritere dette høgt nok. Vi undersøkte i 2008 - 2009 kva kapasitet, kunnskap og opplæringsbehov kommunane har innan landbruksområdet, og vi fekk tilbakemelding om at utviklingsarbeidet vart nedprioritert i mange kommunar samanlikna med det meir lovpålagde forvaltningsarbeidet. Dette følgjer vi opp, mellom anna ved å peike på interkommunalt samarbeid og støtte lokale mobiliseringsprosjekt.

21.4 Verdiskapingsprogrammene

Vi har eit godt samarbeid med Innovasjon Norge om næringsutvikling i landbruket, bruken av BU-midlane og arbeidet med verdiskapingsprogramma. Det er nær samanheng mellom dei bedriftsretta BU-midlane og VSP-midlane og begge blir forvalta av Innovasjon Norge. Vår oppgåve er knytt til informasjon og mobilisering om næringstiltak.

Innanfor hagebruket skjer det eit godt utviklingsarbeid i samarbeid mellom forskinga, rådgjevingstenesta, fruktlagera og foredlingsindustrien. Dette gjeld både foredling av bringebær, morellar, pære og eple. Innanfor skogbruket er det auka interesse for bioenergi, også større anlegg som er under planlegging. Kombinasjonen av energiprisar, utbygging av fjernvarmeanlegg og tilgangen på energivirke, vil avgjere den vidare utviklinga.

Det er god interesse for lokal mat i marknaden, og dei lokale torgarrangementa er viktige. Men vi ser også at store matbutikkar etablerer eigne minitor med lokal mat inne i butikken. Dette er eit godt tiltak fordi desse lokale varene elles har lett for å drukne i kampen mellom dei store leverandørane.

Resultatområde 22 Miljøtiltak i landbruket

Vi har eit stort engasjement og det skjer mykje positivt når det gjeld miljøtiltak i landbruket, til dømes:

Vi reviderte det regionale miljøprogrammet, utvikla vidare støtteordninga til verdsarvområdet i Nærøyfjorden og Geiranger, følgjer opp dei nasjonalt utvalde kulturlandskapa i Liseth - Hoddevik og i Grinde, følgjer opp kommunane i deira arbeide med spesielle miljøtiltak (SMIL), har sett i verk utprøvinga av miljøvenleg spreiing av husdyrgjødsel, laga informasjonshefte for bruken av plantevernmiddel, fleire prosjekt innan økologisk landbruk, og har fokusert på behovet for miljøplanar på gardsbruka.

Vi har informert om skogbruket si viktige rolle i klimapolitikken, og starta avklaringane på kva tiltak som er aktuelle her i fylket.

Miljøarbeidet er viktig for landbruket på Vestlandet, både for å ta vare på dei unike natur- og kulturlandskapsverdiane, for å styrke omdømet til landbruket og fordi dette landskapet er ein viktig del av reiselivsproduktet Fjordnorge.

22.3 Miljøprogram og miljøplan

Sentrale miljøutfordringer og tiltak

Ufordinngar er å ivareta areal som er eit sær preg for fylket, har særskilt verdi for biologisk mangfald eller for å ta vare på kulturminne. Midlane gjennom regionalt miljøprogram er spissa for å sikre skjøtsel av til dømes kystlynghei, gamle slåttemarker, seterlandskap, fornminne og steingardar. Som ein del av satsinga på ivaretaking av biologisk mangfald er det også etablert ei tilskotsordning for gamle husdyrrasar med regional tilknyting. Store nedbørsmengder på ugunstige tider av året er ei utfordring for handtering av husdyrgjødsela. Forvaltninga fokuserer på å løyse utfordringane gjennom gjeldande regelverk, eventuelt med SMIL-tilskot til ekstraordinære tiltak.

Vassregionområde - tilstand og utvikling

Forvaltningsplanen for vassregion Vestlandet 2010-2015 gjeld Stryn vassområde i Sogn og Fjordane. Dei fleste vassførekomstane er her vurderte til å vere utanfor risiko for å ikkje oppnå miljømåla som er sett innan 2015. Vassførekomstane med mogleg risiko eller risiko er i stor grad knytt til nedre del av elvar, og indre del av fjordbuktene inn mot tettstadene Stryn, Olden og Loen. Landbruksaktiviteten er rekna å vere ein hovudbidragsyter til dårlig vasskvalitet i desse områda, gjennom diffus avrenning frå jordbruksareala. Aktuelle tiltak er i stor grad knytt til handheving av regelverket innanfor landbruk og forureining, samt bruk av informasjon og midlar for å stimulere til mellom anna riktig lagring og bruk av gjødsel og pressaft.

Plantevern

Handboka i plantevern er produsert og distribuert etter planen. Likeins er det gjennomført seks kurs i autorisasjonsordninga for plantevern. Det er tendens til større overlappning mellom fylka. Det er fleire som tek eksamen her i fylket og bur i eit anna fylke. NLR tek testing i heile fylket på åkersprøyer. Opplegg for tåkesprøyer har også fungert tilfredsstillende.

Tilskudd fra regionalt miljøprogram utbetalt 2008 etter søknadsomgang 2007 - kroner utbetalt til hovedområder

Embeter	Gjengroing	Avrenning til vassdrag	Kulturminneverdier	Tilgjengelighet og friluftsverdier	Verdifulle kulturlandskap	Plantevernmiddel	Avfallsinnsa
FMSF	15312550	0	3173666	0	4901040	0	0
Sum	15312550	0	3173666	0	4901040	0	

22.4 Økologisk landbruk

Status og utfordringer for arbeidet med økologisk landbruk

15 % av frukt og bærarealet var drive økologisk eller i karens i 2009. Sogn og Fjordane er med dette på god veg

til å nå målet om 15 % økologisk frukt og bærproduksjon. Totalt utgjer dette 844 dekar. Saman med Hordaland er vi tildelt status som føregangsfylke innan økologisk frukt og bærproduksjon, og dette gjer at vi har ambisjonar om framleis auka omlegging. Interessa for økologisk fruktdyrking er aukande som eit resultat av betre økonomiske, driftsmessige og marknadsmessige føresetnader. Gode avtalar mellom produsentar og omsetnadsledd, samt utstrakt rettleiing og oppfølging har vore viktige faktorar

I 2009 var 3,7 % av jordbruksarealet i Sogn og Fjordane drive økologisk. Tek vi med areal som er i karens får vi 4,6 %. Fylkesmennene i Sogn og Fjordane og Hordaland starta opp arbeidet med ny felles handlingsplan for økologisk landbruk for 2010 – 2013. Det er oppretta fire arbeidsgrupper som arbeider med frukt og bær, mjølk, kjøt og marknad. For mjølk og kjøt har ikkje marknaden utvikla seg slik vi ønska då TINE og Gilde melder om sviktande sal.

Sogn og Fjordane fekk tildelt kr 400 000 til oppfølging av handlingsplanen i 2009. Kr 23 000 vart brukt til informasjons- og motivasjonsarbeid, kr 140 000 til diverse omleggingsfremjande tiltak, kr 102 000 til profilering av økologiske varer i butikk og kr 190 000 til forsøksprosjekt. I tillegg er det nytta BU-midlar og Fagsentermidlar for Bioforsk Fureneset på dette området.

Økoløft i kommunar

Vi har prosjekt ”Økoløft i kommunar” i Aurland og Balestrand. Vi har vore orientert om arbeidet og prøver å la dette gå inn som ein del av den totale satsinga på økologisk landbruk i fylket. Balestrand har fått gode resultat av arbeidet med auka omlegging og Aurland har fått økologisk skulefrukt i samarbeid med Sogn jord- og hagebruksskule. Begge kommunane er med i arbeidet med handlingsplan og føregangsfylket.

22.5 Tre og miljø

Arbeidet med bioenergi skjer delvis i direkte engasjement frå avdelinga, og delvis gjennom støtte til andre aktørar:

- Prosjekt Biostigen i samarbeid med Møre og Romsdal der føremålet er å finne flaskehalsar i verdikjeda for utvikling av bioenergi på Vestlandet. Dette gjeld mellom anna utprøving av ulike former for hogst/rydding, tørring og transport av biovirke.
- Vi støtter Skogeigarlaget med BU-midlar for å informere og hjelpe lokale små bioenergianlegg. Dei har så langt møtt stor interesse, særleg for små anlegg, men også til nokre større brukarar som til dømes United World College og Hauglandssenteret i Fjaler
- Vi har støtta marknadsundersøking for grunnlaget til eit større pelletsanlegg i Gloppen, og andre aktørar har framleis eit stort fjernvarmeanlegg under utgreiing/planlegging i Førde
- I Stryn er det bygd eit fjernvarmeanlegg i sentrum, og dei ønskjer både tilgang på meir biovirke og fleire kundar
- I regi av Skognæringsforum (for Sogn og Fjordane) var aktuelle aktørar i fylket samla til bioenergidag i Nordfjord.

Den vidare utviklinga på dette området er avhengig av kombinasjonen av energipris, utbygging av fjernvarmeanlegg i sentrumsområda, og tilgangen på bioenergivirke. Det siste vil kome etterkvar som hogsten aukar. Per i dag er det såpass låge prisar på massevirke at nokre større aktørar med fjernvarmeanlegg kan gje sikrare avsetning av den delen av tømmerstokken som ikkje kan brukast til skurvirk. Det vil vere svært positivt for skogbruket på Vestlandet.

Vi har ikkje hatt eigne arrangement med fokus på bruken av trevirke i byggebransjen, men tema har vore teke opp av ei eiga gruppe i Skognæringsforum, som var på studietur i juni i 2009 for å auke kompetansen omkring bruken av massivtre. Å arbeide for meir synleg bruk av tre og auka samarbeid med byggmeistrar og arkitektar vert viktig i 2010. Det vart utført miljøregistrering i skogbruket (MiS) i kommunane Fjaler og Gulen. I Fjaler er feltarbeidet ferdig medan ein held fram i Gulen også i 2010.

Resultatområde 23 Eiendoms- og bosettingspolitikk

Fylkeslandbruksstyret

Rapport om jordfondet var sendt innan fristen 1.2.2009. Rapport om jord- konsesjons- og odelslovsaker vart sendt til SLF innan 15.2.2009.

Fylkeslandbruksstyret har hatt seks møte i 2009, og handsama i alt 39 saker. Dette er ein reduksjon på 13 samanlikna med 2008. Tal klagesaker minka med innpå 20 %. Vi viser elles til eigne rapportar med jord- og konsesjonslovsstatistikk og om Jordfondet, som alt er sendt til SLF.

Kommunane si praktisering av regelverk

Også i deler av 2009 vart det brukt rett mykje tid og arbeid på bupliktsaker, der spørsmålet om kva som er ein landbrukseigedom/odelseigedom var avgjerande eller svært sentralt. Ei slik sak vart handsama av Fjordane tingrett, og Staten fekk medhald i sin påstand om at eigedomen var å rekne som landbruk/odelsjord (Stryn, gnr/bnr 91/1).

Det må også nemnast at Sivilombodsmannen tok opp ei av desse sakene i 2008. Den aktuelle eigedomen vart omfatta av dei nye arealgrensene i odelslova, som fekk verknad frå 01.07.2009, og buplikta fall difor bort. Merksemda på jordvernsproblematikken er aukande, og i februar 2009 vedtok fylkeslandbruksstyret ein strategiplan for jordvern. Planen var i tråd med Fylkesmannen sitt framlegg. Etter at fylkeslandbruksstyret no er avvikla, er planen justert m.o.t. ansvars- og kompetanseforhold, og den framstår i dag som Fylkesmannen sin strategiplan.

I samarbeid med SLF vart det i september gjennomført eit to-dagars kurs for kommunale sakshandsamarar, der dei seinaste endringane i konsesjonslova, odelslova og jordlova var hovudtema, men også andre sentrale, tilgrensande emne vart gjennomgått.

Resultatområde 24 Inntekts- og velferdspolitiske tiltak

Organisering av kontrollarbeidet

Ei gruppe på ni personar har delteke i kontrollarbeidet. Av desse har sju, men berre to samstundes, delteke på forvaltningskontrollane. Gruppa har med seg avdelinga sin juridiske konsulent.

Klager og dispensasjonssøknader

behandla av Fylkesmannen for alle tilskotsordningane på landbruksområdet der kommunen er førsteinstans, sjå registrering i eigen tabell.

Landbruksvikartenester

Dei 20 tildelte årsverka til landbruksvikarteneste til fylket er fordelte på 10 avløysarlag. Men i Solund, som er ein liten kystkommune med 20-30 gardsbruk, syner det seg vanskeleg å få landbruksvikar som kan dekkje desse tenestene. Men dette er og den einaste kommunen utan landbruksvikar. Elles er det stille om ordninga, og det ser ut som at omlegginga har gått seg til.

Kontrollar

Forvaltningskontroll i seks kommunar

Føretakskontroll på åtte føretak

I forvaltningskontrollane er det funne fire avvik. I to av tilfella har ikkje kommunen kravd framlagt miljøplan trinn 2 for SMIL-søknadar. I det tredje gjeld funnet at kommunen ikkje har oppdatert tiltaksstrategien for miljømidlane. I det fjerde tilfellet gjeld funnet at kommunen ikkje krev inn sluttrekneskap ved utbetaling av tilskot (gjeld SMIL-ordninga). Avvika er følgt opp på vanleg måte med rapport og brev. Per januar 2010 har vi kontrollert at avvika er oppretta.

1. Hvordan er kontolloppgavene på landbruksområdet organisert?

a) Ansvarlige i avdelingen (funksjon/ stilling):

Ei gruppe på ni personar har hatt ansvaret for kontrollarbeidet. Av desse har sju, men berre to samstundes, delteke på forvaltningskontrollane. Det gjeld ein eldre seniorrådgjevar (tidlegare leiar) og to medarbeidrarar (avdelingsingeniør og førstekonsulent) som i hovudsak jobbar med tilskotsforvaltning og to rådgjevarar. Landbruksdirektør og assisterande landbruksdirektør har også vore med på kontrollar. Ein sjette person (konsulent med bygningskompetanse) i gruppa har åleine utført føretakskontrollane. Den sjuande personen i gruppa er avdelinga sin juridiske konsulent.

b) Øvrig ansvars- og oppgavefordeling: Sjå svar på pkt a.

2. Hva er gjort av kompetansetiltak på kontrollområdet?

a) I FMLA: To av dei tilsette deltok på alle samlingar i SLF sitt kompetanseprogram i 2007. Ein av desse deltok saman med ein tredje person på SLF si samling i november 2009. I forkant av kontrollarbeidet i år gjennomførte vi ein opplæringsdag for kontrollgruppa der alle ni medlemane deltok.

b) I/rettet mot kommunene: På samling for tilskotsforvaltarane i kommunane i januar 2009 hadde vi ein gjennomgang av kontrollarbeidet i 2009 og kva erfaringar vi hadde gjort oss, både på forvaltningskontroll og føretakskontroll.

3. Hvilke kontroller er gjennomført og i hvilket omfang?

Forvaltningskontroll, antall kommuner: Seks kommunar.

Føretakskontroll, antall foretak: Åtte føretak.

4. Hvilke ordninger/delordninger er kontrollert?

Forvaltningskontroll: Produksjonstilskot i tre kommunar, SMIL i to kommunar, RMP i ein kommune.

Føretakskontroll: SMIL på to føretak, RMP på to, PT sal av grovfor på to og husdyr på eitt føretak.

5. Hva slags type avvik er avdekket (presiser ift ordning/ forskrift/ vilkår i regelverk)?

Forvaltningskontroll: Fire avvik SMIL (forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruksplan) § 1, § 3, § 7, § 8. Kommunen har prioritert søknader utan forankring i gyldig tiltaksstrategi. Kommunen krev ikkje miljøplan trinn 2 vedlagt søknad for søkjavarar som er pålagt å ha miljøplan. Det vert heller ikkje kravd framlagt sluttrekneskap før godkjenning av sluttutbetaling.

Føretakskontroll:

Produksjonstilskot: Tre avvik på grunn av manglande miljøplan eller manglande deler i miljøplan.

RMP: Eit avvik pga manglande miljøplan trinn 1.

SMIL: Eitt avvik pga maglante miljøplan trinn 2.

6. Hvordan er avvik er fulgt opp? sett x

Kontrollert enhet er pålagt å endre sine rutiner: Ja

Tilskudd er trukket tilbake: På to føretak er det utført trekk og avkorting pga manglande miljøplan. Dei andre føretakskontrollane er utført før kommunen har gjort sitt vedtak, endeleg konklusjon om trekk vert gjort i februar 2010, etter at kommunen har gjort sitt vedtak

Annet, spesifiser her:

7. Hva ser dere som de viktigste utfordringer i kontrollarbeidet videre fremover (eks. risikovurderinger, malverktøy, oppfølging av avvik med mer)?

Den viktigaste utfordringa er å frigjera ressursar og holde vedlike kompetanse i ei tid med skiftande bemanning og redusert mannskapsstyrke. Ei viktig oppgåve vil også vere å motivere og få forståing i kommunane for kontrollarbeidet. Dette arbeidet er vi i gang med og på samling for tilskotsforvaltarane i kommunane i august 2009 var kontroll av miljøplan eit hovudtema.

8. Har kontrollvirksomheten avdekket behov for regelverksendringer (presiser hvor i regelverk)?

A

Som i fjar er vår erfaring at mange brukarar og forvaltarar oppfattar miljøplanen som eit statisk dokument. Forskrifter og rettleatingshefte er med på å stadfestar denne oppfatninga når ein omtalar kravet om å *ha* ein miljøplan. Dette kravet må gjerast tydlegare både i søknadsskjema og i rettleatingshefte. Så og seia alle søkerar fekk laga seg ein miljøplan då kravet vart innført. Seinare har dei knapt sett på planen.

I søknadsskjema bør søker svare på fleire spørsmål om miljøplan. Til dømes nokre av spørsmåla som står i

sjekklista om gjødsling, evnt. heile sjekklista som ein del av søknadskjemaet.

B

9. Andre kommentarer/ innspill (eks. generelle erfaringer fra kommuner som er kontrollert): Vår erfaring så langt er at kommunane jamt over gjer ein god og rett jobb med tilskotsforvaltninga. Ein del kommunar har forbetringspotensial når det gjeld utføring av 5 %-kontrollen, og då særleg med tanke på godkjenning av miljøplanar.

Oversikt over behandling av klager og dispensasjonssøknader 2008 - antall

Klagebehandling

Embeter	Produksjonstilskudd		Miljøvirkemidler		Andre tilskuddsordninger	
	Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått
FMSF	2	4	1	6	1	0
Sum	2	4	1	6	1	0

Dispensasjonssøknader

Embeter	Produksjonstilskudd			Miljøvirkemidler			Andre tilskuddsordninger		
	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått
FMSF	0	1	5	2	0		1	21	0
Sum	2	5	6	8	1		1		0

Resultatområde 25 Kommunene som landbrukspolitisk aktør

Vi oppdaterer eigne medarbeidarar ved å delta på kurs/samlingar som LMD, SLF, Skog og landskap, IN, Bioforsk og regionale organisasjonar arrangerer. I tillegg set embetet av kompetansemidlar per avdeling for felles og individuelle kompetansetiltak.

Vi har årlege kurs og konferansar innan jord- og skogbruk der kommunane er målgruppe. I 2009 gjennomførte vi desse tiltaka:

- BU-strategi i februar, i regi av IN
- Fagsamling – Utarbeiding og kontroll av miljøplan
- Produksjonstilskot og e-forvaltning, januar + august
- Kurs i jord-, konsesjons- og odelslov for kommunane
- Kommunesamling i lag med miljøvernnavdelinga i haust
- Sju kurs/møte med gardskart /samarbeid med Skog og landskap
- Faste møte med fylkeskommunen og Innovasjon Norge
- Deltok i to kommunemøte i embetet sin regi
- Bygdeutviklingsprogrammet - to samlingar pr år

Kommunane har vorte meir aktive når det gjeld å komme med innspel i forkant av jordbruksforhandlingane. Stryn kommune var aktive på dette området. Gloppen kommune har t.d. årlege møte med landbruksnæringa. Luster kommune hadde landbrukspolitisk dag for kommunestyret hausten 2009. Det var Lærdal kommune som tok initiativet til å få Borgund med i Bygdeutviklingsprogrammet.

Kapasitet og ressursbruk i kommunane

Kommunane har redusert kapasitet og ressursbruk mykje i høve til då landbrukskontora vart kommunale i 1994. I 1994 hadde kommunane ca 93 årsverk medan same tal er ca 45 i 2009. Dette er ein reduksjon på ca 52 %. Sidan 1994 er tal bruk redusert med ca 34 %. Kommunane prioriterer forvaltningsarbeid medan utviklingsarbeid vert nedprioritert. For gardskartarbeidet sin del er kompetansen låg og dei har liten kapasitet.

Samarbeid med KS fungerer greitt og vi har teke opp ei sak som går på kompetanse og etterutdanning for landbruksforvaltninga i kommunane.

Bruk av midlar over kap 1144 post 77: Miljøretta prosjektarbeid m.m.

Løn styrer, råd og utval: kr 11 700,- (diverse prosjektarbeid og RMP)

Reiseutgifter, råd og utval kr 12 000,-

Konferansar, kurs kr 45 280,-

Trykking, faghefte støyshus	kr 38 049,- (markering av kulturminneåret i samarbeid med FM i HD)
Annonsering	kr 3 731,-
Anna	kr 1 240,-
SUM	kr 112 000,-

Resultatområde 26 Jord- og landskapsressurser

2009 var det siste året for fylkeslandbruksstyret, jamfør endringane etter forvaltningsreforma. Styret hadde eit særleg ansvar for å ta vare på jordbruksareala, og vi fekk i samråd med styret laga ein jordvernstrategi som vart sendt på høyring i kommunane og vedteke i styret i februar 2009. Denne strategien blir også lagt til grunn når Fylkesmannen tek over styret sitt ansvar på dette området frå 2010.

26.1 Jordvern og kulturlandskap

Konkrete tiltak og endret virkemiddelbruk

I februar 2009 vedtok fylkeslandbruksstyret ein eigen jordvernstrategi for Sogn og Fjordane, sjå <http://www.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=666&amid=2545810>. Strategien vil også gjelde for Fylkesmannen sitt arbeid med jordvern etter at styret vart lagt ned no ved nyttår. Målsettinga er ei halvering av omdisponeringa av dyrka jord, frå ca 500 til ca 250 daa/år, og strategien har forventningar til kommunane både på betre planprosessar og at dei tek meir omsyn til jordvern. Vi har ikkje ferdig statistikk for 2009, men omdisponeringa i 2008 var framleis noko over 500 daa. Skal vi nå målsettinga, må jordvernet bli sterkeare. Det er framleis ei utfordring at mange av kommunane har for gamle arealplanar, kombinert med dårlig planfagleg kapasitet. Dette fører til auka bruk av dispensasjonar og manglande overordna planlegging.

Det kan vere aktuelt å satse meir på planfagleg opplæring og hjelp til ressurssvake kommunar, men det må skje i forståing med kommunane og dei rollene vi alle har i planprosessen. I 2009 vart det også halde 2-dagars kurs for kommunane der temaet var dei seinaste endringane i jordlova, konsesjonslova og odelslova.

Kulturlandskapet er prega av jord- og skogbruksaktivitet. Innan husdyrhaldet har vi siste 10 åra hatt ein merkbar nedgang i sau og storfe. Dette gjev seg utslag i mindre beitedyr og meir attgroing. RMP er redskapen vi har for å motvirke denne utviklinga. Men med for lite beitedyr er det vanskelig å sjå at attgroinga kan haldast i sjakk, og det blir heller tale om å prioritere dei mest verdfulle kulturlandskapsområda.

Verdsarvområdet

Tildelinga på kr 1,225 frå SLF og k 1,0 mill kr frå DN vart i 2009 fordelt på i alt 46 gardsbruk, derav 11 bruk i Hordaland. Det vert gitt støtte til jordbruksareal i aktiv drift inne i verdsarvområdet, og til beitedyr i verdsarvområdet. Tilskot til beitedyr gjeld både dei som bur innanfor og utanfor verdsarvområdet. Det vart utbetalt eit samla tilskot på kr 2 063 540. Det er gjort nokre små justeringar i satsane for 2009 for å få like satsar med Geiranger. Det vart gjennomført synfaringa på alle bruken med driftssenter innanfor verdsarvområdet hausten 2009, og denne dialogen med brukarane er viktig. Bioforsk vart i 2009 engasjert for å gjere ei evaluering av prosjektet og dokumentere utviklinga både i Geiranger og i Nærøyfjorden. Vi har eit godt samarbeid mellom landbruks- og miljøforvaltninga om desse midlane. Etter avtale med SLF vart det overført eit restbeløp frå 2008 til 2009, av desse midlane vart det betalt ut tilskot til to gjerdeprosjekt som fellestiltak for fleire bruk; eit i Dyrdal og eit i Nærøydalen.

Utvalde kulturlandskap

Vi har to utvalde område i vårt fylke: Hoddevik - Liset i Selje kommune og Grinde-Engjasete i Leikanger kommune. Det er utarbeidd skjøtsels- og forvaltningsplan for Grinde-Engjasete. For Grinde-Engjasete inngjekk vi avtaler med to grunneigarar om skjøtselstiltak, og betalte ut kr 140 000 i støtte. Prioriterte tiltak er skjøtsel av særleg verdifulle slåtte- og beitemarker med styvingstre, rydningsrøyser, steingardar, bakkemurar og utelører.

For Hoddevik-Liset er det utarbeidd forvaltningsplan for heile området og skjøtselplanar for to delområde. Vi har utsett avtaleinngåing og utbetalingar til 2010, grunna behov for å avvente ferdige skjøtselplanar og nærmare avklaring med grunneigarar og grunneigarlag om til dømes skjøtsel av sandområda i Hoddevik.

26.2 Samfunnsplanlegging

Sikre landbruket sine arealinteresser

Vi viser til kap 26.1 der det står om jordvern.

Fylkesmannen er ansvarleg for verneplanar etter naturvernlova, med tilhøyrande forvaltningsplanar. Her samarbeider miljøvern- og landbruksavdelinga, både i tematiske verneplanar for til dømes myr og skog, og for store landskapsvernområde og nasjonalparkar. Største verneplanarbeidet i 2009 var Breheimen - Mørkridsdalen i Luster, der vi også samkøyrd verneplanarbeidet med lokal mobilisering for næringsutvikling.

Geovekstsamarbeidet 2009

Landbruksavdelinga har delteke i alle møte i regi av Norge Digitalt. Fylket har no dekning av ortofoto anten i bildemålestokk 1:15000 eller i bildemålestokk 1:35000 og er byrja med ny runde for fornying av ortofoto. I tillegg er det laserskanning som er aktuelt å delta i. Statens vegevsen investerer i dette produktet og det er då rimelegare for dei andre partane å utvide område der ein ønskjer nøyaktige data. Men det er førebels dyrt. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har i 2009 vore representert i FAD sitt fagutval for kart/GIS og Temadataforum i Norge digitalt nasjonalt.

Det er miljøvern- og beredskapsavdelinga i tillegg til landbruksavdelinga som brukar kart mest. Landbruksavdelinga har mest samarbeid med miljøvernnavdelinga. Kart vert brukt i alt arbeid som t.d arealplanar, verneplanar, beredskapsplanar, jordlovsaker og tilskotsforvaltning.

I tillegg har vi lagt ut eigne tema og statistikk på embetet sitt kartprogram, www.fylkesatlas.no som er eit samarbeid med fylkeskommunen.

Ressursrapportering

Resultatområde	FMSF	Sum
	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.
Resultatområde 21	363	0
Resultatområde 22	138	0
Resultatområde 23	31	0
Resultatområde 24	118	0
Resultatområde 25	125	0
Resultatområde 26	131	0
Sum:	906	0
	906	906

Kunnskapsdepartementet

Resultatområde 31 Tilsyn og forvaltningsoppgaver på utdanningsområdet

31.1 Tilsyn og oppfølging av regelverk

Hausten 2009 vart det tilsett ny rådgjevar for å styrke tilsynsaktiviteten. Opplæring i m.a. systemrevisjon har skjedd gjennom intern opplæring.

I 2009 nytta avdelinga totalt 75 vekeverk på tilsyn etter kap. 31.1. Dette tilsvarer 31 % av tilgjengelege ressursar på resultatområde 31. og 32. Samanlikna med 2008 er dette ein auke på 5,7 %. Vi vurderer dette til å vere tilfredsstillande med ein nyttilsett innafor tilsynsområdet delar av året.

Hausten 2009 vart det gjennomført fem tilsyn etter same opplegg/tema som for nasjonalt tilsyn 2009. Avvika (sjå tabell) syner at manglar ved kommunen sitt delegasjonsreglemet er gjennomgående.

Det vart gjennomført eitt hendigsbasert tilsyn i høve opplæringslova §§ 13-10 og 9a-3.

Det vart ikkje gjennomført tilsyn med vidaregåande opplæring i 2009.

Informasjon som vart nytta som grunnlag for tilsynsarbeidet/ risikovurdering, var ei vekting mellom grunnskulepoeng, resultat frå nasjonale prøver og elevundersøkinga og omfang/status på administrasjonsressurs i kommunane. I tillegg nytta vi også data frå GSI og vår lokalkunnskap om kommunane.

Som ei forlenging av dette arbeidet vart det starta opp eit eige områdeovervakningsprosjekt (avdelingsprosjekt). Då ein vurderer prosjektet til også å vere av interesse for andre embete, er dette meldt vidare til [KEST](#) (Kartlegging av elektroniske system og tenester).

Hausten 2009 arrangerte avdelinga ein eigen dagskonferanse om regelverk. Tema for samlinga var skuleigar sitt ansvar (§13-10), elevane sitt skulemiljø (kap. 9a) og skuleigar si kvalitetssikring av grunnskuleopplæringa. Målgruppa for samlinga var rektorar og skulefagleg ansvarlege i kommunane. Vi fekk gode tilbakemeldigar frå deltakarane med ønske om at vi gjennomfører liknande konferansar seinare.

Tilsynsoversikt utdanningsområdet

	Tilsynsobjekt	Tema/Myndighetskrav	Avvik	Merknad	Pålegg	Metode	Kom
FMSF	Bremanger kommune	Opplæringslova §§ 13-10 og 8-2	Ingen	Kommunen må innarbeide dei nye krava i opplæringslova § 13-10 som ein del av kommunen sitt heilskaplege system for vurdering og oppfølging. Under tilsynet kom det fram at det tidlegare hadde blitt praktisert frivillig nivådeling i fag utan at dette hadde blitt følt opp av skuleigar.	<input checked="" type="checkbox"/>	Systemrevisjon	
FMSF	Stryn kommune	Opplæringslova §§ 13-10 og 8-2	Ingen	Ingen	<input checked="" type="checkbox"/>	Systemrevisjon	
FMSF	Leikanger kommune	Opplæringslova §§ 13-10 og 8-2	Kommunen sitt delegasjonsreglement viser ikkje kor svaret for opplæringslova § 13-10 andre ledd er plassert.	Merknad 1: Kommunen sitt administrative delegasjonsreglementet er datert 23.10.03. Seinare endringar i reglementet har skjedd gjennom vidaredelegasjon i form av brev til rektorane. Merknad 2: Ved tilsyn i november 2007 gav Fylkesmannen merknad på gruppeinndeling i matematikk ved ungdomsskulen. Ordninga i dag er opplyst til å vere endra, m.a. færre grupper og større valfridom. Fylkesmannen er framleis uroa for at denne organiseringa lett kan kome i strid	<input checked="" type="checkbox"/>	Systemrevisjon	Leikan komm skal m tilbake Fylkes innan 01.03. om ko det lovstri forhol retta o

				med opplæringslova § 8-2. Merknad 3: Når det gjeld gruppeorganisering av elevar med vedtak om spesialundervisning, bør også dette vere ein del av skuleigar sitt system for rapportering og planlegging, dvs. om organiseringa er i samsvar med krava i opplæringslova.		
FMSF	Askvoll kommune	Opplæringslova §§ 13-10 og 8-2	Askvoll kommune har eit uklart delegasjonsreglement og oppfyller såleis ikkje kravet til eit forsvarleg system.	Fylkesmannen stiller spørsmål om Askvoll kommune sitt system for intern rapportering på grunnskuleområdet er godt nok kjent i kommunen si tiltakskjede.	■	Systemrevisjon
FMSF	Hornindal kommune	Opplæringslova §§ 13-10 og 8-2	Hornindal kommune har eit for vidtgåande delegasjonsreglement og oppfyller såleis ikkje kravet til eit forsvarlig system.	Funksjonen som skulefagleg ansvarleg er lagt til rektorstillinga for Hornindal skule. Fylkesmannen er uroleg for om krava til funksjonen vert oppfylt.	■	Systemrevisjon
FMSF	Sogndal kommune	Opplæringslova §§ 13-10 og 9a-3	Sogndal kommune sikrar ikkje at oppmodingar frå elevar eller foreldre som gjeld elevane sitt psykososiale miljø blir handsama etter reglane om enkeltvedtak i opplæringslova og forvaltningslova.	Ingen	■	Hedingsbasert - systemrevisjon

31.2 Klagesaksbehandling

Måloppnåing på området

Fylkesmannen vurderer å ha god måloppnåing i høve ressursbruk på området. Klagesakene vart handsama innan [serviceerklærte fristar](#) og vi har dobbelkompetanse på alle fagområda.

I tillegg til saker registrert i vedlagde tabell fekk Fylkesmannen inn ein del saker som ikkje førte fram til vedtak. Brorparten av desse sakene vart sendt attende til underinstansen for handsaming og kom av ulike årsaker ikkje attende.

	Type klage	Medhold/Delvis medhold	Avslag	Sum

FMSF					
FMSF	Klage i grunnskolen	Klage på avslag om framhald på skule i annan kommune		1	1
FMSF	Klage i grunnskolen	Klage på skuleskyss - særleg farleg veg	2	4	6
FMSF	Klage i grunnskolen	Klage på avslag om skulegang i anna kommune	0	1	1
FMSF	Klage i grunnskolen	Klage på utelukking frå skuletur		1	1
FMSF	Klage i grunnskolen	Klage på avslag om å få gå skuleåret om att		1	1
FMSF	Klage i grunnskolen	Klage på nedlegging av skular		2	2
FMSF	Klage i grunnskolen	Lovlegkontroll		2	2
FMSF	Klage i grunnskolen	Søknad om overføring til ny skule		1	1
FMSF	Klage i grunnskolen	Kommunalt ansvar for skuleskyss	1		1
FMSF	Klage i grunnskolen	Klage på avslag om å gå på skule i annan krins		1	1
FMSF	Klage i grunnskolen	Klage på sakshandsaming, søknad om skulebytte		1	1
FMSF	Klage i grunnskolen	Klage på opplæringstilbod		1	1
FMSF	Klage i grunnskolen	Klage etter § 5-1 i opplæringslova	4	9	13
FMSF	Klage i forbindelse med spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder	Klage på ressurstildeling	1	2	3
FMSF	Klage i grunnskolen	Klage etter § 4A-2 i opplæringslova, gjeld rett til spes.ped for vaksne innanfor grunnskulen sitt område		2	2
FMSF	Klage i videregående opplæring	Klage etter § 5-1 i opplæringslova		1	1
FMSF	Klage i grunnskolen	Klage på standpunkt-karakterar	18	15	33
FMSF					
FMSF	Klage i videregående opplæring	Klagesensur hausteksamen			296
FMSF	Klage i grunnskolen	Klage på eksamenskarakterar			27

31.3 Grunnskolens informasjonssystem (GSI)

Fylkesmannen følgde opp alle skulane som fekk varsel om at dei hadde brote Stortinget sin føresetnad om pedagogisk forsvarleg opplæring (gruppestorleik). Ved gjennomgang av data viste det seg at ingen av skulane braut lova på dette området.

Det vart arrangert GSI-kurs for kommunane før GSI-innsamlinga for 2009.

31.5 Eksamens og nasjonale prøver

Samla ressursbruk i forhold til arbeidet med nasjonale prøver og eksamen er på 29 vekeverk. I tillegg vart det nytta 8 vekeverk til klagebehandling av hausteksamen for vidaregåande skule, dette er ei nasjonal oppgåve.

Fylkesmannen har følgd opp skulane, skuleeigarane og sensorane sin bruk av prøveadministrasjonssystemet PAS og prøvegjennomføringssystemet PGS.

Fylkesmannen har sett til at nasjonale prøver er avvikla etter retningslinene. Nødvendig opplæring er og gitt.

Fylkesmannen har sett til at skriftleg eksamen i grunnskulen og eksamen i grunnskuleopplæring for vaksne og eksamen i vidaregående skule har blitt gjennomført etter gjeldande retningsliner. Embetet hadde ansvaret for gjennomføringa av fellessensuren i engelsk for fylka Møre og Romsdal/Sogn og Fjordane på grunnskulenivå.

Fylkesmannen har sett til at lokalt gitt eksamen blir gjennomført i fylket på forsvarleg måte. Det har dessutan vore gitt opplæring til sensorar i lokalt gitt eksamen.

Ut frå embetet sine ressursar og kompetanse er oppdraget godt gjennomført. Det er brukt same metodikk som tidlegare år.

Særskild Rapportering	JA	NEI	Øvrige kommentarer
1. Benytter embetet informasjonen som fremkommer ved avvikling av prøver og eksamener i tilsvensarbeidet?	X		Talmaterialet vert nytta som grunnlag i ROS-analyse

Særskild Rapportering	Spesifiser dersom avvik fra lands-gjennomsnittet totalt eller på enkelprøver)	Spesifiser dersom stor variasjon mellom skoleeiere innad i fylket	Vurdering av årsak til avvik	Beskrivelse av tiltak over skoleeiere med høy andel elever med fritak
2. Hvor stor andel av elevene har fått fritak fra deltagelse på nasjonale prøver	2,8 % av elevane har fått fritak frå nasjonale prøver. Dette er mindre enn landsgjennomsnittet.	Liten variasjon innad i fylket.		Ingen skuleeigarar med høg del fritak

31.7 Tilskuddsforvaltning

Det er ikkje rapporteringskrav i årsrapporten, slik vi forstår det. Rapporteringa vert fanga opp i tertialrapporteringa.

Resultatområde 32 Oppgaver for økt kvalitet i grunnopplæringen

32.2 Kompetanseutvikling

Samla ressursbruk i arbeidet med kompetanseutvikling er 40 vekeverk.

Fylkesmannen vurderer eiga måloppnåing som god i høve til embetet sine ressursar. Kompetansen på området er god. Midlane til etterutdanning er fordelt etter dei statlege prioriteringsområda etter søknad frå skuleeigar. Vidareutdanningsmidlane er fordelte til skuleeigar etter kriterium vedtekne på Forum 08.05.09. Sogn og Fjordane har dispensasjon frå den statlige strategien for vidareutdanning.

I årsrapporten skal Fylkesmannen dessuten rapportere for oppdraget om etterutdanning i lesing som starta i 2008 og vart avslutta i 2009:

1. Fire kommunar: Askvoll, Aurland, Balestrand og Årdal
2. Tal skular og namn på desse. 11 skular. Askvoll skule, Gjelsvik skule, Atløy skule, Stongfjorden skule, Aurland barne- og ungdomsskule, Flåm skule, Sagatun skule, Nesse oppvekst, Fjordtun oppvekst, Tangen skule, Farnes skule
3. Tal lærarar påmeldt i 2008: 30
4. Tal lærarar som fullførte i 2009: 30

Fylkesmannen har innhenta rapportering frå skuleeigarar som i 2008 mottok øyremerka midlar til vidareutdanning via elektronisk rapportering.

32.3 Skoleporten

Ressursbruk Skoleporten 2009 er seks vekeverk.

Fylkesmannen har sett til at brukarfunktjonen og opplæring i Skoleporten har vorte gjennomført på forsvarleg måte. Nye brukarar hjå skuleeigar har fått opplæring ut frå embetet sine ressursar. Embetet sit på oppdatert kompetanse på området.

Særskild Rapportering	JA	NEI	Spesifiser dersom avvik	Øvrige kommentarer
1. Har embetet oppdatert brukerstøtte- og veiledningsfunksjon?	X			Nytt personale på skuleeigarnivå vert opplært via telefonisk kontakt.
2. Benytter embetet Skoleporten på en formålstjenlig måte i tilsynsarbeidet?	X			Skoleporten blir brukt som grunnlag for ROS-analyse.
3. Brukes Skoleporten i lokal kvalitetsvurdering?	X			

4. Innspill fra embetet til forbedringer av Skoleporten:**32.4 Erfarings- og kunnskapsinnhenting**

Det har ikkje vore spesielle oppdrag på dette området. Avdelinga har starta arbeid med eit områdeovervakingsprosjekt.

32.5 Tiltak innen tilpasset opplæring og spesialundervisning – kap 230.01

Prosjektet "Tilpassa opplæring for alle" vart sluttført våren 2009.

Fylkesmannen stiller på fylkessamlingar for PPT og har god dialog med Statped Vest. Rettleiing blir gitt til kommunar og skular.

Resultatområde 38 Tilsyn og forvaltning på barnehageområdet**38.1 Tilskuddsforvaltning**

Fylkesmannen forvaltar tilskott etter:

- Kap. 231 post 60 Driftstilskott til barnehagar
- Kap. 231 post 60 Driftstilskott til tiltak for nyankomne flyktningar sine barn
- Kap. 231 post 61 Investeringstilskott
- Kap. 231 post 62 Tilskott til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne i barnehagen
- Kap. 231 post 63 Tilskott til tiltak for betre språkforståing blant minoritetsspråklige barn i førskulealder
- Kap. 231 post 64 Tilskott til mellombels lokale
- Kap. 231 post 65 Skjønnsmidlar til barnehagar

Alle søknader blir kontrollerte i høve godkjenning av barnehagane, tal barn i barnehagane og føreskrivne underskrifter på søknadar. Det er eiga rapportering for tilskotta.

38.2 Klagesaksbehandling

Ei klagesak etter barnehagelova § 17.

Klagesaksbehandling barnehageloven med forskrifter

		Type klage	Medhold/delvis medhold	Avslag
FMSF	Klage etter barnehageloven med forskrifter	Forskrift om dispensasjon, midlertidig jf. barnehageloven § 17	1	
FMSF				
FMSF				

38.3 Informasjon og veiledning

Tre skule- og barnehagemøte for kommunane med desse barnehagetema:

- St.melding nr 41 Kvalitet i barnehagen
- Behov for vidareutdanning for styrarar og ped.leiarar
- Rekrutteringsbehov
- Kvalitetsarbeid i barnehagane og i dei fire kompetanseregionane
- Behov for kompetanseheving på kommunenivå før rammefinansieringa
- Entreprenørskap i barnehagen
- Forskrift om likeverdig behandling av offentleg tilskott

Barnehagekonferanse i Loen for om lag 200 barnehagetilsette og kommunane med desse tema:

- St.melding nr 41
- Parallelle økter med tema som "den fleirkulturelle barnehagen, "betre kosthald i barnehagen", "barnehagevurdering", "samarbeid barnehage-skule" og "comenius - kompetanseheving gjennom internasjonalt arbeid og deling av kunnskap".

Leiarsamling i Loen for styrarar og pedagogiske leiarar. Tema: Sentrale leiaroppgåver og utfordringar

- Lokal og sentral informasjon på Fylkesmannen sine sider
- E-post og telefon
- To møte i "Forum" som er møtestad for KS, Utdanningsforbundet, Høgskulen i Sogn og Fjordane, fylkeskommunen, dei fire kompetanseregionane i fylket og Fylkesmannen. Møtet handsamar aktuelle skule- og barnehagesaker, avgjer samhandling i saker, informerer og er ein viktig møteplass for sektoren

All informasjon vert gjeven til både kommunale og ikkje-kommunale barnehagar.

38.4 Tilsyn

Fylkesmannen har ført tilsyn etter barnehagelova § 9 andre ledd med kommunane Gauldal, Gulen, Hornindal og Luster. Tilsynsmetodikk: Systemrevisjon. Det vart valt ein kommune i kvar region (4) og ressursar i kommuneadministrasjonen vart vurdert. Den eine av kommunane hadde bedt om tilsyn frå Fylkesmannen.

Tema for tilsynet: Kommunen sitt tilsyn med barnehagane, kommunen som godkjenningsmynde og kommunen si handtering av regelverket om styrar og pedagogisk bemanning, pedagogisk norm, dispensasjonar og organisering av styrarressursen.

Fylkesmannen avdekkja fire avvik og ein merknad under tilsyna. Kommunane har fått skriftleg frist for dato om tilbakemelding for retting. Meldefrist er respektert.

Kopi av tilsynsrapportane er sende til KD og lagt ut på Fylkesmannen sine sider.

[Tilsynsoversikt barnehageområdet](#)

Tilsynsobjekt	Tema/Myndighetskrav	Avvik/Funn	Frist for lukking av avvik	Pålegg	Merknad	Ressursbruk	Kommenta
FMSF				<input checked="" type="checkbox"/>			
	Kommunen sitt tilsyn med barnehagane jf barnehagelova § 16. Kommunen som godkjenningsmynde jf barnehagelova §§ 10 og 11 jf barnehagelova §§						

FMSF	Luster kommune	1 og 2. Kommunen si handtering av regelverket om styrar og pedagogisk bemanning, pedagognorm, dispensasjonar og organisering av styrarressursen, jf barnehagelova §§ 17 og 18.	0			■		2 personar - 12 %	
FMSF	Gaular kommune	Kommunen sitt tilsyn med barnehagane jf barnehagelova § 16. Kommunen som godkjenningsmynde jf barnehagelova §§ 10 og 11 jf barnehagelova §§ 1 og 2. Kommunen si handtering av regelverket om styrar og pedagogisk bemanning, pedagognorm, dispensasjonar og organisering av styrarressursen, jf barnehagelova §§ 17 og 18	Gaular kommune fattar ikkje vedtak om godkjenning av barnehagar etter bestemmelsane i barnehagelova.	20.08.2009	■	Gaular kommune har ikkje plan for tilsyn med barnehagane	3 personar - 15%	Vedk. merknaden: Kommunen h ein "plan og vurderingssyst for skule og barnehage i Gaular kommune 20 2013" der det lagt opp til årlege møte m barnehagane, men kommun har ikkje formelle syste eller rutinar f sjekke om barnehagane følgjer lovkrat barnehagelova med forskrifte	
FMSF	Gulen kommune	Kommunen sitt tilsyn med barnehagane jf. barnehagelova § 16. Kommunen som godkjenningsmynde jf barnehagelova §§ 10 og 11 jf barnehagelova § 1 og 2. Kommunen si handtering av regelverket om styrar og pedagogisk bemanning, pedagognorm, dispensasjonar og organisering sv styrarressursen, jf barnehagelova §§ 17 og 18.	Gulen kommune har ikkje ein plan for tilsyn med barnehagane	01.02.2010	■		3 personar - 15%		

	Kommunen sitt tilsyn med barnehagane jf barnehagelova § 16. Kommunen som godkjenningsmynde jf barnehagelova §§ 10 og 11 jf barnehagelova § 1 og 2. Kommunen si handtering av regelverket om styrar og pedagogisk bemanning, pedagognorm, dispensasjonar og organisering av styrarressursen, jf barnehagelova §§ 17 og 18.	Avvik nr 1: Hornindal kommune har ikkje fatta vedtak om godkjenning av Hornindal barnehage etter reglane i barnehagelova. Avvik 2: Hornindal kommune har ikkje ein plan for tilsyn med barnehagane.	01.04.2010	■	3 personar - 15%	Avvik nr 1 sk vere retta inna 1. september 2010
FMSF	Hornindal kommune			■		

Resultatområde 39 Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen

39.1 Tilgjengelig barnehagetilbud

Fylkesmannen har i kommunesamlingar, møter, pr. telefon og i info på heimesida konkretisert kommunane si plikt til å syte for at det finst nok barnehageplassar i kommunane. Vi er i dialog med kommunane om krav til å oppretthalde tilbod om full barnehagedekning og at kommunane må ha ein plan for full barnehagedekning som er forankra i politiske vedtak og økonomiplanar.

39.2 Kompetanseutvikling og rekruttering

Ressursbruk: 12 vekeverk. I tillegg var Svein Ole Sataøen ved Høgskulen i Sogn og Fjordane (HSF) innleigd i 6 månader i 20 % stilling.

Dei fire kompetanseregionane Sunnfjord, Nordfjord, Hafs og Sogn arbeider i nettverk og har 1. halvår fått oppfølging av Svein Ole Satøen, HSF. Regionane vart etter søknad tildelt kompetansemidlar frå Fylkesmannen til arbeid med sine satsingar.

- Vi har etter søknad tildelt FOU-midlar til tre barnehagar i tre kommunar
- Samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane, KS og Utdanningsforbundet om årleg *barnehagekonferanse* for barnehagetilsette, kommuneadministrasjon og politikarar
- Samarbeid med KS og Utdanningsforbundet om årleg *leiarkonferanse* for styrarar og pedagogisk personale og kommuneadministrasjonen
- Samarbeid med HSF om tema *likestilling og rekruttering tilførskulelærarutdanninga*
- For barnehagetilsette: Samarbeid med NAFO og HSF om kompetanseprosjekt for *språkleg og kulturelt mangfold i barnehagen*
- Tre regionsamlingar om *better kosthald i barnehagen*. 21 kommunar har delteke på samlingane med ein eller fleire barnehagar
- Rapportering på posten gjennomført i tråd med fullmaktsbrevet.

39.3 Andre satsingsområder

Viser til resultatområde 38, 39.1 og 39.2

Ressursrapportering

Resultatområde	FMSF	Sum	
	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.	
Resultatområde 31	115	50	115 50
31.1 Tilsyn og opp	46	25	0 0
31.5 Eksamens og na	10	19	0 0
Resultatområde 32	24	40	24 40
32.2 Kompetanseutv	4	34	0 0
32.3 Skoleporten	0	6	0 0
Resultatområde 38	66	0	66 0
38.1 Tilskuddsforv	30	0	0 0
38.2 Klagesaksbeha	2	0	0 0
38.4 Tilsyn	14	0	0 0
Resultatområde 39	12	10	12 10
Landsdekkende oppgaver			0 0
Sum:	217	100	217 100

Barne- og likestillingsdepartementet

Resultatområde 42 Familierett

42.1 Ekteskapsloven

42.1 Ekteskapsloven og lov om registrert partnerskap

Fylkesmannen gav 206 separasjonsløyve i 2009, noko som er ein nedgang på 4 frå 2008. Det er nesten inga endring i tal skilsmisser. I 2009 vart det gjeve 177 skilsmisseløyve, ein oppgang på 2 frå 2008.

Fylkesmannen gav i 2009 1 løyve til fritak for å legitimere skifte.

42.2 Anerkjennelsesloven

I 2009 hadde vi 12 saker om godkjenning av utanlandske skilsmisser og separasjonar.

42.3 Barneloven

Ingen saker om reisekostnader eller opplysningsretten.

42.5 Veiledning og informasjon

Fortløpende rettleiing på telefon, men ingen aktive informasjonstiltak er gjennomført.

42.2 Anerkjennelsesloven

I 2009 hadde vi 16 saker om godkjenning av utanlandske skilsmisser og separasjonar.

Resultatområde 44 Familievern

Det er gjennomført 3 tilsyn i samsvar med nasjonale krav fra BLD. Det vart gitt eitt avvik som gjaldt praksis ved innsynskrav i journal.

Resultatområde 45 Barnevern

45.1 Tilsyn med barneverninstitusjoner og oppfølging av og tilsyn med den kommunale barneverntjenesten

Det er utført 25 tilsynsbesøk ved barneverninstitusjonane. Dette er 2 til 5 besøk på kvar stad, avhengig av type tiltak og kor lenge ungdom har vore i tiltaket. Dette utgjer 20 % meir av dei lovpålagte tilsyna. Tilsynet har vurdert behov for fleire tilsyn enn det som er minimum. I tillegg har det blitt gjennomført systemrevisjon med alle institusjonane. Tema for tilsynet var førebygging og handtering av seksuelle, fysiske og psykiske overgrep. Tilsynet er eit samarbeidsprosjekt med fylkesmennene i Hordaland og Rogaland.

Det har ikkje blitt gjennomført tilsyn med kommunane av kapasitetsomsyn.

Fylkesmannen har hatt særleg oppfølging av kommunar som har hatt brot på fristane og manglande tiltaksplanar til barn som mottek hjelpe tiltak.

Det vert vidare vist til utfyllande rapportering til BLD i mars.

45.2 Fritak for taushetsplikt

Fortløpende saksbehandling der alle saker blir tatt i løpet av 1-3 dagar. Dei fleste sakene gjeld teieplikt for barnevernstilsette eller tilsette i barnehage- og skulesektoren i sivile saker om barnefordeling. Vi behandla 4 saker i 2009.

45.3 Kompetanse tiltak/Informasjonsvirksomhet

Opplæringsprogrammet for barneverntilsette som starta i 2008 vart avslutta og evaluert i 2009. Totalt vart det gjennomført fem samlingar over to dagar.

Programmet "Vald i nære relasjonar" vart starta opp med ein samling i 2009 og vil bli sluttført i 2010. Det vil totalt bli gjennomført fire samlingar over to dagar.

Fylkesmannen har saman med fylkesmennene i Hordaland og Rogaland hatt tre møter med Bufetat- region vest. I tillegg er det regelmessige samarbeidsmøter med Bufetat- fagteam og kommunane i Sogn og Fjordane.

45.4 Biologisk opphav

Det er i året handsama 1 sak. I tillegg har det vore nokre telefonar om spørsmål kring biologisk opphav.

45.6 Handlingsplan mot kjønnslemlesting

Fylkesmannen var medarrangør for konferansen i Bergen i november, og vi gav støtte til helsepersonell frå Sogn og Fjordane som deltok på konferansen. Kjønnslemlesting var og tema på vår tverrfaglege konferanse i Førde i november om vald i nære relasjonar.

Resultatområde 46 Universell utforming

Universell utforming og omsorgsteknologi har vore teke opp som tema på Fylkesmannen sine nettverksamlingar for leiarar i omsorgstenestene.

Resultatområde 48 Likestilling

Internt

Sjå også punkta 98.2 og 98.4. Pr 31.12.09 var det femti prosent kvinner og femti prosent menn i embetet. Vi tilsette ein nye leiar, ei kvinne. Dette gjorde at prosent kvinnelege leiarar auka i embetet. Kompetansemidlane er fordelt med femtifem prosent til kvinner og førtifem prosent til menn. Vi oppmodar kvinner til å ta på seg leiaransvar. I 2009 var alle prosjektleiarane for dei tre embetsprosjekta våre kvinner. Vi har fleire kvinnelege leiarar for faggrupper, m.a var tre av fire gruppekoordinatorar på miljøvernnavdelinga i 2009 kvinner. Vi oppmodar kvinner til å delta på medietreningskurs og til å fronte saker i media. I høve konferansane vi har ansvar for å arrangere, er vi medvitne på å få til ein balanse mellom mannlege og kvinnelege innleiarar.

Eksternt

Arbeidet har i første rekke vore knytt til barnehageområdet, men også skule.

Fylkesmannen er medlem i ”rekryteringsteam for menn i barnehagen”. Høgskulen i Sogn og Fjordane fekk i 2009 prosjektansvar for organisering av rekryteringsteamet for fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Prioritert område er arbeidet med å rekrytere fleire mannlege studentar til forskulelærarstudiet, til å fullføre studiet og til å arbeide i barnehage. Fylkesmannen har i 2009 tildelt kommunane Flora, Gloppen og Luster midlar til vidare satsing på informasjon og motiveringsarbeid i tråd med tiltak i ”Handlingsplan for likestilling i barnehage og grunnopplæring 2008-2010”. Desse kommunane hadde deltakarar i ressursgruppa for det nasjonale likestillingsprosjektet (avslutta i -07) og held no fram likestillingsarbeidet. Fylkesmannen og deltakarar frå dei fire kommunane møtte på KD sin nasjonale likestillingskonferanse i Bergen ”Likestilling i barnehage og grunnopplæring”. Likestillingsperspektivet står sentralt i kompetanse- og rekryteringsarbeidet.

I sensureringsarbeidet knytt til eksamen i grunnskulen gjer Fylkesmannen sitt beste for å ha kjønnsbalanse i sensorkorpset. Oppmannsgruppa er likt fordelt mellom kvinner og menn.

Ressursrapportering

Resultatområde	FMSF	Sum	
1510 Fagdep. 1510 Fagdep.			
Resultatområde 42	22	0	22
Resultatområde 44	5	0	5
Resultatområde 45	57	0	57
45.1 Tilsyn med ba	27	0	0
Resultatområde 46 og 48	1	0	1
Sum:	85	0	85

Justis- og politidepartementet

Resultatområde 51 Siviladministrasjon

Tilsyn med overformynderi og opplæring for overformyndarane har vore nedprioritert i 2009. Overformyndarar og hjelpeverjene etterlyser kurs og rettleiing, men vi har dette året hatt liten kapasitet til å etterkome behovet som vi meiner er stort.

Det blir gitt rettleiing til overformyndarane som har spørsmål, og tilsyn er gjennomført på bakgrunn av innspel om moglege uheldige forhold i enkeltkommunar.

51.2 Vergemålsloven

Oppgaver etter vergemålsloven

Embeter	Antall saker	Antall tilsyn
FMSF	27	1
Sum	27	1

51.3 Forliksrådene

På området har det vore sporadiske spørsmål frå publikum om verksemda i enkelte forliksråd. Vi har ikkje funne grunnlag for særleg tilsynsaktivitet på området i 2009.

51.4 Tilsynsråd for fengslene

51.5 Tomtefestelov

Området utgår, ingen aktivitet i 2009.

51.7 Kommunale politivedtekter

Oppdrag utført i samsvar med oppdragsbrevet.

51.8 Hundeloven

Fylkesmannen har ikkje hatt klagesaker til handsaming i 2009.

Resultatområde 52 Borgerrettigheter

52.1 Fri rettshjelp

Det vart handsama 685 saker på rettshjelpsområdet i 2009 (inkludert saker for Kontrollkommisjonen). Omlag 97 % av sakene vart handsama innan 4 veker frå dei kom inn. Ved årskiftet hadde embetet ein restanse på 33 saker. Totalt sett har det vore ein liten auke på 1 % i antal innkomne saker sidan førre år, medan antal handsama saker har gått ned med omlag 3 % i same periode.

For meir detaljerte opplysningar om sakstypar og utbetalte beløp, viser vi til kvartalsvise rapportar sendt til Statens sivilrettsforvaltning i tråd med embetsoppdraget.

Vi har brukt ein del ressursar på opplæring av nye på området, og vi har brukt mykje tid på å gjennomgå og revidere våre interne rutinar for journalføring, sakshandsaming og utbetaling. Vi har elles følgt opp innføringa av den elektroniske skjemaløysinga og har arbeida aktivt for å få advokatar til å ta i bruk denne. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har arrangert seminar om elektronisk skjemaløysing for alle embeta.

52.3 Navneloven

Det er relativt få klagesaker på området, og vi har dette året berre handsama ei klagesak, der spørsmålet gjaldt

Resultatområde 53 Forebyggende samfunnssikkerhet

53.1 Oversikt over regionale samfunnssikkerhetsutfordringer

Det har vore ei viktig oppgåve å utvikle kompetanse om konsekvensane for samfunnstryggleiksarbeidet i den nye plan- og bygningslova. Vi har m.a. delteke på NUSB sitt kurs i "Arealplanlegging og samfunnssikkeret" og DSB sine erfaringsseminar i førebyggande samfunnstryggleiksarbeid.

Fylkesberedskapsrådet er ein viktig arena for å skaffe og dele kunnskap om risiko- og sårbarhetsforhold. Det gir og viktig innsikt i kva samarbeidande aktørar kan bidra med i samfunnstryggleiksarbeidet.

53.2 Risiko- og sårbarhetsanalyser

Etter at første utgåva av fylkes-ROS vart ferdig i 2007, har analysen vore brukt aktivt i arbeidet med å skape medvit omkring risiko- og sårbarhetsutfordringane i fylket. Fleire kommunar brukar fylkes-ROS som rettleiar i arbeidet med sine eigne analysar.

Øvingsutvalet i fylket, som var leia av politiet, brukar fylkes-ROS som eit grunnlag for vurderingar av kva tema som det bør øvast på.

Funna i fylkes-ROS har vore eit viktig grunnlag for vurderinga av kva type uønskte hendingar vi bør lage tiltakskort for i revisjonen av embetet sitt beredskapsplanverk. Revisjonen av fylkes-ROS held fram i 2010.

53.3 Arealplanlegging

Ei arealforvaltning som bidreg til å sikre trygge og robuste lokalsamfunn er eit gjennomgåande tema i kontakten vi har med kommunane. Det vert t.d. ruteinemessig teke opp på rettleatingsmøta.

Ved sidan av generell rettleiing og rådgiving, har vi i nokre år brukt motsegn aktivt for å påverke kommunane til å inkludere ROS-analysar i arealplanprosessane. Det ser ut til å ha vorte noko større medvit i kommunane om å sjå til at risiko og sårbarheit vert vurdert ved all ny utbygging, og vi trur at arbeidet vårt har bidrige til dette.

53.4 Veiledning og systematisk gjennomgang og vurdering av kommunene

Vi har gjennomført rettleatingsmøte med sju kommunar. I forkant av møta har vi hatt dialog med Mattilsynet, DSB og politiet, og mellom avdelingane i embetet. Vi samarbeider godt med helsetilsynet om rettleatingsmøta, og vi gir kommunane munnleg tilbakemelding/råd om helse- og sosialberedskapsplanane. På bakgrunn av våre observasjonar i rettleatingsmøte, har Helsetilsynet i etterkant hatt oppfølging overfor to kommunar.

Resultatområde 54 Beredskapsforberedelser

54.1 Beredskapsplaner innen samfunnssikkerhet

Fylkesmannen sin beredskapsplan er oppdatert.

Gjennom rettleiingsmøte og annan kontakt har vi aktivt prøvd å påverke kommunane til utvikle heilskaplege og samordna beredskapsplanverk, basert på ROS-analysar. Vi har samarbeidd nært med Mattilsynet for å utvikle kommunane sine beredskapsplanar for trygg drikkevassforsyning.

Fylkesmannen har god dialog med KDS og kraftforsyningsberedskap er eit viktig tema på møte i fylkesberedskapsrådet.

Vi sende i januar inn oppdatert liste over skjermingsverdige objekt til DSB.

På grunn av kollisjon med arbeidet med influensapandemien måtte vi i 2009 avlyse aktiviteten som vi fekk støtte til av ekstraordinære 702-midlar frå Strålevernet. Dette er sett opp att på planane for 2010.

54.2 Kommuneøvelser

På grunn av det omfattande arbeidet med handteringen av influensaepidemien både i kommunane og hjå oss sjølv, bestemte vi å utsetje dei planlagde øvingane med 8 kommunar, frå november 2009 til april 2010.

54.3 Regional samordning – øvelse

Handteringen av influensapandemien erstatta den årlege øvinga for Fylkesmannen si leiargruppe og krisestab.

54.4 Havneberedskap – øvelse

Den planlagde hamneberedskapsøvinga vart avlyst av Kystverket.

54.5 Samarbeid med Forsvaret – øvelse

Fylkesmannen har delteke på IFO-møte med heimevernet, og vore med på evalueringa etter siv/mil-øvinga Møre-Jarl.

54.6 Regional samordning

Det vart gjennomført tre møte i fylkesberedskapsrådet i 2009. Hovudtemaet for desse møta var handteringen av influensapandemien.

Dei frivillige organisasjonene er representert i fylkesberedskapsrådet, og Fylkesmannen oppfordrar kommunane til å gi dei frivillige organisasjonane representasjon i eige beredskapsråd.

54.8 Felles digitalt nødnett

Oppdraget gjeld berre utvalde embete.

Resultatområde 55 Regional og kommunal krisehåndtering

55.1 Organisering for krisehåndtering

Fylkesmannen sin kriseorganisasjon er brukt aktivt i handteringen av pandemien.

Det føreligg instruksar og planar for krypto-/sambandstenesta.

55.2 Krisehåndtering

Arbeidet med ny influensa A(H1N1) vart omfattande frå slutten av april og ut året. Vi hadde stor aktivitet med vidareformidling av varsel og informasjon til kommunane, og situasjonsrapportering til Helsedirektoratet. Det har vore fleire møte i fylkesberedskapsrådet, og med leiinga og helstenesta i kommunane. Eit viktig føremål med møta med kommunane var å gi råd om lokal beredskapsplanlegging for pandemisk influensa.

Embetal var i slutten av juli tungt involvert i handteringen av eit større utbrot på ein nasjonal leir for 4-H i Gloppe.

Vidareformidling av varsel om ekstremver og flaum er gjennomført når DNMI og NVE har sendt ut slike. Rapportering er gjennomført når det er funne nødvendig og føremålsteneleg.

Vi var involvert i handteringen av følgjene, særleg for EKOM, av eit skred i Aurland.

Ei skredhending på Årdalstangen i desember førte med seg ein gode del oppfølging i etterkant, særleg for å avklare ansvar og roller ved akutt skredfare.

55.3 Evaluering

Vi har i løpet av året ikkje delteke i systematisk evaluering av krisehandtering, men vi har delteke aktivt i oppfølginga i etterkant av hendingar, jf. pkt. 55.2.

Ressursrapportering

Resultatområde	FMSF		Sum	
	1510	Fagdep.	1510	Fagdep.
Resultatområde 51	10	0	10	0
51.2 Vergemålslove	9	0	0	0
Resultatområde 52	64	0	64	0
52.1 Fri rettshjel	63	0	0	0
Resultatområde 53	46		46	0
Resultatområde 54	43		43	0
Resultatområde 55	51		51	0
Sum:	214	0	214	0

Kommunal- og regionaldepartementet

Resultatområde 61 Samordning, omstilling og fornying i kommunene

61.1 Kommunerettet samordning

Det har vore eit mål å besøke alle kommunane i løpet av ein valperiode. I 2009 vart det gjennomført fem kommunebesøk, der vi møtte administrativ leiing og ordførar. I nokre av besøka var også formannskapet med. Kommunebesøka er viktige for dialogen mellom kommunen og Fylkesmannen.

Utveljing av kommunar for Fylkesmannen sine kommunebesøk vart gjort på grunnlag av ei samla ROS-analyse. Fylkesmannen har to faste drøftingsmøte per år med KS i tillegg til den løpende kontakten.

Fylkesmannen sin årlege kommunekonferanse gjekk av stabelen i mai. Interkommunalt samarbeid, klimatilpassing, tilhøvet til EU og etnisk mangfold var viktige tema på konferansen.

Fylkesmannen har faste møte på leiarnivå med NAV.

61.2 Omstiling og fornying i kommunene

I 2009 delte Fylkesmannen ut 7 mill. kroner av skjønnsmidlane til offentlege fornyingsprosjekt. I 2009 vart det til saman gjeve fornyingsmidlar til 18 prosjekt. Det er krav om 50 % eigenfinansiering ved tildeling. Den samla ramma utgjorde såleis 14 mill.kroner i 2009. Krav om samarbeid mellom kommunanar er også viktig, og dette har gjort det mogeleg å få til større prosjekt. Tildelinga vart gjort i to tildelingar - januar og juni.

Fylkesmannen hadde i februar møte med prosjektleiar for Kvalitetskommuneprogrammet. Det kom ikkje inn søknader frå kommunane i 2009, men det er søkt på midlar i 2010.

I 2009 har vi lagt vekt på å spreie informasjon om ulike prosjekt som har fått fornyingsmidlar. Prosjekt har blitt presentert på lokale og nasjonale konferansar og nettverk. I tillegg til dette har prosjekta presentert seg ved å skrive eigne artiklar som er å finne på våre heimesider: <http://www.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=45410>

I samband med tildeling av fornyings- og RUP-midlar er det etabert eit tett samarbeid mellom Fylkesmannen, fylkeskommunen, KS og rådmannsutvalet.

61.3 Samordning av statlig tilsyn

Fylkesmannen har ei intern tilsynsgruppe der alle avdelingane er representert. Føremålet med gruppa er å samordne Fylkesmannen sine tilsyn, kommunebesøk og forvaltningskontrollar mot kommunane. Tilsynsgruppa har minimum eit møte per halvår.

Tilsynsgruppa hjå Fylkesmannen, Mattilsynet og Arbeidstilsynet vert kalla tilsynsnettverket. Tilsynsnettverket har tidlegare hatt ein felles tilsynsdag i desember, der vi har orientert kvarandre om planlagde tilsyn og drøfta felles tema og problemstillingar. Etter at Mattilsynet og Arbeidstilsynet melde frå om at dei hadde lite utbyte av denne møteplassen, gjennomførte vi i 2009 ei evaluering av samhandlinga på tilsynsfeltet. Konklusjonen frå evalueringa var at fagavdelingane hjå Fylkesmannen som hovudregel har eit godt, bilateralt samarbeid med dei andre tilsynetataane i det løpende arbeidet, og at vi inntil vidare legg den felles tilsynsdagen på is.

Vi legg ut tilsynskalender og oversikt over møte og konferansar spesielt retta mot kommunar på nettsida vår. Ein gong per halvår sender vi brev til alle kommunar med kopi til Mattilsynet og Arbeidstilsynet. Brevet inneholder oversikt over Fylkesmannen sine tilsyn, forvaltningskontrollar og besøk komande halvår. Fylkesmannen gjer også forsøk på å innhente oversikter over tilsynsplanar for Arbeidstilsynet og Mattilsynet. Det viser seg likevel at dette i praksis er noko problematisk då desse tilsynetataane har andre sentrale føringar for planleggingsaktiviteten.

Tilsyna deira er også til dels meir aksjonsretta og vert planlagt kort tid før sjølve tilsynet.

Det har i 2009 ikkje vore aktuelle situasjoner som har kravd samordning når det gjeld pålegg.

Resultatområde 62 Kommuneøkonomi

62.1 Kontroll og godkjenning etter økonomibestemmelsene i kommuneloven

- I 2009 godkjente Fylkesmannen årsbudsjett og økonomiplan for 8 Robek-kommunar. For desse kommunane vart det i tillegg særskilt handsama ni lånesøknader (inkl. tre likviditetslån).
- Fylkesmannen handsama tre lånesøknader for KF (kommunale føretak) og to lånesøknad for IKS (interkommunalt samarbeid).
- Fylkesmannen handsama seks kommunale garantisøknader i 2008.
- Utanom Robek-kommunane har det det vore gjennomgang av budsjett og økonomiplan for 18 kommunar.

62.2 Økonomiforvaltning – veiledning

Ved utgangen av 2009 var 4 av dei 26 kommunane i fylket i Robek-registeret. Selje, Flora, Naustdal og Jølster vart meldt ut av registeret, medan Vågsøy vart ny Robek-kommune i 2009. Av dei 4

kommunane er Bremanger og Vik i registeret pga Terra-saka.

Fylkesmannen har i 2009 hatt møte med Robek-kommunane. Dette kjem i tillegg til den løpende kontakten/rettleiinga Fylkesmannen har til desse kommunane. "Terra-kommunane" Bremanger og Vik krevde også i 2009 mykje tid frå Fylkesmannen i form av rettleiing, møte og godkjenning av budsjett/økonomiplan.

I samband med KOSTRA-rapporteringa for 2008, følgde økonomistaben tett opp kommunane sin status under rapporteringsperioden. Kommunar som hadde mangefull innrapporteringa vart purra - anten med e-post eller ved telefonkontakt. Dei ulike KOSTRA-skjemaa vart fordelt mellom avdelingar. Det var knytt kontaktpersonar til dei ulike skjema. Oversyn over kontaktane vart lagt ut på våre heimesider.

I Sogn og Fjordane har Fylkesmannen oppretta eit eige økonominettsverk for kommunane. Nettverket består av økonomiansvarlege og rekneskapsmedarbeidarar i kommunane. I tillegg er kommunerevisjonen godt representert i nettverket. I 2009 hadde vi to samlingar i nettverket - mai og november. Personalutvikling, årsoppgjer og Kostra var nokre av tema i 2009. Evalueringane frå samlingane er gode. Økonominettsverket har eige område på våre heimesider: <http://fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=33569>

I ei samling om ny finansforskrift for kommunane i Sogn og Fjordane og Hordaland, hadde Fylkesmannen eit innlegg om oppfølging av kommunane i samband med innføring av forskrifta.

Resultatområde 63 Kommunalrett og valg

Det er gitt løpende rettleiing om communalrettslege problemstillingar, men særleg aktuelt har vore spørsmål om møteprinsippet, opne eller lukka møter, valg til kontrollutvalet, enkelte saker om innbyggjarinitiativ samt prosedyren rundt mindretalsklage.

Av kapasitetsomsyn har embetet hatt streng prioritering på vurderinga av om saker skulle bli tatt opp til lovlegkontroll av eige initiativ etter kommunelova § 59 nr. 5. Etter særleg gjennomgang av kommunane sine val til kontrollutval, var det ikkje naudsynt å gjennomføre lovlegkontroll på dette spørsmålet i vårt fylke, jf. brev frå KRD av 4. juli 2008.

63.1 Kommunalrett

Det er gjennomgåande mange spørsmål om habilitet for folkevalde og vi har mykje rettleiing på dette området. Dei krav om lovlegkontroll som har blitt innsendt til Fylkesmannen har i stor grad handla om budsjettsaker og mest framtredande er saker om nedlegging av skular og fastsetjing av skulestruktur. Innføring av eigedomsskatt har også vore problematisert gjennom lovlegkontroll.

Lovlighetskontroll

Embeter	Saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i			Lovlighetskontroll initiert av fylkesmannen			Vedr. habilitet	Vedr. lukking av møter
	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig		
FMSF	6	6	0	0	0	0	0	0
Sum	6	6	0	0	0	0		

63.2 Valg

I samband med Stortings- og sametingsvalet i 2009 vart det i samarbeid med fylkeskommunen og KS, arrangert valkonferanse for alle kommunane. Vallovgivninga og den praktiske gjennomføringa av val på valdagen vart gjennomgått. 25 av 26 kommunar deltok på opplæringskonferansen.

På valdagen hadde FMSF valberedskap til kl 22.00, og var tilgjengeleg for kommunane om spørsmål knytt til gjennomføringa av valet.

Resultatområde 64 Forvaltningsloven og offentleglova i forhold til kommunesektoren

Fylkesmannen har halde fleire kurs om den nye offentleglova, både for kommunane samla, fylkeskommunen og for grupper av tilsette i kommunane. Det har vore fokusert på ny lov i internopplæring der alle tilsette har delteke på gjennomgang av ny lov og prosedyrer for behandling av saker i embetet.

Det er behandla 11 klager på avslag om innsyn etter offentleglova. Fleire av klagene gjeld samme sakskompleks, den såkalte Tall Ships Races-saka frå Vågsøy kommune, ei sak som var svært mykje medieomtalt i 2009.

Vi har løpende rettleiing til kommunane om problemstillingar i forvaltningsretten. Det er mest spørsmål om habilitetskrav, rettsleg klageinteresse og forvaltninga sin utgreiingsplikt.

Det er behandla to klager på avslag på krav om dokumentinnsyn etter forvaltningslova.

Resultatområde 65 Kommuneinndeling og interkommunalt samarbeid

65.1 Kommuneinndeling

Det har ikkje vore saker om kommuneinndeling.

65.2 Interkommunalt samarbeid

Det er etablert fleire interkommunale samarbeid i fylket. Nye område for samarbeid i 2009 var ma. kvalitetsheving og sikring i barnehagane og skulane i HAFS-regionen, innføring av felles elektronisk identitet (FEIDE) for skulane i fylket, interkommunalt byggjetilsyn i indre Sogn og bruk av telemedisin i samhandling mellom sjukeheimar og interkommunal legevakt i Sunnfjord og ytre Sogn, for å nemne nokre. Tiltaka vart støtta med høvesvis skjønnsmidlar og regionale utviklingsmidlar (RUP) frå fylkeskommunen..

Resultatområde 66. Bolig- og bygningsrett

66.1 Byggesaker

Vi har behandla 265 klagesaker i 2009, noko som er 132 fleire saker enn i 2008. Dette utgjer altså ein auke på 100 %. I forhold til det tidlegare rekordåret (2007) har vi auka talet på behandla saker med 53, dvs. ein auke på 25 %.

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for alle saker ligg innanfor 3-månaderskravet KRD har satt på området. Vi har fristoverskridning i enkelte saker, men overskridingane ligg normalt innanfor 10 dagar ut over fristen. Den største kapasitetsmessige utfordringa er at mengden av settesaker har auka svært mykje. Vi har klart å auke produksjons-kapasiteten ved bruk av ein ekstra saksbehandlarstilling og prioritering av saksområdet.

Vi fekk inn totalt 133 setjesaker frå Hordaland, mot 77 i 2007 og 100 i 2008. Setjesakene er elles særleg ressurskrevjande, mellom anna ved at naudsynte synfaringsreiser tek lang tid.

66.2 Saker om ekspropriasjon

Det er behandla fem saker om ekspropriasjon, hovudsakleg på rett til å framføre strømlinjer i linjenett under nettselskap sine område-konsesjonar, men også til gjennomføring av reguleringsplan. Det er gitt samtykke til ekspropriasjon i alle sakene.

Det var også søkt om og innvilga rett til førehandsovertaking i desse sakene.

66.3 Klage etter eierseksjonsloven

Klage etter eierseksjonsloven - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMSF	0	0	0	
Sum	0	0		

66.4 Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård**Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård - antall**

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMSF	0	0	0	
Sum	0	0		

Ressursrapportering

Resultatområde	FMSF	Sum
	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.
Resultatområde 61, 63, 64 og 65	49	49 0
Resultatområde 62	61	61 0
Resultatområde 66.	155	155 0
Sum:	265 0	265 0

Arbeids- og inkluderingsdepartementet**Resultatområde 73 Levekår og sosiale tjenester**

Det var ved utgangen av året etablert NAV-kontor i samtlege kommunar. Partnarskapsavtalane varierer, men det er ingen kommunar som berre har minimumsløysing når det gjeld kommunale tenester. M.a. har dei fleste kommunane lagt ansvaret for rus til NAV-kontoret.

Arbeidet med å få etablert NAV har medført stort behov for opplæring, særleg på bruk av felles tekniske løysingar. Deler av oppfølging av kompetanse på dei kommunale oppgåvane i NAV har såleis blitt sett på vent til kontora er betre etablert.

Arbeidet med Kvalifiseringsprogrammet har høg prioritet og vi har følgt opp alle kommunane både fagleg og i å oppnå resultatkrava. Vi meiner vi har lukkast i å nå desse måla.

Samtlege kommunar har fått tilbod om opplæring og praktisk bistand i arbeidet med økonomisk-/gjeldsrådgjeving. Vi har fått gode tilbakemelding frå kommunane på dette arbeidet.

Bustadsosialt arbeid gir visse utfordringar med å få kommunane til å ta stort nok ansvar. Vi har gitt tilbod om informasjon i samarbeid med Husbanken, men deltakinga frå kommunane har vore heller laber.

73.1 Lov om sosiale tjenester

Etablering av NAV-kontor er no gjennomført i alle kommunar. Gjennom partnarskapsavtalen er ulike, men fleire oppgåver enn minimumsløysinga lagt til NAV-kontoret.

Tilsette har gjennomgått mykje opplæring i felles IKT. Det har såleis vore liten plass til opplæring innan sosiallovgjevinga og arbeid med dei sosiale sakene. Dette vil bli meir prioritert i tida framover.

73.2 Arbeids- og velferdsforvaltningen og sosiale tjenester -formidlingstiltak og kompetanseutvikling

Gjennomførte kompetanse- og kvalitetsutviklingstiltak 2009

Føremål / hyppigkeit / innhald / målgruppe /samarbeidspartar

Det er gjennomført sju fagdagar for sosialtenesta/NAV-tilsette med tema som sosialtenestelova og skjønn , arbeid og psykisk helse, reflekterande team og oppfølgingsarbeid, arbeidsevnevurdering, marknadsarbeid, motivasjonsarbeid, tilskotsordningane. Dette har skjedd gjennom eit samarbeid mellom Fylkesmannen og NAV fylke.

Tre frukostmøte (fagfora for tre og tre kommunar) - tema psykiatri og samarbeid - metode: reflekterande team - målgruppe: ansvarlege for tenester i NAV-kontor til menneske med psykisk liding og psykisk helseteneste i kommunen og brukarrepresentant. Samarbeid mellom NAV-fylke og Fylkesmannen.

Ti NAV-leiarsamlingar, tema var boligsosialt arbeid, ny lov, økonomisk rådgjeving og gjeldsrådgjeving, Helsedirektoratet sine oppgåver, kvalifiseringsprogrammet, rus, psykiatri, tilskotsordningar, samarbeidspartar, internkontroll. Samarbeid Fylkesmannen og NAV fylke.

Det er gjennomført tverrfagleg konferanse i rettleiing for 94 personar med interesse for faget. Konferansen vart gjennomført i samarbeid mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen. I tillegg driftar vi ei nettside for eit rettleiarnettverk: <http://www.fylkesmannen.no/hovedEnkel.aspx?m=20521>

73.3 Kvalifiseringsprogrammet

Fylkesmannen har hatt faste samarbeidsmøte med NAV fylke på leiarnivå gjennom året.

Fylkesmannen har delteke med 100% personalressurs inn i KVP-prosjektet i tillegg til to kommunale kompetanserettleiarar i ca 50% stilling til saman. I prosjektet har det vore møte kvar veke for å fordele og planlegge arbeidet ut mot kommunane. Alle 26 kommunane har fått eitt eller fleire besøk av prosjektmedlemane i løpet av året. Fokus har vore måloppnåing og kvalitet på programma, og vi syner her til tertialrapporten for 3. tertial 2009.

Vi har og hatt besøk og erfaringsutveksling med prosjektmedlemane i Møre og Romsdal.

73.4 Økonomisk rådgivning

Det er gjennomført eitt grunnkurs og eitt kurs for vidarekomne om gjeldsrådgjeving, begge med ca 30-35 deltagarar frå NAV/sosialtenesta.

I tillegg har Fylkesmannen engasjert ein tidlegare namsmann til å rettleie NAV-kontora/kommunane i enkeltsaker. Nær alle NAV-kontora har nytta seg av tilbodet. Fylkesmannen har fått svært gode tilbakemeldingar på dette tilbodet, og vi vurderer å halde fram med ordninga dersom tildelinga av kompetansemidlar blir på same nivå som 2009.

73.5 Boligsosialt arbeid

Det er gjennomført ein konferanse om bustadsosialt arbeid i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland. Målgruppa var NAV-tilsette og andre i kommunen med ansvar for bustader til vanskelegstilte.

I tillegg har vi hatt bustadsosialt arbeid og tilskotsordningane som tema på NAV-leiarsamling og på fleire fagdagar. Vi har og vore på eitt planleggingsmøte med Husbanken i Bergen og elles samarbeidd om deira konferanse her i fylket.

Vi har og oppfølging av prosjekta ute i kommunane.

Resultatområde 78 Innvandring og integrering

Fylkesmannen har ein gong i året dialogmøte med Utlendingsdirektoratet (UDI), Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI), KS, NAV evt. andre etatar alt etter kva tema som står på dagsorden. På dette dialogmøtet deltek utdanningsdirektør og embetsleiringa.

Hos Fylkesmannen er det oppnemnd ein koordinator som har som ansvar å koordinere oppgåvene knytt til asylsøkjarar, flyktningar og innvandrurar. Koordinatoren har som ansvar å halde oversyn over embetet sine oppgåver og tiltak knytt til området. Han skal formidle aktuell informasjon internt og eksternt, invitere til innspel, vurdere og foreslå felles tiltak, og vere eit kontaktpunkt mot ulike samarbeidsfora.

78.1 Statsborgersaker

Vi inviterte 121 nye statsborgarar til seremoni i Statens hus Sogn og Fjordane 25. april 2009. 25 av dei inviterte deltok på seremonien, noko som gir ein deltakingsprosent på vel 20.

Statsborgerseremonier

Embeter	Antall seremonier	Prosent nye statsborgere som har deltatt
FMSF	1	20
Sum	1	

78.2 Bosetting av flyktningar

Det vart gjennomført møte i mai med leiarane i UDI Vest og IMDI, samt leiar i KS-styret og leiar i rådmannsutvalet i tillegg til fylkesmann, assisterande fylkesmann, utdanningsdirektør og to andre representantar for Fylkesmannen. Busetting av flyktningar var eit sentralt tema.

I tillegg har det gjennom heile året vore dialog med UDI-Vest og IMDI korleis ein kan støtte kommunane i sitt arbeid med busetting av flyktningar.

78.3 Introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven)

Tal klagesaker i 2009 er 3. Alle sakene gjeld stans av introduksjonsprogrammet, utfallet av sakene vart at klagaren ikkje fekk medhald.

Introduksjonsloven har vore tema på samlingar som fylkesmannen har hatt i samarbeid med IMDI vest

78.4 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere og norskopplæring for asylsøkere

Fylkesmannen har etablert eit samarbeid med IMDI vest der ein saman tilbyr kurs for lærarar som har undervisning i samfunnskunnskap for voksne innvandrere og norskopplæring.

Resultatområde 79 Konsultasjonsprosedyrer mellom statlige myndigheter og Sameting

Det har ikkje vore aktivitet på dette området i 2009.

Ressursrapportering

Resultatområde	FMSF	Sum
1510 Fagdep.	1510 Fagdep.	
Resultatområde 73	35	102

73.3 Kvalifisering	52	0	0
Resultatområde 78	16	16	0
Resultatområde 79		0	0
Sum:	51	102	51 102

Helse- og omsorgsdepartementet

Resultatområde 75 Habilitering og rehabilitering

75.1 Habilitering og rehabilitering – nasjonal strategi

Fylkesmannen gjennomførte ei kartlegging av koordinerande eining og individuell plan i juni - juli 2009. 19 av 26 kommunar har svara at kommunen har ei synleg adresse, medan sju svara nei. I mange av kommunane er koordinatorrolla lagt til stillingar med tittel som inneber ansvar for andre tenesteområde i tillegg til rehabilitering/habilitering, som til dømes kommuneefysioterapeut, omsorgsleiar, helseleiar og liknande. Fleire kommenterer at dei har rutinar under utarbeiding for å gjere tenesta meir synleg.

Rehabiliterings-/habiliteringseininga er fast kontaktpunkt for spesialisthelsetenesta i 21 av kommunane, medan fem svarar nei. Dei fleste seier dei har eit godt samarbeid med spesialisthelsetenesta, men nokre kommunar har som praksis å få tilbakemelding til den sektoren som ”eig” diagnosen.

17 av kommunane seier den koordinerande eininga har systemansvaret for å få utarbeidd individuell plan for brukarane, ni kommunar svarar nei på dette spørsmålet. 21 av kommunane seier derimot at eininga er med å sikre rutinar for utarbeidinga av individuell plan, medan fem svarar nei. 19 av kommunane seier at koordinerende eining har ansvar og faste rutinar for tverrfagleg arbeid. 22 av kommunane svarar at koordinerende eining samarbeider med etatar utanfor helsetenesta. 20 av kommunane har sektorovergripande prosedyrar for utarbeiding av individuell plan, medan seks kommunar manglar slike prosedyrar.

Vi syner til eiga rapportering dagsett 23.07. 2009

75.2 Barn med nedsatt funksjonsevne og deres familier

Tre modular av TAKT-programmet vart arrangert for kommunar i Sogn og Fjordane i 2008. Programmet vart gjennomført i 2007 første gong, og vart tilbydd resten av kommunane i 2008. 35 deltagarar gjennomførte programmet i 2008. Tilsaman har 23 av 26 kommunar i Sogn og Fjordane gjennomført opplæringsprogrammet i 2007 og 2008. I september 2009 gjennomførde vi ein oppsummeringskonferanse i fylket saman med Østlandsforskning. 15 kommunar deltok med tilsaman 35 representantar.

Under oppsummeringa kom det fram fleire ynskje frå deltakarane både frå regionalt og nasjonalt nivå.

Frå regionalt nivå:

Tema om koordinerande eining og arbeid med Individuell plan må takast opp på Fylkesmannen sine møte med kommunane, på leiarsamlingar og koordinerande eining må verte ei målgruppe for Fylkesmannen sine møte. Arbeidet må forankrast på høgt nivå. Rådmennene bør drøfte rehabilitering på prinsipielt nivå. Fylkesmannen må kalle inn til faste møte om temaet (opplæringspakkar om temaet til kommunane, utarbeidning av elektroniske malar for IP, kurs om koordinatorrolla, mellom anna med vekt på møteleiing).

Frå nasjonalt nivå:

IP må forankrast i opplæringslova, i tillegg til dei eksisterande lovreguleringane. Rapporteringa i IPLOS og KOSTRA må få større rehabiliteringsfokus, og det må arbeidast for å utvikle indikatorar som avspeglar denne deltenesta betre. Det bør komme øyremerkar midlar til rehabilitering frå staten, og tilskotet til tunge brukarar bør vidareførast og helst aukast.

Fylkesmannen var representert på samling i Helsedirektoratet 10.12.2009 for å diskutere vidare oppfølging og arbeid på fagområdet frå Helsedirektoratet.

75.3 Unge personer med nedsatt funksjonsevne i alders og sykehjem

Fylkesmannen har vore i kontakt med dei kommunane som i KOSTRA hadde rapportert om personar under 50 år i sjukeheim. I eit par saker er dette feilrapportert, og kommunen er bedne om å få endre rapporteringa. Dei øvrige par personane ønskjer å ha opphald i sjukeheim.

Resultatområde 76 Kvalitet og samhandling

76.1 Samarbeid mellom 1. og 2. linjetjenesten

Helse Førde og kommunane/KS i fylket har etablert ein formell struktur for samarbeidet mellom dei to nivåa. Det er dei som har ansvaret for tenestene og dermed samarbeidet. Fylkesmannen har berre mynde til å drive med rådgiving og pådriving. Fylkesmannen har berre ei observatørrolle i det viktigaste formelle samarbeidsorganet i fylket.

Samarbeidsspørsmål vert tekne opp i ei rekke samanhanger elles, t.d. på konferanser og samlingar med ulike tema og i tilsynssamanhang.

Sentrale helsestyresmakter bør ta inn over seg Fylkesmannen si formelle rolle og mynde i dette arbeidet når oppdrag vert gitt. I dag tyder oppdraga og forventningane til kva Fylkesmannen kan gjere på dette området at rolleforståinga hjå sentrale styresmakter er mangelfull.

76.2 Individuell plan

Vi syner til rapportering under 75.1 og 75.2

76.3 Nasjonal strategi for kvalitetsforbedring i sosial- og helsetjenesten

Vi har ikkje hatt aktivitetar som tek opp kvalitetsstrategien som isolert tema, men omgrepsapparatet og tankegangen i strategien vert nytt i dei fleste utadretta aktivitetane vi driv.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane meiner strategien i dag er næraast uvirksam, og få kjenner til han. Skal dette endrast, må strategien koblast til konkrete handlingsplanar. Dette kan t.d. skje gjennom den nye nasjonale helse- og omsorgsplanen som skal lagast i år. Den bør bli den nye kvalitetsstrategien.

Etiske spørsmål i pleie- og omsorgstenestene har vore tema på leiarnettverk for leiarar i helse- og omsorgstenestene.

76.5 Felles digitalt nødnett

Det har ikkje vore aktivitet på dette området i Sogn og Fjordane.

Resultatområde 77 Andre oppdrag

77.1 Helsemessig og sosial beredskap

Det meste av arbeidet med sosial- og helsemessig beredskap i år har vore knytt til pandemien. Dette arbeidet har til gjengjeld vore omfattande. Vi har nytt godt av eit langsiktig arbeid i samarbeid med beredskapsseininga hos Fylkesmannen på dette området for å førebu ein pandemisituasjon. Vi hadde mellom anna ei omfattande pandemiøving i fylket i november 2008.

Både kommunane, Helse Førde, Fylkesmannen og andre offentlege instansar har fått nytig øving i beredskapsarbeid og oppdatering av planverk. Utbrotet av svineinfluensa i ein 4-H-leir i Gloppen i sommar, tidleg i pandemifasen gav nytig lærdom, ikkje minst om Fylkesmannen si sårbarheit. Vi reknar med at pandemihandteringen vert gjenstand for ei eiga og grundigare evaluering og skriv difor ikkje meir her og no.

77.2 Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

Embeter	Antall	Gjennomsnittlig saker saksbehandlingstid
FMSF	0	
Sum	0	

77.3 Særfradrag

Fire saker var påklaga og sendt til Helsedirektoratet. Klagar fekk ikkje medhald i nokon av sakene.
Særfradrag for utgifter til behandling utenfor den offentlige helsetjenesten. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid.

Embeter	Antall	Gjennomsnittlig saker saksbehandlingstid
FMSF	12	3
Sum	12	

77.4 Førerkortsaker

Førerkort. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall	Gjennomsnittlig saker saksbehandlingstid
FMSF	561	13
Sum	561	

77.5 Pasientjournaler

Pasientjournaler. Antall saker.

Embeter	Antall
FMSF	0
Sum	0

77.6 Rett til trygderefusjon

Ingen saker.

77.7 Helse- og omsorgsmelding (tidligere Helse og sosialmelding)

Helse- og sosialmelding vert utarbeidd innan 01.03.2009.

77.8 Rettssikkerhet ved ytelse av helsehjelp med hjemmel i Pasientrettighetsloven kap. 4A

Vi gjennomførte kurs i 2008 for opplæringsansvarlege og helsepersonell i kommunehelsetenesta, spesialisthelsetenesta og tannhelsetenesta i fylket.

I etterkant av dette har vi gjeve individuell rettleiing i samband med aktuelle problemstillingar og saker. I tillegg har vi i leiarnettverk for leiarane i pleie- og omsorgstenestene i kommunane oppsummert våre erfaringar frå arbeidet med dette saksområdet for leiarane, og gjeve supplerande opplæring på bakgrunn av desse erfaringane. I samband med IPLOS-opplæring hadde vi undervisning om pasientrettigheitslova 4A.

Resultatområde 83 Folkehelsearbeid

83.1 Folkehelsearbeid generelt

Fylkesmannen har eit tett samarbeid med fylkeskommunen om partnerskapet for folkehelse. 21 av 26 kommunar i fylket har underteikna partnerskapskontrakt med fylkeskommunen. Det vert arrangert faste samlingar for koordinatorane i partnerskapskommunane. I 2009 var det ei samling den 19.mai. Dessutan var det ulike andre aktuelle samlingar for koordinatorane. Det er oppretta tverrfaglege folkehelsegrupper ved alle dei vidaregåande skulane i fylket. Snus- og røykfri skuletid var eit tema på eit seminar for denne gruppa den 7 mai. I tillegg var *Motiverande samtale med ungdom* hovudfokus på samlinga, med innleiing av Mia Børjesson frå Voksne for barn. Konferansen hadde 35 deltakrar.

På kursa for turnuslegar, fysiotapeutar og kiropraktorar var fysisk aktivitet og helsekonsvensar eit av temaene som vart teke opp.

I juni arrangerte fylkestrafikkutvalet ein konferanse om trafikktryggingsarbeidet i fylket som eit ledd i det ulukkesførebyggande arbeidet. Høyanger kommune hadde ein eigen folkehelsedag, der dei fokuserte på nasjonale føringer og tverrfagleg samarbeid om det helsefremmande og førebyggande arbeidet i kommunen.

Fylkesmannen og fylkeskommunen arrangerte Folkehelsedagar 26. -27. november med tittelen Samhandling og planlegging for betre folkehelse. Det var ca 80 deltakrarar frå kommunar og frivillig sektor. Det var fokus på utfordringar i folkehelsearbeidet med vekt på utfordringar i samband med Samhandlingsreforma. Vidare var det tema om grenseflatene mellom samhandlingsreforma og det tverrfaglege folkehelsearbeidet. Det var innlegg om kommunal planlegging som verkty i folkehelsearbeidet, universell utforming, korleis kan vi planlegge for meir fysisk aktivitet, sunt kosthald, tobakksførebyggande arbeid og tobakksfri skuletid med meir. Aktive skulebarn og trafikktryggingsarbeid var eit anna tema.

Folkehelsearbeid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMSF	0	
Sum	0	

83.2 Miljørettet helsevern

Helsedirektoratet har gjennomført ei undersøking om korleis kommunane forvaltar regelverket for Miljøretta helsevern. Rapporten ber preg av at det miljøretta helsevernet i kommunane i Sogn og Fjordane er vesentleg därlegare enn kva lovverket føreset. Det same har vi funne i ei eiga undersøking gjennomført i 2008.

Dette er truleg ein situasjon som har vore slik i mange år. Årsakene er samansette: låg fagleg og politisk prioritering, små kommunar og fagmiljø, svak fagleg oppfølging frå sentralt hald.

83.3 Ernæring, fysisk aktivitet og tobakk

Ernæring

Ressursgruppa for ernæring har hatt to møte i løpet av 2009, i mars og i november. Vi har i store trekk gjennomført dei tiltaka som var sette opp på handlingsplanen for 2009. Høgskulen har oppretta ei

vidareutdanning som deltidsstudium for helse- og sosialpersonell, lærarar, barnehagetilsette og andre interesserte. Utdanninga gir 15 studiepoeng. Høgskulen arrangerte kurs om ernæring og fysisk aktivitet i Førde i februar 2009, med god deltaking.

Fylket har delteke i Fiskeprellprosjektet og det har vore arrangert kurs i alle fire regionane i fylket. 21 kommunar har delteke med til saman 134 deltakarar. Vi har og prøvt å få til eit eige kurs for Mat og Helse lærarar i ungdomsskulen. Det var ikkje nok påmelde, så det kurset er utsett til 2010.

34 barnehagar er MER-barnehagar. Eit anna prosjekt er *frå pupp til kopp*; å dele ut drikkekopper til 1-åringar gjennom helsestasjonen. Det er eit samarbeidstiltak mellom tannhelsetenesta og partnerskapet for folkehelse. I september vart det arrangert ein oppfølgingsdag om sunn mat i kantina med erfarsutveksling for tilsette i kantinene i vidaregåande skule, statens hus, sjukehus og høgskulen.

Ernæring var tema på leiarnettverket for pleie og omsosrgsleiarane i kommunane i november med innlegg om kosthald for eldre med vekt på retningslinjer for førebygging av underernæring.

Fysisk aktivitet

Fylkeskommunen har etablert dansegrupper i 14 kommunar i fylket, etter modell med Ung til ung-formidling. Partnerskapet har støtta opp om etablering av lågterskelaktivitet i dei fleste kommunane. Det er gitt både råd og økonomisk støtte til etablering av Aktiv på dagtid og Frisklivssentral i fleire kommunar; Førde, Flora, Sogndal og Stryn. Desse samarbeider med nabokommunane om tilboda.

I samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane arrangerte partnerskapet også i 2009 ein tverrfagleg konferanse om fysisk aktivitet og helse. Det var god respons og nær 200 deltakarar på konferansen.

Ressursgruppa for fysisk aktivitet har hatt to møte, og sett opp eigen handlingsplan for 2009. Handlingsplanen er evaluert og tiltaka som var sette opp er vidareførde og jobba vidare med. Det er delt ut stimuleringsmidlar gjennom partnerskapet for folkehelse til oppretting av Barnas turlag i fleire kommunar og regionar. Det same gjeld tiltak for å stimuler til aktive skulebarn-tiltak. Vi har informert om helsegevinstar ved fysisk aktivitet i samsvar med nasjonale føringer på turnuskandidatkurs, koordinatorsamlingar og på fleire andre arenaer.

Sogndal kommune, ein av kommunane som er med på Kvalitetskommuneprosjekt frå Kommunaldepartementet, gjennomfører eit Trivsel og tryggleik-prosjekt med vekt på fysisk aktivitet.

Tobakk

Alle ungdomsskulane i fylket deltek i FRI-programmet. Vi har sett opp ein pengepremie for dei fire beste skulane som vert delt ut i mai 2010 for dette skuleåret. Vi har eit godt samarbeid med fotballkretsen som driv aktivt tobakksførebyggande arbeid, med ma. Tobakksfrei på sidelinja-banner på alle turneringar for aldersbestemde klassar i kretsen.

Ei av bedriftshelsetenestene har fått støtte til eit prosjekt om livsstilsendring i nokre av medlemsbedriftene sine. Mellom anna har det vore arrangert røyke- og snusslutt-kurs med gode resultat. Verdens tobakksfrie dag var markert på alle vidaregåande skular, utanom jordbrukskulane, på mange/ dei aller fleste helsstasjonane og tannhelsetenesta var også i år ein pådrivar og aktiv samarbeidspart i markeringa.

Fylkeskommunen jobbar vidare med å gjere politisk vedtak om tobakksfrei skule- og arbeidstid i vidaregåande skular og på andre arbeidsplassar i fylkeskommunen

83.4 Forebygging av osteoporose og osteoporotiske brudd

Fylkesmannen har ikkje hatt eigne tiltak på området. Fylkeskommunen har hatt prosjekt om Trygge eldre, som blant anna har fysisk aktivitet som tiltak for fallførebygging. Åtte kommunar deltek i prosjektet. Fysisk aktivitet som trivselsfremjande og førebyggande tiltak for eldre vart presentert på leiarsamling for pleiarar i pleie og omsorgssektoren.

83.5 Forebygging av uønsket svangerskap og abort

Fylkesmannen har i 2009 delt ut 342.000,- til å førebyggje uønskte svangerskap og abort. Seks kommunar fekk tildelt midlar. Ein studentsamskipnad i samarbeid med lokale helsestasjonar fekk midlar.

83.6 Smittevern

Vi gjennomførte pandemiøving der alle kommunane deltok i 2008. I etterkant av dette har vi fått inn smittevernplanar til uttale. I 2009 har det vore jamlege møte i samband med pandemien.

Vi har delteke på smitteverndag i Helse Førde. Vi har samarbeidd med tuberkulosekoordinator og hygienesjukepleiar i Helse Førde.

Alle kommunane i fylket har no avtale med Helse Førde om oppfølging av infeksjonskontrollprogrammet
Fylkesmannen har ikkje hatt smittevernsaker til behandling i 2008.

Resultatområde 84 Primærhelsetjeneste

84.1 Allmennlegetjenesten inkludert fastlegeordningen

Det har vore lite merksemrd om fastlegeordninga og allmennlegetenesta i 2009. Derimot har det vore stor merksemrd om legevakttenesta ved at det er etablert ei stor interkommunal legevaktordning i Sunnfjord og Ytre Sogn. Fylkesmannen/helsetilsynet i fylket har ikkje registrert mange negative tilbakemeldingar eller klager knytt til denne ordninga. Det er og ei interkommunal legevaktordning i Nordfjord. Ved begge legevaktordningane deltek fastlegane i langt mindre grad enn det som er ønskjeleg.

Nokre kommunar meldar om rekrutteringsvanskar. Fylkesmannen gjorde ei kartlegging av stoda i 2008 og har gjort ei ny kartlegging i februar 2010. Denne vert omtalt i Helse- og sosialmeldinga for 2009.

84.2 Turnustjeneste

Fylkesmannen har arrangert to kurs i offentleg helsearbeid for turnuslegar, turnusfysioterapeutar og kiropraktorar. Kursa har deltakarar frå Hordaland og Sogn og Fjordane.

Vi har eit opplegg med grupperettleiing av turnuslegar både i kommunehelsetenesta og i spesialisthelsetenesta. Dette har vi fått gode evalueringar på.

Vi er varsla om at Helse Førde kjem til å kutte ut si grupperettleiing dersom den økonomiske støtta frå Fylkesmannen opphører. Dette vil vere særskilt beklateleg, ikkje minst i høve rekrutteringa av nye legar til Helse Førde sjølv.

Det skapar store problem for oss at talet på turnuskandidatar til kommunane varierer så mykje frå halvår til halvår.

Det store talet på turnuskandidatar i Helse Førde, der fleire har teneste på sjukehus med avgrensa behandlingstilbod, skapar store utfordringar med å skape ei turnustjeneste med tilstrekkeleg læringsmiljø.

84.3 Lov om helsetjenesten i kommunene/ Pasientrettighetsloven, klagesaksbehandling

Vi har registrert 20 pasientrettighetsklagesaker i 2009. Sakshandsamingstida i desse sakene skal til vanleg ikkje overstige 3 mnd. For 2009 har vi median sakshandsamingtid 34 dagar, snitt 45 dagar og max 130 dagar. Vi har to saker som ikkje er handsama innanfor 3 mnd. Årsaka til lang sakshandsamingtid for desse to sakene er for den eine dels sakshandsamarbyte, dels ferieavvikling, for den andre dels feireavvikling og dels behov for innhenting av supplerande opplysningar.

På dette området rapporterer vi også via RegRot til Helsetilsynet.

Lov om helsetjenesten i kommunene med tilhørende forskrifter. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMSF	20	45
Sum	20	

84.4 Helsetjenesten til innsatte i fengsel

Fengselet i Vik har inngått skriftleg avtale med DPS/sjukehus. Vi har hatt møte med leiinga og helsetenesta i fengselet. Det vart sett fokus på aktuelle tema, blant anna bruk av individuell plan.

84.5 Helsetjenestetilbud til asylsøkere, flyktninger og innvandrere

Vi har hatt samarbeid med tuberkulosekoordinator i Helse Førde.

Ei eventuell kartlegging av organiseringa av helsetenestene til desse gruppene vert vurdert gjennomført i løpet av 2010.

84.6 Helse- og omsorgstjenester i et flerkulturelt samfunn

Det har ikkje vore spesifikke aktivitetar på helse- og omsorgsområdet i 2009.

84.7 Helsetjenestetilbud til personer utsatt for seksuelle overgrep eller vold i nære relasjoner

Fylkesmannen har samarbeida med Hordaland om å arrangere ein konferanse med tema om kjønnslemlesting og tvangsekteskap som tema i Bergen i november. Deltakarar frå tre kommunar i Sogn og Fjordane deltok på konferansen.

Vi arrangerte ein konferanse i november, der temaet var kjønnslemlesting og vald i nære relasjonar med ca 70 deltakarar. Konferansen var ein oppstartskonferanse for ei kursrekke som er planlagd i 2010 om temaet. Kursa er eit samarbeid mellom Ressurssenter for vald, traumatiske stress og sjølvmord (RVTS), Kriminalomsorgen, Bufetat, Politiet og Høgskulen i Sogn og Fjordane, for deltakarar både i Hordaland og Sogn og Fjordane. Fylkesmannen har i samarbeid med etatane over starta ei tverrfagleg kompetanseheving i høve til valdsproblematikk.

84.8 Helsestasjons- og skolehelsetjenesten

Vi har kontakta nokre kommunar som har innbyggjarar med innvandrarbakgrunn. I desse kommunane vert det delt ut gratis vitamin D- dråpar.

Fylkeskommunen har gjennomført spørjeundersøking ved dei vidaregåande skulane i fylket. Undersøkinga viser at elevane er tilfredse med skulehelsetenesta. Alle skulane hadde skulehelseteneste.

Helsedirektoratet har gjennomført ei kartlegging/spørjeundersøking i helsestasjons- og skolehelsetenesta i 2009/10.

Helsestasjonane har brukt store ressursar i samband med pandemien og dette har ført til mindre kapasitet til gjennomføring av andre oppgåver. Vi vil derfor utsetje ei eventuell kartlegging av kapasitetten i skulehelsetenesta til 2010.

84.9 Svangerskapsomsorgen

Alle kommunane i fylket har tilbod om jordmorteneste.

Gulen kommune har samarbeid med Masfjorden kommune om jordmordteneste og Solund kommune har tilsvarende samarbeid med Florø kommune. Desse kommunane manglar jordmor i eigen kommune, men samarbeidet med andre kommunar fungerer tilfredsstillande.

84.10 Kjønnslelestelse

Fylkesmannen var medarrangør for konferansen i Bergen i november, og vi gav støtte til helsepersonell fra Sogn og Fjordane som deltok på konferansen. Kjønnslelesting var og tema på vår tverrfaglege konferanse i Førde i november om vald i nære relasjoner.

84.11 Tannhelse

På fylkesnivået er tannhelsetenesta representert både i ressursgruppa for ernæring og ressursgruppa for førebygging av tobakk. Samleis er tannhelsepersonell alltid med på samlingar for dei kommunale folkehelsekoordinatorane i fylket. Tannhelsetenesta deltek i alle folkehelsegruppene på dei vidaregåande skulane i fylket. Dei er svært aktive og har delteke både på kurs om ernæring og i markeringa av Verdens tobakksfrie dag.

Tannhelse for eldre og samhandling mellom tannhelsetenesta og kommunehelsetenesta / pleie- og omsorgstenesta var tema på leiarnettverk for helse- og omsorgsleiarar i november.

Det har vore møte mellom Fylkestannlegen og Fylkesmannen med gjensidige orienteringar og drøfting av aktuelle problemstillingar.

Resultatområde 85 Spesialisthelsetjenesten

85.1 Abortloven

Abortnemndene er ajourført.

85.2 Sterilisering

Ingen saker i 2009.

85.3 Lov om transplantasjon

Ingen saker i 2009.

85.4 Tillatelse til å rekvirere sentralstimulerende legemidler

Tillatelser til å rekvirere sentralstimulerende legemidler. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMSF	110	5
Sum	110	

85.5 Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep

Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMSF	0	
Sum	0	

85.6 Godkjenning av private sykehus, privat medisinsk laboratorie- og røntgenvirksomhet*

85.7 Funksjonsprogram for nye offentlige sykehusbygg

Ingen saker.

Resultatområde 86 Omsorgstjenester

86.1 Omsorgsplan 2015

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har oppretta ei eiga gruppe som har ansvar for og arbeider med tiltaka under Omsorgsplan 2015. Gruppa er samansett av tre tilsette med helsefagleg og sosialfagleg kompetanse. Gruppa har også gjort avtale med rådgjevar ved utdanningavdelinga og økonomirådgjevar om å verte innkalla til møte i arbeidsgruppa ved behov. Gruppa samarbeider også med andre tilsette ved helse-, sosial- og justisavdelinga om fleire av tiltaka under Omsorgsplan 2015. Vi samarbeider med andre avdelingar ved behov. Gruppa vert leia av fylkessjukepleiar som kallar inn til møte etter møteplan og ved behov. Vi har utarbeidd ein eigen aktivitetsplan for arbeidet i gruppa der ulike tiltak er planlagt og oppgåver fordelt.

Fylkesmannen har oppretta ei såkalla koordineringsgruppe for Omsorgsplan 2015 –Kompetanseløftet 2015 som til no har hatt eit møte i året. Ulike aktørar som har ansvar for og arbeider med rekruttering og kompetanseheving av helse- og sosialpersonell i kommunane i fylket vert innkalla til desse møta. Føremålet med gruppa er å formidle statlege signal og føringar, informasjon- og erfaringsutveksling, samhandling og gjennomføring av tiltak i Kompetanseløftet 2015.

Vi møter i styringsgruppa for undervisningssjukeheimen i fylket. Til no har det for det meste vore fylkeslegen som har delteke på møte i denne styringsgruppa. Fylkesmannen deltek også i styringsgruppa for Aksjon helsefagarbeidar. Vi samarbeider med Husbanken, Fylkesmannen i Hordland og Fylkesmannen i Rogaland om investeringstilskotet og har regelmessige møter med desse

Fylkesmannen har arrangert nettverksamling for leiarar og tilsette i kommunane si pleie- og omsorgsteneste to gonger i 2009. Fylkesmannen si gruppe med ansvar for Omsorgsplan 2015 har medansvar for programmet til desse nettverksamlingane. Vi fokuserer mellom anna på dei ulike tiltaka i Omsorgsplan 2015. "Aktiv omsorg" har vore tema på ei av samlingane dette året. Demensomsorg, korleis utforme og leggje til rette for gode butilbod for menneske med demens og kognitiv svikt samt framtidas alderdom og ny teknologi har også vore tema på samlingane. Vi har informert om "Håndbok om helse og sosialtjenesten i kommunen" både på nettverksamling og på Fylkesmannen sine nettsider.

På samlingane vert det i stor grad lagt vekt på erfaringsutveksling og erfaringsoverføring mellom kommunane, undervisningssjukeheimen, høgskulen, Helse Førde og Fylkesmannen. Koordinator for Undervisningssjukeheimen har ved fleire høve hatt innlegg om undervisningssjukeheimen sine satsingsområde, arbeid og erfaringar og om kva dei kan bidra med til kommunane på nettverksamlingane.

I 2009 har Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gjennomført dialogmøte med kommunane om Omsorgsplan 2015. Føremålet med møta var å få ein dialog med kommunane om deira arbeid og erfaringar med satsinga og kva utfordringar dei har framover. For Fylkesmannen var det viktig å få fram staten sine forventningar til kommunane knytta til arbeidet med gjennomføringa av Omsorgsplan 2015. Møta var også tenkt som ein arena for erfaringsutveksling mellom kommunane.

Vi delte dei 26 kommunane i fylket i 5 grupper og held møta i Lærdal, Leikanger, Nordfjordeid, Førde og Hyllestad. Det var kun to kommunar som av ulike grunnar ikkje kunne møte. Både tenesteleiarar, fleire rådmenn og tilsette i rådmanen sin stab deltok på møta.

Kommunane i Sogn og Fjordane er komne ulikt i planlegginga og gjennomføringa av tiltaka i Omsorgsplan 2015. Dei har ulike føresetnader i høve til planarbeid, måloppnåing og til å vere budde på utfordringane som vil

komme om 10-20 år. Vårt inntrykk er at kommunane har fokus på Omsorgsplan 2015, og det skjer ein del spennande arbeid i fylket vårt på omsorgsfeltet. Vi sit også att med eit inntrykk av at det vert samarbeidd ein del på tvers av kommunegrensene (opplæring IPLOS, demente).

Nokre av tilbakemeldingane vi fekk om kommunale utfordringar er at *gapet mellom staten sine forventningar og kommunane si evne til gjennomføring aukar*. Dette skuldast økonomi men også evne til å rekruttere personell. Mange er spente på kva konsekvens Samhandlingsreforma vil få for den enkelte kommune. Kommunane er også opptekne av at den nye Samhandlingsreforma vil utfordre dei ytterlegare når det gjeld samarbeid og samhandling på tvers av kommunegrensene.

Stadig fleire kommunar endrar på organisering av omsorgstenestene ved at det vert satsa meir på omsorgsbustader og heimetenester medan sjukeheimstilbodet blir redusert. Det er også ein tendens til sentralisering av tenestetilbodet. Vårt inntrykk er at særleg økonomiske forhold ligger til grunn for desse endringane. Det er vanskeleg for mange kommunar å yte, spesielt heildøgerstenester, til innbyggjarar som bur i spreiddbygde område.

Nokre kommunar prøver å samle demente på ein plass og fleire kommunar vel å plassere demente i omsorgsbustader. Bruk av kap. 4a i lov om pasientrettar vart problematisert i høve til demente som bur i omsorgsbustader. Når det gjeld dagtilbod og aktivitetstilbod, særleg til demente, er det store variasjonar mellom kommunane og mange ser på det som ei stor utfordring å få til eit tilfredstillande tilbod til denne gruppa. Kommunane rapporterer om auke i talet på unge brukarar som krev mykje ressurser. Innafor trange økonomiske rammer kan dette gå på bekostning av tilbodet til andre brukarar.

Det knyter seg framleis usikkerheit til KOSTRA-rapporteringa. Definisjonen i KOSTRA er uklar når det gjeld kva som skal rapporterast som bustader med heildøgers tenestetilbod. Kommunane har ulik tolking og manglar felles forståing av kva dette inneber. Når kommunane legg ulike tolkingar til grunn vert rapporteringa ulik. Resultat og dekningsgrader vert dermed usikker i høve til måloppnåing.

Kommunane i Sogn og Fjordane har låg legenormering i sjukeheimane. Kommunane gjev tilbakemelding om at dei opplever at det er vanskeleg å få legene til å interessere seg for sjukeheimsarbeid.

Det er framleis planlagt vekst i tal årsverk for 2009, men kommunane sine rapporterte plantal er lågare for 2010. Sjølv om KOSTRA-tala samla for fylket syner vekst seier kommunane at dette ikkje nødvendigvis betyr auke i tal nye årsverk, men heller ei følgje av auka stillingsstorleikar. Veksten er særleg ut mot yngre funksjonshemma. Ein del kommunar har framleis nedskjeringar i talet på årsverk. Det store spørsmålet er om det vil verte tilstrekkeleg vekst i tal årsverk framover til å dekke behovet i kommunane og nå målet til styresmaktene.

Det er vanskeleg å rekruttere helsepersonell. Kystkommunane har problem med å rekruttere personell som er høgskuleutdanna, spesielt sjukepleiarar. Dette er ikkje så tydeleg i indre strøk av fylket. Vi fekk høyre om døme på kommunar som medvite legg opp til utføring av meir avanserte sjukepleieoppgaver i tenestene og at dette har verka positvt for rekrutteringa. Det har også ført til færre innleggingar i sjukehus. Nokre kommunar rapporterer om at innføring av alternativ turnus har vist seg å betre rekrutteringa og har også ført til lågare sjukefråvær.

Dei fleste kommunane i fylket vårt har tilbod om læreplassar for helsefagarbeidarar. Dessverre er tilbakemeldinga no at mange av desse plassane står tomme og utan søkjarar. Det er ei utfordring for mange kommunar å få tilsett lærlingar i helsearbeidarfaget.

Ettersom fleire tilsette utan fagutdanning har teke imot tilbod om utdanning har det vist seg at det er blitt vanskeleg å rekruttere personell til å utføre til dømes reinhald og heimehjelpestestenester. Mange av dei som har teke utdanning, vil ikkje lenger utføre desse oppgåvene. Mange kommuner har høg andel tilsette med høg alder. Dette medfører at i tillegg til å rekruttere til nyopprettet stillingar får kommunane ei ekstra utfordring med rekruttering til stillingar som vert ledige som følgje av naturleg avgang.

Samanlikna med landet elles har få kommunar i fylket vårt søkt om investeringstilskot til nye sjukeheimspllassar og omsorgsbustader. Dette skuldast den økonomiske situasjonen kommunane er i. Nokre kommunar gjev også uttrykk for at ein kan ikkje investere i bygningsmasse når ein ikkje har økonomi til å drifta. Ein del kommunar si evne og ressursar til planlegging er også mangfull. Kommunene gjev tilbakemelding om at dei treng lengre tid til planlegging og at tilskota må vere tilgjengelege når kommunane er klare for å gjere seg nytte av dei.

Oppsummering frå dialogmøta vart lagt fram på nettverksamlinga vår for leiarane i helse- og omsorgstenestene i kommunane hausten 2009.

86.2 Demensplan 2015

Demensplan 2015 har vore tema på Fylkesmannen sine nettverksamlingar. Det var også tema på våre dialogmøte med kommunane. Rettleiar for utgreiing og diagnostisering av demens har vore presentert på nettverksamlingar og lagt ut på Fylkesmannen sine nettsider.

Mange kommunar har fokus på Demensplan 2015. Prosjekt med dagtilbod og aktivitetstilbod for demente er på gang i fleire kommunar. Likeeins opplæring av pårørande/pårørandeskular. Fleire kommunar har tiltak med "Inn på tunet" for demente.

Kommunane våre er små og ofte med få tilsette med nødvendig fagkompetanse. Det kan ofte vere ei stor utfordring å få skrive ein søknad. Det finst likevel ein del flinke folk og eldsjeler rundt om som gjerne brukar av si eiga tid og som gjerne ønskjer å bidra til fagutvikling i tenesta. Positive tilbakemeldingar og gjerne litt økonomisk støtte kan på sikt ha stor verdi sjølv til små prosjekt.

Fleire av dei minste og mest "ressurssvake" kommunane har utfordringar når det gjeld fagutvikling og kvalitetsforbetring av tenestetilbodet. For desse vil det vere vanskeleg å setje i gang med eigne prosjekt. Deira lærings- og kvalitetsforbetring av tenestene vil vere avhengig av erfaringsoverføring, samarbeid med og utveksling av gode idear og tiltak i andre kommunar.

86.3 Kompetanseløftet 2015

Det er ei utfordring å få alle kommunar til å rapportere om resultat og planar innan tidsfristen. Dei fleste av kommunane søker om tilskotsmidlar frå Kompetanseløftet 2015. Sjølv om tilskotet ikkje er omfattande, verkar det likevel stimulerande for kommunane. Manglande søknad frå nokre kommunar er ikkje alltid einstydande med manglande behov, men heller eit uttrykk for lite ressursar og manglande kapasitet til å skrive søknader. Utfordringa er å få alle kommunar til å bruke ordninga. Slik vi ser det, er det ikkje alltid dei kommunane som treng ordninga mest som er i stand til å nyttiggjere seg av den.

Personellstatistikken syner at det framleis er vekst i talet på årsverk i fylket. Samstundes er det fleire av kommunane våre som reduserer på tal årsverk i pleie- og omsorgstenesta. Andelen utførte årsverk med fagutdanna aukar og talet på tilsette med fagutdanning aukar. Det er stor aktivitet når det gjeld utdanning av tilsette. Leiarkompetanse er framleis ei utfordring og mange kommunar manglar framleis kompetente leiarar på ulike nivå. Få kommunar i fylket deltek i "Flink med folk i første rekke". Kommunane gjev tilbakemelding om at dei rett og slett ikkje har ressursar nok til å delta på fleire område og i fleire prosjekt samstundes som dei skal ivareta den daglege aktiviteten.

Fylkesmannen har gjennomført sitt årlege møte i koordineringsgruppa for Omsorgsplan 2015 – Kompetanseløftet 2015. I denne gruppa deltek ulike aktørar som har ansvar for og arbeider med rekruttering og kompetanseheving av helse- og sosialpersonell. Dette gjeld mellom anna fylkeskommunen si opplæringsavdeling, høgskulen si avdeling for helsefag og avdeling for samfunnsfag, organisasjonane, representantar for kommunane, Aksjon helsefagarbeider, KS, Fagskulen i Sogn og Fjordane m.fl. Denne arenaen vert nytta til informere og oppdatere kvarande om stoda, om planar og vidare tiltak og til erfatingsutveksling.

Det vert sendt brev om tilskotsordninga til alle kommunane i fylket i tillegg til fylkeskommunen og høgskulen i april månad med søknadsfrist 1. juli. Dette vert også lagt ut på Fylkesmannen.no. Vi har utarbeidd elektronisk søknadskjema som vi oppfordrar søkerane til å bruke. Kommunane sine eigne postrutinar sikrar ikkje alltid at brev om tilskotmidlane kjem fram til dei rette personane/ tilsette med ansvar for tenestene i kommunen. Vi sakshandsama og fordelte desse tilskotmidlane i september/oktober.

Fylkesmannen har eit godt samarbeid med utdanningsinstitusjonane i fylket når det gjeld tilrettelegging av utdanningstilbod tilpassa behovet i Sogn og Fjordane. Vi sit i styringsgruppa for Aksjon helsefagarbeidar og har eit godt samarbeid med prosjektleiar og fylkeskommunen si opplæringsavdeling.

Deler av tilskotsmidlane knytta til Kompetanseløftet 2015 vert brukte til å finansiere prioriterte utdanningstiltak. Fylkeskommunen, høgskulen og andre som arbeider med utdanning/opplæring og rekruttering søker tilskotsmidlar på same måte som kommunane. Det nære samarbeidet med utdanningsinstitusjonane har vore positivt med tanke på å få til utdanningstilbod tilpassa behovet i våre kommunar. Vi har hatt høve til å påverke direkte gjennom bruk av tilskotmidlane. Det er svært positivt at det er mange søker til høgskulen i fylket sitt nystarta deltidstilbod i vernepleie.

86.4 Investeringstilskudd til sykehjem og omsorgsboliger

Fylkesmannen har kartlagt kommunene sine vurderte behov for nye sjukeheimspllassar og omsorgsbustader. Kommunane i Sogn og Fjordane har for perioden 2008 – 2015 meldt om eit behov på ca. 700 plassar i sjukeheim eller bustader med heildøgns pleie og omsorg. Dette gjeld både nybygg og ombygging. For sjukeheimar er det planar om ca. 80 nye plassar, medan det vert planlagt å bygge om ca. 85 plassar. Kommunane melder om planar på ca. 455 nye omsorgsbustader og ombygging av ca. 75.

Aktiviteten har så langt i planperioden vore laber. I 2008 vart det gitt investeringstilskot til 23 omsorgsbustader og for 2009 er det så langt gitt prioritering til to prosjekt på til saman 16 omsorgsbustader. Fylkesmannen har i tillegg sett 6 prosjekt på til saman 56 plassar ”på vent” til 2010 og 2011. Vi er kjend med at fleire kommunar har større prosjekt under planlegging med byggestart 2011/12. Med dei noverande rammene, kan det bli vanskeleg å få desse prosjekta finanserte samstundes.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane samarbeider med Rogaland, Hordaland og Husbanken region Vest. Det er lagt opp til to møte i året der vi drøftar saker knytt til tilskotsordninga. To representantar frå omsorgsgruppa vår har delteke på desse møta. Vurdering og prioritering av kommunane sine søknader vert fortøpande handsama i embetet si omsorgsgruppe med deretter tilbakemelding med vår tilråding til Husbanken.

Investeringstilskotet og stoda i kommunane vart teke opp som tema på dialogmøte med kommunane. Kommunane i fylket vårt treng mellom anna på grunn av lite planleggingsressursar lenger tid til planlegging. Dei har ønskje om at ordninga vert prolongert slik at tilskota kan nyttast når kommunane er klare.

Universell utforming og omsorgsteknologi har vore teke opp som tema på Fylkesmannen sine nettverksamlingar for leiatar i omsorgstenestene.

86.5 Kvalitet i helse- og omsorgstjenesten

Kommunane si normering for legetenester i sjukeheimar har vore teke opp som tema på ulike arenaer, mellom anna leiarnettverk og dialogmøte med kommunane. Resultatet av den lokale normeringsprosessen til kommunane har også vorte lagt fram for rådmennene i fylket. Helsetilsynet i Sogn og Fjordane har ut frå eit risikoomsyn fokusert på låg legenormering i samanheng med tilsyn med legemiddelbehandling av sjukeheimspasientar i fem kommunar i 2009.

Bruk av kvalitetsindikatorar/IPLOS har vore teke opp på leiarnettverk. Det har også vore teke opp i dialogmøte med kommunane i høve til kommunal planlegging. Inntrykket er at kommunane kartlegg og rapporterer, men framleis er det få kommunar som brukar IPLOS-data i kommunal planlegging. Vi etterspør også IPLOS-kartleggingar i vår sakhandsaming. Sjå også punkt 86.10

86.6 Undervisningssykehjem/ Undervisningshjemmetjenester

Fylkeslegen har delteke på møte i styringsgruppa til undervisningssjukeheimen. Vi har også bidrige i arbeidet med å velje ut kommune som skal etablere undervisningsheimetenester. Fylkesmannen har også vurdert og kome med tilråding til kommunale søknader om tilskot til prosjekt Lindrande behandling og omsorg ved livets slutt.

Undervisningssjukeheimen har ved fleire høve presentert sine satsingsområde på Fylkesmannen sine nettverksamlingar for leiatar i helse- og sosialtenesta.

Førde kommune som har undervisningssjukeheimen, har også fått undervisningsheimetenester. Kommunen har teke avgjerd om at dei vil nytte dei same strukturane i dette arbeidet som dei har for undervisningssjukeheimen. Tilsette frå heimetenestene vil verte trekte inn i arbeidsutval og avgjerdsgrouper. Utviklingskoordinator som er ansvarleg for det daglege koordineringsarbeidet med undervisningssjukeheimen vil også verte koordinator for undervisningsheimetenestene.

Fokusområde for undervisningsheimetenestene i Førde vert rehabilitering. Kommunen vil tilsetje ein person i prosjektstilling som skal arbeide med temaet.

86.7 Økt forvaltningskompetanse. Saksbehandling i helse- og omsorgstjenesten

Fylkesmannen hadde eit omfattande opplæringsopplegg mot kommunane på dette området i 2008. Vi har difor ikkje hatt eigne opplæringsopplegg i 2009 utover den rettleiinga som er gitt i samband med handsaming av enkeltsaker.

86.9 Rettssikkerhet ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personer med psykisk utviklingshemming

Vi har i samarbeid med Avdeling for vaksenhabilitering, Helse Förde, arrangert ein konferanse om tvang og makt. Målgruppa var kommunalt tilsette som arbeider med denne problemstillinga. Om lag 150 personar deltok.

Vi har gjennomført tre systemrevisjonar i tre kommunar. I to kommunar fann vi at det vart nytta tvang utan at det er skrive enkeltmeldingar om det, og det kom og fram at kunnskapen om tvangsbegrepet ikkje var god nok.

Det har vore ein auke på fire vedtak som er overprøvd av Fylkesmannen, medan tal personar vedtaka rettar seg mot har auka med ein.

Det er i året utført tre stadlege tilsyn mot 12 i 2008. Nedgangen skuldast mangel på personell, grunna at ein av våre medarbeidarar i 1. halvår var uteleigd til Høyanger kommune for å bistå ei hardt pressa sosialteneste etter konkursen ved Fundo Wheels.

86.10 IPLOS – individbasert pleie- og omsorgsstatistikk

Vi har hatt dialogmøte med alle kommunane i fylket. Blant anna deltok leiarar i pleie- og omsorgstenestene, rådmenn og andre frå leiinga. IPLOS og informasjonssikkerheit var eit av tema det var sett fokus på.

Fleire kommunar har oppretta eit samarbeid i samband med innføring, bruk og opplæring om IPLOS.

Vi har gjennomført kartlegging/spørjeundersøking om personvern og informasjonssikkerheit i helse- og sosialtenestene i kommunane. 16 av 26 kommunar svarte på underøkinga.

Personvern og informasjonssikkerheit i samband med IPLOS var tema på leiarnettverket for helse- og omsorgstenestene i fylket.

Fylkesmannen deltok på IPLOS-seminar som var gjennomført i vårt fylke i april 2009.

IPLOS blir etterspurd i samband med handsaming av klage/tilsynssaker.

Resultatområde 87 Psykisk helse

87.1 Tvungen undersøkelse

Ingen saker i 2009.

87.2 Behandling uten eget samtykke

Fylkesmannen handsama berre 13 slike saker i 2009. Dette er vesentleg mindre enn dei seinare åra, utan at vi har noko forklaring på dette.

11 av sakene vart handsama innan 2 dagar, 1 etter 3 dagar og ein etter lengre tid.

87.3 Privat forpleining i det psykiske helsevernet

Ingen saker.

87.4 Godkjenning av institusjoner som skal ha ansvar for tvungent psykisk helsevern

Ingen slike saker i 2009.

87.5 Vedtak om overføring

Ingen slike saker i 2009.

87.6 Forpleining, kontroll og tilsyn med pasienter i det psykiske helsevern

Ingen slike saker i 2009.

87.7 Videre utvikling av det psykiske helsearbeidet i kommunene

Samanstilling av rapportering frå kommunane, jf. rundskrivIS-24/2008. Tre kommunar har fått utbetalt rest av øyremerkte tilskot 2008 etter innsendt dokumentasjon. Status for psykisk helsearbeid i kommunane innhenta, jf. brev til Helsedir i juni. Psykisk helsearbeid vert sett i samanheng med folkehelsearbeid og rusfeltet gjennom felles møtepunkt og samarbeid. Samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane om vidare- og etterutdanningstilbod. Behandling av søknader og oppfølging av kommunar som har fått tilskot til vidareutdanning i psykisk helsearbeid. Arbeid og psykisk helse, samarbeid med NAV fylke, jf. artikkel i Helse- og sosialmelding 2009. Leiarnettverk: Tema om psykiske symptom hjå eldre med demens. Samarbeid med Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helsearbeid (NAPHA) om erfaringsspreiing og etablering av faglege nettverk. Kurs om psykisk helse i barneskulen i samarbeid med Voksne for barn.

87.8 Dispensasjon fra forskrift om faglig ansvarlig for vedtak i det psykiske helsevernet

Ingen slike saker i 2009.

87.9 Godkjenning av psykiatriske poliklinikker

Ingen slike saker i 2009.

87.10 Gjenomføring av tvungent psykisk helsevern for personer som ikke har bosted i riket

Ingen slike saker i 2009.

Resultatområde 88 Rusområdet

88.1 Alkoholloven

Fylkesmannen har handsama tre klager i 2009 kor kommunane sine vedtak vart stadfesta.

Gjennom året får vi ei rekke spørsmål, særleg frå kommunane, om tolking av lova.

88.2 Rusmiddelarbeid

Fylkesmannen har følgt opp Opptrappingsplan på rusfeltet ved å utføre oppgåver i denne planen. Det er lagt opp til eit nært samarbeid med arbeidet innan psykisk helse, samt å sjå dette arbeidet opp mot folkehelseperspektivet.

Det tverrfaglege samarbeid vi har lagt opp til i Rusfagleg forum ser vi som særstakt viktig i å nå flest mogleg som arbeider med rusrelaterte oppgåver.

Dei fleste kommunane har lagt ansvaret for rusarbeidet til NAV. Dette medfører at det er mange leiarar og rådgjevarar i NAV som ikkje har særleg opplæring på rusområdet. Fylkesmannen har i 2009 hatt ein gjennomgang av både av alkohollova og sosialtenestelova for leiarane i NAV.

Det er gjennomført to rusfaglege forum i 2009. Rusfagleg forum er ei samling som går over to dagar. Tema våren 09 var tidleg intervension for risikoutsette barn og unge - om å bry seg i samarbeid med Politiet. Tema hausten 09 var ulike tilnærmingar i rusbehandling. Det har vore ca 100 deltagarar på begge samlingane. Til begge samlingane vart det invitert til brei målgruppe i kommunane, Nav, spesialisthelsetenesta, rusettervernet og ulike organisasjonar. Rusfagleg forum blir arrangert i samarbeid med Kompetansesenter rus region Vest, Stiftelsen Bergensklinikken, Helse Førde og fylkeskommunen.

Det er halde to tverrfaglege møte i Ressursgruppe rus med representantar frå Helse Førde, Kompetansesenter rus Vest, fylkeskommunen og kommunerepresentant frå NAV. Det er laga ein plan for kompetanseheving og samhandling for 2009-2011.

To kommunar er med i forsøk med bruk av tillitspersonar KTP, det er Stryn og Bremanger. Begge kommunane har fått på plass tilsette i 2009.

Rusrådgjevarane i region vest har hatt felles nettverksamling i lag med Hordaland og Rogaland for prosjektkommunane i KTP. Det vil bli to slike samlingar i året.

Fylkesmannen har i lag med Kompetansesenter rus region Vest, Stiftelsen Bergensklinikken invitert til nettverksamling for åtte kommunar i fylket for å hente inn informasjon om situasjonen i kommunane, og for å få kartlagt kompetansebehovet på rusfeltet. Det har vidare vore gjennomført LAR-opplæring med fulltallig prosessgruppe med tre samlingar. Det er fem kommunar som har gått på skrivekurs i arbeid med lokal Ruspolitisk handlingsplan.

Det er 11 kommunar som er komne med i tilskotsordningen over kap. 761 post 63 i 2009.

Det er gjeve tilskot til delfinansiering av vidare-/etterutdanning rusproblematikk for fem tilsette i kommunane her i fylket.

73.1 Lov om sosiale tjenester

Ressursrapportering

Resultatområde	FMSF		Sum	
	1510 Fagdep.		1510 Fagdep.	
Resultatområde 75 og 86	49	28	49	28
Resultatområde 76 og 77	77	0	77	0
Resultatområde 81	18	2	18	2
Resultatområde 82	73	24	73	24
Resultatområde 83	36	0	36	0
Resultatområde 84 og 85	35	0	35	0
Resultatområde 87 og 88		69	0	69
Sum:	288	123	288	123

Statens Helsetilsyn

Resultatområde 81 Tilsyn og klagesaksbehandling etter sosialtjenesteloven

Fylkesmannen har gjennomført 7 av 8 tilsyn. Det tilsynet som manglar for full måloppnåing, vil bli utført som tillegg i 2010.

Det vart påvist avvik ved 4 av tilsyna.

Det vart handsama 63 klager etter sosialtenestelova i 2009 noko som er ein nedgang på 37 % frå året før.

Saker etter sosialtenestelova kap. 4A syner ein mindre auke i tal personar som det vert vedtak for.

Vi har ikkje handsama saker som "hendelsebasert tilsyn" etter sosialtenestelova.

81.1 Planlagte tilsyn

Vi viser til eiga rapportering til Statens helsetilsyn.

Fylkesmannen hadde eit resultatkrav på åtte tilsyn. Det er gjennomført sju tilsyn.

Fire av tilsyna vart utført som felles tilsyn med tenestene med kommunale sosial- og helsetenester til barn i barne- og avlastningsbustader. I tillegg planla vi fire tilsyn med kommunane sin kunnskap om og praksis på sosialtenestelova kap. 4A. Tre av tilsyna er gjennomført. Av omsyn til at sentral person i mindre kommune var sjukmeld, vart eitt tilsyn overført til 2010 og vil kome i tillegg til dei pålagde tilsyna i 2010.

81.2 Områdeovertakking

Ikkje utført oppdrag her.

81.3 Klager etter sosialtjenesteloven

Fylkesmannen mottok 64 og ferdighandsama 63 klager. Dette er ein nedgang på 37 % frå 2008. Samtlege saker var ferdige innan 3 månader nær 90 % innan 2 månader.

23 klager vart omgjort eller oppheva. Dei fleste av desse var klager på sosiale tenester etter sosialtenestelova kap. 4 kor 28 % vart omgjort og 25 % var oppheva. For klager på økonomisk sosialhjelp etter sosialtenestelova kap. 5, vart 23% omgjort eller oppheva, av desse var det ei sak som vart oppheva, resten vart omgjort.

81.4 Spesielle oppgaver etter sosialtjenesteloven kap. 4A

Personar med vedtak på sosialtenestelova kap. 4A har auka med 3 til 28 siste året. Talet stadlege tilsyn er redusert frå 12 i 2008 til 3 i 2009. Ut over det er det berre mindre endringar frå året før.

Vi viser elles til detaljert rapport til Statens helsetilsyn.

81.5 Andre oppdrag

Ikkje utført noko.

81.6 Hendelsesbasert tilsyn

Det er ikkje gjort denne type tilsyn etter sosialtenestelova.

Resultatområde 82 tilsyn og klagesaksbehandling etter helsetjenestelovgivningen

82.1 Hendelsesbasert tilsyn

82.2 Planlagt tilsyn

Vi viser til eigen rapportering til Statens helsetilsyn

82.3 Områdeovertakning

Vi har i 2009 motteke 28 § 3-3-meldingar frå spesialisthelsetenesta. Meldefrekvensen har auka betydeleg etter at helseføretaket har sett i verk tiltak for å betre meldekulturen. Svikt i samband med medikamenthandtering utgjer hovudtyngda av meldingane. Dette blir følgt opp frå vår side.

82.4 Klager etter helsetjenestelovgivningen

Vi syner til eiga rapportering til Statens helsetilsyn gjennom Regrot.

82.5 Andre oppdrag

Ingen.

Samferdselsdepartementet

Resultatområde 91 Avkjørselssaker etter vegloven

Det var ingen klagesaker om avkjørsle i 2009.

Resultatområde 92 Konsesjon til anlegg og drift av taubaner

I 2009 handsama vi 9 saker om konsesjon til anlegg og drift av taubaner.

Ressursrapportering

Resultatområde	FMSF	Sum	
	1510 Fagdep. 1510 Fagdep.		
Resultatområde 91 og 92	2	2	0
Sum:	2	2	0

Utenriksdepartementet

Resultatområde 93 Apostiller

Apostille-saker vert handsama fortløpende. Publikum kan få løyst slike saker både på Statens hus i Leikanger og ved Fylkesmannen si avdeling i Førde. I 2009 vart det utskrive 184 apostiller.

Resultatområde 94 Forberedelse av saker om honorære konsuler

Ingen saker om honorær konsul i 2009.

Ressursrapportering

Resultatområde	FMSF	Sum	
	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.	
Resultatområde 93 og 94	1	1	0
Sum:	1	0	1

Kultur- og kirkedepartementet

Resultatområde 95 Tros- og livssynssamfunn

I 2009 mottok vi søknad om statstilskot frå eitt nytt trussamfunn. Samla statstilskot til registrerte og uregistrerte trussamfunn vart fastsett til 297 123 kroner, ein auke på om lag 77 000 kroner i høve til 2008. Tilskotet til eit av trussamfunna vart utbetalt i 2010. Utbetalt statstilskot i 2009 var på 204 303 kroner. Vi har motteke to klager på fastsett statstilskot. Vi har ikkje motteke klager over kommunale vedtak.

I 2009 mottok vi ein søknad om godkjenning av forstandar. Søknaden vart ikkje imøtekomen.

Resultatområde 96 Gravferdsloven

I 2009 handsama vi 29 søknader om oskespreiing. Av desse vart 25 innvilga. Dette utgjer meir enn ei dobling av antal saker i forhold til 2008.

Resultatområde 97 Lov om helligdager og helligdagsfred

I 2009 innvilga vi ni søknader om søndagsopne butikkar.

Ressursrapportering

Resultatområde	FMSF	Sum	
	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.	
Resultatområde 95, 96 og 97	11	11	0
Sum:	11	0	11

Fornyings- og administrasjonsdepartementet

Resultatområde 98 Oppdrag på det administrative området

Sjå rapportering på kvart enkelt område.

98.1 Rekruttere og beholde medarbeidere

Embetet er IA-bedrift og har avtale om bedriftshelseteneste.

Ved rekruttering av ledige stillinger nyttar vi FAD sin "standardtekst" i stillingsannonsa. Vi har likevel få funksjonshemma søkerar og søkerar med innvandrarbakgrunn.

Embetet har i samarbeid med det lokale NAV-kontoret sett igang arbeid med å fornye den lokale IA-avtalen. Det vert lagt vekt på enklare rutinar som òg er lett tilgjengelege for både leiarar og tilsette.

Vi arbeider med å forbedre våre rutiner for oppfølging av sjukemelde. Sjukefråværsarbeidet har ikkje vist ønskt resultat. Fråværet har auka. Ut frå det vi kjenner til, er ikkje fråværet arbeidsrelatert.

Embetet har valgt å ikkje gå inn på avtale om ekstra fridagar for seniormedarbeidarar. I staden ønskjer vi å tilrettelegge for livsfasepolitikk. Vi ønskjer mellom anna å leggje til rette for større fleksibilitet når det gjeld velferdspermisjonar for til dømes småbarnsforeldre og for tilsette med omsorg for sjuke foreldre.

Tilsatte med innvandrarbakgrunn

Embete	Antall 2008	% 2008	Antall 2009	% 2009
FMSF	2	1,74	2	1,7
Sum	2	0	2	0

98.2 Kompetanseutvikling

I tillegg til dei individuelle kompetansetiltaka i avdelingane, hadde vi i 2009 følgjande fellestiltak:

- norskkurs
- kurs i intervju- og rekrutteringsteknikk
- kurs i prosjektleiing

Individuell kompetanseutvikling er eit av punkta i skjemaet for medarbeidersamtale.

Fordeling menn/kvinner i lederstillinger

Embete	Kunngjorte lederstillinger	% tilsatte kvinner	% tilsatte menn	Antall kvinnelige ledere	Antall mannlige ledere
FMSF	3	100	0	3	4

Fordeling av kompetansemidler

Embete	% kompetanse kvinner	% kompetanse menn	% under 50 år	% over 50 år
FMSF	55	45	70	30

98.3 Medvirkning

Strategisk informasjonsplan seier:

- Alle medarbeidarane skal få den informasjonen som er naudsynt for arbeid, utvikling og engasjement, slik at dei kan bidra til at vi som embete når måla våre
- Informasjon skal gå ut så tidleg som mogleg, slik at medarbeidarane også kan påverke resultatet underveis - før dei endelige avgjerdene vert tekne
- Naudsynt informasjon skal vere tilgjengeleg på intranett, og alle tilsette har eit eige ansvar for å bruke denne kanalen aktivt
- Innføring i den strategiske informasjonsplanen skal vere ein del av introduksjonen til nytilsette

Medverknad

- Vi har kvartalsvise møte med tillitsvalde, jamf. HA.
- Ellles vert tillitsvalde trekt inn i prosessar så tidleg som mogeleg for reell medverknad.
- Leiring og tillitsvalde deltok på seminar om samarbeid og medbestemmelse i regi av FAD

98.4 Likestilling og likeverd

Pr. 31.12.2009 var det 118 tilsette, 59 kvinner og 59 menn. I leiiande stillingar var det sju tilsette, tre kvinner og fire menn.

Vi hadde tre embetsprosjekt i 2009. Det var kvinnelege prosjektleiarar i alle tre prosjekta.

Lokala våre er godt tilpassa rørslehemma med heis, automatiske dørropnarar og terskelfrie kontor. Dei fleste av våre tilsette har no heve-/ senkebord.

98.5 Føringer på IKT-området

IKT-tryggleik og bruk av lisensar

Vi har rapportert status på informasjonssikkerheitsarbeid og bruk av lisensar i høve fristane.

GIS

I sakshandsaming vert webkartløysinga www.fylkesatlas.no nytta av vårt embete. Dette er ei innsynsløysing som er basert på Mapserver med Adaptive som er basert på open kjeldekode. Denne løysinga er eit samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Mange kommunar i fylket nyttar også vår regionale løysing i sakshandsaming. Internt og til meir krevjande geodata/GIS oppgåver nyttar vi ArcGIS programvare som vi har tilgang til gjennom felles lisensserver.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har i 2009 vore representert i FAD sitt fagutval for kart/GIS og Temadataforum i Norge digitalt nasjonalt.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har starta utvikling av Lakseregisteret for DN som skal innehalde ulike modular. I 2009 vart det gjennomført forprosjekt og utvikla Kategoriseringsmodul. Sjøfangstregisteret vert drifta av embete for DN som mellom anna inneholder eigakartløysing. Vi har vidare drift og utvikling for denne løysinga i 2010.

Fylkesmannen har også delteke i Plan- og temadataprosjektet gjennom Norge digitalt for Sogn og Fjordane saman med Statens kartverk. Det er gjennomført åtte kommunebesøk i 2009 og eitt SOSI-kurs for kommunane med spesiell fokus på arealplan.

98.7 Trippelnett

Ut frå rapporteringskrav sender Trippelnett eigen rapport til FAD med frist 1. mars 2010.

98.8 Sentral drift av Fri rettshjelp-ordningen

Det er rapportert til FAD/Justisdepartementet i samsvar med rapporteringskravet pr. 01.10.2009. Vi viser til denne for utfyllande informasjon om prosjektstatus og særlege utfordringar.

Dei siste ni embeta vart oppkobla mot eFaktura-editoren i løpet av januar/februar 2009. Alle embete mottek no og håndsamrar salørkrav for fri rettshjelp elektronisk.

I 2009 mottok vi 13958 salørkrav via det elektroniske systemet, og per 31.12.2009 er det registrert 931 brukarar av løysinga. 35 av desse er tilknytt fylkesmannsembeta.

Fylkesmannen har lopande brukarservice på fast supporttelefon (57655100) og e-post. Sjå elles www.retsrad.no

Resultatområde 99 Partistøtteordningen

Utbetalinga av Partistøtte 2009 er gjort tilgjengeleg på nett samtidig med utbetalingane. Sjå eigen nettstad:
<http://partistotte.fylkesmannen.no/>

I 2009 vart det utbetalt kr 107 805 212,95 til 2857 partilag. På grunn av ein programfeil vart det betalt ut feil beløp til ungdomsparti i Oslo, men dette vart oppretta i løpet av april/mai 2009. SSB fekk sine data innan 1.4.2009.

Nettside til Partistøtteordninga, sjå lenkja: <http://www.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=618> Frå 1.10.2008 overtok vi frå Fylkesmannen Hedmark funksjonen som sekretariat for Partilovnemnda. I 2009 vart heimeside for Partilovnemnda fornøya. Partilovnemnda er klageorgan for tilskotsordninga. Lenkje til Partilovnemnda: <http://www.partilovnemnda.no>

Ressursrapportering

Resultatområde	FMSF	Sum	
1510 Fagdep. 1510 Fagdep.			
Resultatområde 99	45	0	45
Sum:	0	45	45